



Forvaltningsplan for Reinheimen

med følgjande delar

Reinheimen nasjonalpark
Tafjorden – Reindalen landskapsvernområde
Trollstigen landskapsvernområde
Romsdalen landskapsvernområde
Lordalen landskapsvernområde
Finndalen landskapsvernområde
Ottadalen landskapsvernområde



Kontaktutvalet for Reinheimen
Mars 2010





Føreord

Forvaltningsplan for Reinheimen er utarbeidd i to faser:

1. I 2004 vart det gjennomført ein brei prosess i alle 6 kommunane med møte i styringsgruppe, referansegrupper og opne møte. I alt vart det halde meir enn 35 møte. Vidare var det løpande kontakt med Fylkesmannen sine medarbeidarar, som også deltok på mange av møta.
 - Forvaltningsplan for Tafjorden – Reindalen LVO og Trollstigen LVO vart utarbeidd av Norddal kommune ved eit firma "Steget" ved Susanne Ouff, og Rauma kommune ved Thomas Rødstøl.
 - Forvaltningsplan for Romsdalen LVO vart utarbeidd av Rauma kommune ved Thomas Rødstøl.
 - Forvaltningsplan for Lordalen LVO vart utarbeidd av Lesja kommune ved Rolf Sørungård.
 - Dei andre delplanane vart utarbeidd av kommunane ved Trond Stensby.
2. Etter vernevedtaket er arbeidet med forvaltningsplanen teke opp att, og planforslaget er no justert i høve til gjeldande verneføresegner. Sekretær for arbeidet har vore Trond Stensby, Vågå kommune, i samråd med saksbehandlarar i den enkelte kommune:
 - Toralv Klokkehaug og seinare Kristin Sandnes, Norddal kommune
 - Rune Horvli og seinare Brit Grønmyr, Rauma kommune
 - Bjørn Dalen, Skjåk kommune
 - Rolf Sørungård, Lesja kommune
 - Sander Sælthun, Lom kommune

og Kontaktutvalet for Reinheimen.

Planforslaget vart lagt ut til høyring 05.08.08 med høyringsfrist 1. november. Det kom inn 50 innspel til høyringa. Planen vart sluttbehandla i KUR i to trinn: Trinn 1 i møte 30.01.09 der høyringsinnspel av politisk karakter vart drøfta og trinn 2 i møte 19.03.09 der alle innspela var innarbeidd i planen, vart sluttbehandla. Saksbehandlar for sluttbehandlinga i KUR var Berit Fiksdahl, sekretær for KUR.

Direktoratet for naturforvaltning v/ Marte Eliasson, Tore Bjørkøyli og Marie Lier har kome med vesentlege innspel og rettingar undervegs i prosessen. Lokalt SNO v/ Per Olav Haugen og Thomas Rødstøl har delteke på møte i planprosessen.

<i>Lesja / 1. mars 2010</i>
<i>Per Dag Hole</i>
<i>leiar KUR</i>
<i>sign.</i>

Foto forside: *Morten Kielland.*





Innhald

1 Innleiing	5
1.1 Vern av Reinheimen.....	5
1.2 Areal og kommunar.....	6
1.3 Om naturvernet og forvaltningsplan	6
2 Omtale av området	12
2.1 Stort (samanhengande), eigenarta og villmarksprega område	12
2.2 Høgfjellsøkosystem og biologisk mangfald	13
2.3 Andre verna eller nasjonalt viktige område	13
2.4 Landskap og geologi.....	14
2.5 Klima	15
2.6 Vegetasjon	16
2.7 Dyreliv	18
2.8 Kulturminne og kulturmiljø.....	25
2.9 Ålmenta si tilgang til friluftsliv	27
3 Bruk av området i dag	28
3.1 Landbruk.....	28
3.2 Vilt- og fiskeforvaltning	28
3.3 Motorferdsel	29
3.4 Friluftsliv	29
3.5 Reiseliv	31
3.6 Forureining og avfall.....	32
3.7 Vitskapelege undersøkingar og undervisning	33
4 Reinheimen nasjonalpark	34
4.1 Om området	34
4.2 Landbruk.....	34
4.3 Bygningar mm.....	36
4.4 Friluftsliv	39
4.5 Reiseliv	43
4.6 Jakt- og fiske	45
4.7 Motorferdsel	46
4.8 Kulturminne	49
4.9 Biologisk mangfald/verdifulle naturtypar.....	50
4.10 Forureining	51
4.11 Vitskapelege undersøkingar og undervisningar	52
5 Tafjorden - Reindalen landskapsvernområde	53
5.1 Om området	53
5.2 Jordbruk, sætring og skogbruk.....	53
5.3 Bygningar mm.....	55
5.4 Friluftsliv	58
5.5 Reiseliv	61
5.6 Jakt og fiske	62
5.7 Motorferdsel	62
5.8 Vegar og køyrespor.....	65
5.9 Kulturminne	66
5.10 Biologisk mangfald/verdifullt landskap	66
6 Trollstigen landskapsvernområde	68

6.1 Om området	68
6.2 Jordbruk, sætring og skogbruk.....	68
6.3 Bygningar mm.....	70
6.4 Friluftsliv	73
6.5 Reiseliv	75
6.6 Jakt og fiske	76
6.7 Motorferdsel	77
6.8 Vegar, køyrespor og masseuttak	79
6.9 Kraftverk (mikro-/små-)	81
6.10 Kulturminne	82
6.11 Biologisk mangfald/verdifulle naturtypar.....	82
7 Romsdalen landskapsvernområde	84
7.1 Om området	84
7.2 Jordbruk, sætring og skogbruk.....	84
7.3 Bygningar mm.....	87
7.4 Friluftsliv.....	91
7.5 Reiseliv	93
7.6 Jakt og fiske	94
7.7 Motorferdsel	95
7.8 Vegar, køyrespor og masseuttak	99
7.9 Kraftanlegg.....	102
7.10 Kulturminne	102
7.11 Biologisk mangfald/verdifulle naturtypar.....	103
8 Lordalen landskapsvernområde	105
8.1 Om området	105
8.2 Dyrka areal, sætervollar og skogbruk.....	105
8.3 Bygningar mm.....	108
8.4 Friluftsliv	111
8.5 Reiseliv	113
8.6 Jakt- og fiske	115
8.7 Motorferdsel	116
8.8 Vegar, køyrespor og masseuttak	119
8.9 Kulturminne	120
8.10 Biologisk mangfald/verdifulle naturtypar.....	120
9 Finndalen landskapsvernområde.....	122
9.1 Om området	122
9.2 Dyrka areal, sætervollar og skogbruk.....	122
9.3 Bygningar mm.....	125
9.4 Kraftanlegg.....	128
9.5 Friluftsliv	128
9.6 Reiseliv	130
9.7 Jakt- og fiske	132
9.8 Motorferdsel	132
9.9 Vegar, køyrespor og masseuttak	135
9.10 Kulturminne	136
9.11 Biologisk mangfald/verdifulle naturtypar.....	137
9.12 Om forholdet til reguleringsplanar etter plan- og bygningslova	137
10 Ottadalen landskapsvernområde	139
10.1 Om området	139
10.2 Beite.....	139

10.3 Vatningsanlegg i fjellet	140
10.4 Bygningar mm.	142
10.5 Kraftanlegg	145
10.6 Friluftsliv	145
10.7 Reiseliv	147
10.8 Jakt- og fiske	148
10.9 Motorferdsel	149
10.10 Kulturminne	151
10.11 Biologisk mangfold/verdifulle naturtyper	151
10.12 Om forholdet til reguleringsplanar etter plan- og bygningslova	152
11 Forvaltning, oppsyn og informasjon	153
11.1 Forvaltning	153
11.2 Saksbehandlingsrutiner	155
11.3 Bevaringsmål	156
11.4 Planar, skjøtsel og tilrettelegging	157
11.5 Oppsyn	158
11.6 Informasjon	160
12 Liste over tabellar	163



Fangst og jakt etter villrein – gammel og ny tid. Foto: Mathias Øvsteng



1 Innleiing

1.1 Vern av Reinheimen

Ved kgl.res. 24. november 2006 med heimel i lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 3, jf. § 4; § 5 og § 6 jf § 21, § 22 og § 23. fremma av Miljøverndepartementet, endra 9. januar 2007 nr. 65, vart det fastsett vern av

- **Reinheimen nasjonalpark**
- med tilhøyrande verneområde:
- **Tafjorden og Reindalen landskapsvernområde**
 - **Trollstigen landskapsvernområde**
 - **Romsdalen landskapsvernområde**
 - **Lordalen landskapsvernområde.**
 - **Finndalen landskapsvernområde med Brettingsmoen naturreservat**
 - **Ottadalen landskapsvernområde**

Samfunnsforhold og naturgrunnlag i dei enkelte verneområda er gjort greie for i sjølve verneforslaget og konsekvensutgreiinga (Jf plan- og bygningslova kap. VII-a). Konsekvensutgreiinga består av følgjande dokument:

- Naturmiljø, friluftsliv og hytter og buer i fjellet. *Miljøfaglig utredning AS, 01.11.03*
- Motorferdsel i utmark, drift og vedlikehald m.v. av vegar, drift og vedlikehald av kraftverk, Forsvaret sin øvingsaktivitet. *Miljøfaglig utredning AS, 15.07.03*
- Landbruk. *Jordforsk, rapport nr . 39/02, 12.12.02.*
- Kulturminne. Møre og Romsdal fylkeskommune. *Oppland fylkeskommune, desember 2003.*
- Reiseliv og miljøbasert reiselivsutvikling. *Østlandsforskning.28.01.01*
- Lokal forvaltning og identitet. *Østlandsforskning, 10.06.2001.*
- Forvaltning av Reinheimen og lokal kulturell identitet i Nord-Gudbrandsdalen. *Sæbjørn Forberg, 20.08.01.*

Det blir og vist til

- Botaniske tilleggsundersøkelser i Reinheimen, Oppland fylke. *Miljøfaglig utredning 2001:12.*
- *Sammendrag av ornitologisk registreringsarbeid innenfor Oppland fylke.* Norsk ornitologisk foreining, Jon Opheim 2001.

Det er utarbeidd brukarrapport for verneområda i kvar kommune. Her finn ein oversikt over ulike brukarinteresser:

Lesja kommune 1998. *Brukerinteresser i Reinheimen, oversikt over brukarinteresser i Lesja kommune.*

Lom kommune 1998. *Brukarrapport Reinheimen, oversikt over brukarinteressene i Lom kommune.*

Rauma kommune, næringsetaten 1998. *Reinheimen nasjonalpark med tilgrensede landskapsvernområder Brukerrapport for Rauma kommune.*

Skjåk kommune 1998. *Brukarrapport "Reinheimen"*

Vågå kommune 1999. *Brukarrapport for Reinheimen i Vågå kommune.*

Norddal kommune 1999. *Brukarrapport Reinheimen, Norddal kommune.*



Dette dokumentet er utarbeidd av Kontaktutvalet for Reinheimen. Forvaltningsplanen er godkjend av Direktoratet for naturforvaltning.

1.2 Areal og kommunar

I tabell 1 er det gjeve ein oversikt over arealfordelinga mellom kommunane for dei ulike verneområda og Reinheimen samla sett.

Tabell 1. Arealfordelinga (km² og %) mellom kommunane og verneområda (jf kart nr 1):

Verneområde/Kommune	Norddal	Rauma	Lesja	Skjåk	Lom	Vågå	Sum	Privat areal (km ² /(%))
Reinheimen NP	231,31	375,42	735,32	420,62	178,43	27,64	1968,74	979,00 (49,7)
Tafjorden – Reindalen LVO	73,87	0	0	0	0	0	73,87	73,26 (99,3)
Trollstigen LVO	84,77	60,74	0	0	0	0	145,51	82,08 (56,4)
Romsdalen LVO	3,24	132,62	0	0	0	0	135,86	117,12 (86,2)
Lordalen LVO	0	0	21,39	0	0	0	21,39	0
Finndalen LVO	0	0	0	0	31,59	2,89	34,48	0
Brettingsmoen naturreservat	0	0	0	0	5,75	0	5,75	0
Ottadalen LVO	5,64	0	0	126,6	70,11	26,71	229,06	160,53 (70,1)
Sum	398,83	568,78	756,71	547,22	285,88	57,24	2614,66	
% av verneområda	15,3	21,8	28,9	20,9	10,9	2,2	100	
Privat areal (km²/(%))	200,76 (50,3)	401,61 (70,6)	211,37 (27,9)	547,22 (100)	23,27 (8,3)	27,70 (48,3)	-	1411,93 (54)

1.3 Om naturvernet og forvaltningsplan

1.3.1 Former for vern etter naturmangfaldlova

Vern som nasjonalpark inneber eit relativt strengt områdevern. Forbod mot tekniske inngrep står sentralt og skal handhevast særst strengt ved eventuelle søknader om dispensasjon, jf naturmangfaldlova § 48. Motorferdsel skal haldast på eit minimum. Sikring av område for friluftsliv og naturoppleving er eit viktig delmotiv for oppretting av store verneområde. Tradisjonell landbruksdrift vil som hovudregel kunne gå føre seg som før.

Nasjonalparker.

”§ 35. Som nasjonalpark kan vernes større naturområder som inneholder særegne eller representative økosystemer eller landskap og som er uten tyngre naturinngrep.

I nasjonalparker skal ingen varig påvirkning av naturmiljø eller kulturminner finne sted, med mindre slik påvirkning er en forutsetning for å ivareta verneformålet. Forskriften skal verne landskapet med planter, dyr, geologiske forekomster og kulturminner mot utbygging, anlegg, forurensning og annen aktivitet som kan skade formålet med vernet, og sikre en uforstyrret opplevelse av naturen. Ferdsel til fots i samsvar med frilufslovens regler er tillatt. Slik ferdsel kan bare begrenses eller forbys i avgrensede områder i en nasjonalpark, og bare dersom det er nødvendig for å bevare planter eller dyr, kulturminner eller geologiske forekomster.

Utkast til forvaltningsplan skal legges frem samtidig med vernevedtaket. Der det også er aktuelt med skjøtselsplan, skal den inngå i forvaltningsplanen.”

Landskapsvernområde.

”§ 36. Som landskapsvernområde kan vernes natur- eller kulturlandskap av økologisk, kulturell eller opplevelsesmessig verdi, eller som er identitetsskapende. Til landskapet regnes også kulturminner som bidrar til landskapets egenart.

I et landskapsvernområde må det ikke settes i verk tiltak som kan endre det vernede landskapets særpreg eller karakter vesentlig. Pågående virksomhet kan fortsette og utvikles innenfor rammen av første punktum. Nye tiltak skal tilpasses landskapet. Det skal legges vekt på den samlede virkning av tiltakene i området. I forskriften kan det gis bestemmelser om hva som kan endre landskapets særpreg eller karakter vesentlig, om krav til landskapsmessig tilpassing, og om ferdsel som ikke skjer til fots.

For de deler av landskapsvernområdet der bruk er en vesentlig forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det senest samtidig med vedtak om vern etter første ledd legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdetets skjøtsel.

Utkast til forvaltningsplan skal legges frem samtidig med vernevedtaket. Der det også er aktuelt med skjøtselsplan, skal den inngå i forvaltningsplanen.”

Reguleringsplanar som er vedtatt etter 01.07.09 må vike for naturmangfaldlova.

Reinheimen er verna med heimel i naturvernlova av 1970, som no erstatta av Naturmangfaldlova av 2009. Nasjonalpark og landskapsvernområde var definert i §§ 3 og 5 i den gamle lova, og i §§ 35 og 36 i den nye lova.

1.3.2 Verneforskriftene

Eit verneområde etter Naturmangfaldlova/Naturvernlova blir oppretta ved at det ved kongeleg resolusjon blir vedteke grenser og verneforskrift for eit avgrensa område.

Verneforskriftene er bygt opp etter ein standard mal, men med lokale tilpassingar. I forskriftene er det i tillegg til avgrensing av det geografiske området, gjeve eit verneformål. I forvaltninga av verneområda skal bruken underordnast verneformålet slik at verneverdiane i områda ikkje blir forringa eller går tapt.

Vidare er verneforskrifta delt inn i kapittel om

- Landskap
- Planteliv
- Dyreliv
- Ferdsel
- Motorferdsel.

I tillegg er det generelle kapittel om forureining, forvaltning, skjøtsel, oppsyn og dispensasjon.

I prinsippet er all bruk av området bandlagt av vernet, men forskriftene gjev unnatak for

- bruk som er direkte heimla i føresegnene
- bruk som forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til etter søknad

I verneområde gjeld ulike lovverk ved sidan av kvarandre. Verneforskriftene etter naturvernlova er overordna anna lovverk. Tiltak som er heimla i t.d. plan- og bygningslova, fjellova, allmenningslova, friluftsløva, viltlova, lakse- og innlandsfiskeløva, friluftsløva m.fl. må i tillegg vere heimla i verneforskrifta eller vedtak fatta med heimel i verneforskrifta.

Spesielt for landskapsvernområde gjeld at reguleringsplan godkjent etter plan- og bygningslova § 27-2 gjeld framfor verneforskrifta, men reguleringsplanar som er vedtatt etter 01.07.09 må vike for naturmangfaldlova.

1.3.3 Forvaltningsplan

Etter verneforskriftene for dei ulike verneområda skal det utarbeidast ein *"forvaltningsplan med nærare retningsliner for oppsyn, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.v."*. Forvaltningsplanen blir godkjend av Direktoratet for naturforvaltning.

Forvaltningsplanen skal presisere og utdjupe verneforskriftene. Forvaltningsplanen skal også ta omsyn til krav om likebehandling i saker av lik karakter.

Direktoratet for naturforvaltning har utarbeidd Handbok nr 17 Områdevern og forvaltning (Direktoratet for naturforvaltning 2001, revidert 2008). Her står det m.a.: *"En forvaltningsplan skal utarbeides innenfor rammen av de restriksjoner som er trukket opp i verneforskriften. Det kan ikke utformes bestemmelser som ikke er hjemlet i vernebestemmelsene."* Vidare er det sagt: *"Forvaltningsplanen skal sikre forvaltningsmyndigheten en samlet oversikt over alle aktuelle tiltak innenfor et verneområde. Gjennom en forvaltningsplan kan vi forhindre "tilfeldige" enkeltavgjørelser og "bit-for-bit" forvaltning som reduserer eller ødelegger verneverdiene."*

Handboka tek også opp kva ein forvaltningsplan normalt skal innehalde:

- utdjupeing av verneformålet og enkeltføresegner i verneforskrifta
- dokumentasjon av natur-, kulturtilstand og brukarinteresser.

- plan for bruk av området med rammer for ivaretaking og avveging av verksemd og tiltak innan landbruk, friluftsliv, undervisning, informasjon, forskning m.m.
- plan for overvaking av naturtilstand
- plan for skjøtsel
- plan for naturoppsyn

Forskriftene nemner særskild fleire tema som skal ha ei avklaring i forvaltningsplanen:

- Oppsetting av skilt og merking av nye stigar
- Vedlikehald av merka stigar, løyper, bruer og skilt
- Uttak av lausmassar til ulike formål evt. avgrensa til vegvedlikehald
- Oppstilling/parkering av campingvogner/bubilar
- Ombygging – tilbygg til noverande bygningar
- Hogst og skogskjøtsel

Særskild for Reinheimen nasjonalpark er det nemnd

- Referanseområde som ikkje skal kalkast
- Regulering av anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet
- Sykling, organisert køyring med hundspann, organisert bruk av hest

Forvaltningsplanen gjeld berre innafor grensene for verneområda. For forhold som verneforskriftene seier skal avklarast i forvaltningsplanen, vil forvaltningsplanen vere rettsleg bindande. Forvaltningsplanen kan elles ta opp alle forhold som er berørt av vernet, men er då ikkje rettsleg bindande. Forvaltningsplanen kan ikkje gje føringar som er i strid med eller er strengare enn verneforskriftene.

1.3.4 Strategiar for forvaltning

Forvaltninga av Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde skal ha eit langsiktig perspektiv og skal byggje på "føre var"- prinsippet. Det vil seie

- At det ikkje skal gjerast tiltak som har eller kan ha negative, ubotelege verknader for verneverdiane
- At konsekvensane av alle uopprettelege tiltak skal klarleggjast
- Det skal og vurderast om eit vedtak kan gje presedens for liknande saker og kva konsekvensar det i så fall kan få

Forvaltninga vil arbeide for betre kunnskap om verneverdiane, særleg gjeld dette villrein, biologisk mangfald og kulturminne. I tilfelle der verneforskrifta føreset utøving av skjønn når ein skal avvege bruk og vern, skal alle vedtak byggjast på reelle, faglege vurderingar. Vedtak skal vere begrunna og vise til heimel i verneforskriftene eller forvaltningsplanen. Forvaltninga skal skje etter ein hovudregel om at brukarinteressene skal tilpassast verneformålet. For å unngå konflikhtar mellom bruk og vern skal forvaltninga ha ein god dialog med brukarane og arbeide for å finne løysingar som alle kan vere samde om.

Lovlege aktivitetar fylgjer av verneføresegnene og forvaltningsplanen. Reglane tillet stort sett framhald av tidlegare bruk av området og er eit resultat av val som er gjort ut frå aktuell kunnskap om bruken, om verneverdiane og om kva konsekvensar

bruken har for verneverdiane. Seinare kan ny kunnskap kome til og gje grunnlag for andre vurderingar.

Ein del aktuelle og moglege aktivitetar og tiltak i verneområda synest relativt små og ubetydelege kvar for seg, men kan i sum kome i konflikt med verneformålet.

Forvaltninga skal elles prøve å redusere konflikhtar med verneformålet ved å prioritere naturvenlege bruksformer framfor mindre naturvenlege bruksformer. Aktivitetar som med om lag same utbytte kan skje utafor verneområda, skal kanalisert dit.

Som det går fram av verneføresegnene, er nokre bruksformer tillate i medhald av føresegnene medan andre krev løyve. Søknad om løyve må ha den dokumentasjonen som forvaltninga finn nødvendig, og det kan settast nærare vilkår som sikrar at tiltaket best mogleg kan sameinast med verneformålet. Søkjar skal gjerast merk-sam på at brot på vilkåra skal føre til at løyvet blir trekt attende og/eller at det blir pålagt retting. Forvaltninga kan leggje vekt på slike brot ved behandling av seinare søknader. Det blir elles vist til det som er sagt om løyvekravet til dei ulike bruks-formene omtalt nedafor.

Det blir vist til Forvaltningshandboka kap 3.6.2.2 om bygningar:

"I flere landskapsvernområder står det i dag bygningar med tilknytning til tidligere drift, f.eks. seterhus, høyløer, jakt- og tilsynsbuer. I de fleste forskriftene og forskriftsmalen for landskapsvernområder er det tatt høyde for at det kan være nødvendig å utvide eller fornye eksisterende bygningsmasse."

I DN-handbok nr 17 les ein m.a. dette om landskapsvernområde:

"...områder som er vernet for å ta vare på verdifulle kulturlandskap vil eksisterende bruk av området både være tillatt og ønskelig, fordi bruk, vedlikehold og skjøtsel vil være nødvendig for å opprettholde verneverdiene."

I forvaltningshandbok nr 17 heiter det vidare:

"Veger

I utgangspunktet kan restriksjonsnivået være det samme i landskapsvernområder som i nasjonalparker når det gjelder uttak bygging og vedlikehold av veger. Det vises derfor til kap. 3.6.1.1 om nye inngrep og veger i nasjonalparker for nærmere utdyping. Det vises også til kap. 3.6.2.2 under for nærmere utdyping på dette punktet i forhold til jordbruk og skogbruk landskapsvernområder."

I 3.6.1.1 heiter det:

"Nye inngrep

Det er forbudt å etablere veger og andre varige inngrep som masseuttak, sandtak, tårn og master i nasjonalparker."

I 3.6.2.2 er det generelt sagt følgjande:

"Ved opprettelse av et landskapsvernområde vil eksisterende jord- og skogbruk i all hovedsak kunne fortsette som før uavhengig av om verneformålet er knyttet til ivaretagelse av kulturlandskap eller kulturbetinget biologisk mangfold."

Og i 3.6.2.2 om skogbruk:

”For skogbruket vil det i et landskapsvernområde kunne være restriksjoner på ulike hogstformer, transport på barmark og vegbygging. Bestemmelsene for skogsdrift varierer bl.a. ut fra terrengets og landskapets sårbarhet. Eventuell skogsdrift skal skje i medhold av plan som er godkjent av forvaltningsmyndigheten.”

Direktoratet for naturforvaltning har utarbeidd eit nytt rundskriv (utsendt av DN i brev dagsett 23.11.09) for forvaltninga av verneforskriftene, som gjev føringar for korleis vernereglane skal praktiserast og tolkast. Av rundskrivet går det fram at § 4 i verneforskriftene om dispensasjon no blir erstatta av naturmangfaldlova § 48 som heimel for å gje dispensasjon frå vernereglane.



Villreinjeger ved Friisbua ved Torsvatnet. Foto: Per Jordhøy



2 Omtale av området

Verneplanen for Reinheimen (Fylkesmannen i Oppland/Møre og Romsdal fylke 2004) har ei meir fullstendig framstilling av verdiane i området.

Verneformåla for dei enkelte verneområda er samansett og knytt til naturforholda i det enkelte verneområde. Verneformålet for nasjonalparken er knytt til både landskap, kulturminne, friluftsliv og biologisk mangfald, medan verneformålet for landskapsvernområda hovudsakleg er knytt til sjølve landskapet. Landskapet kan likevel tolkast i samanheng med biologisk mangfald. Ottadalen landskapsvernområde er særleg viktig for villreinen. Dei andre landskapsvernområda har verdifulle kulturlandskap med høgt artsmangfald m.a. knytt til gammal beite- og slåttemark.

Hovudmålet med vernet er å ta vare på villreinen sine leveområde. Villreinen er derfor eit av hovudverneformåla i alle verneområda i Reinheimenområdet.

2.1 Stort (samanhengande), eigenarta og villmarksprega område

Reinheimen nasjonalpark er del av eit høg fjellsområde på rundt rekna 4000 km². Området strekkjer seg frå fjordområda i Møre og Romsdal i vest til Gudbrandsdalen i nord og aust og Ottadalen i sør. Fordi naturområda blir stadig meir oppstykkja er storleiken på området ein verdi i seg sjølv.

Eigenart er knytt til den samla verknaden av landskapet og korleis dette skil seg ut frå andre landskap. I Reinheimen nasjonalpark er eigenarten knytt til:

- Villreinen
- Stort tal kulturminne
- Høg fjellsvidde og tindelandskap
- Vatn og vassdrag
- Store samanhengande areal utan større tekniske inngrep

Det er etablert ei eiga kartlegging for inngrepsfrie område i Noreg (INON) med område som ligg ein kilometer eller meir (i luftline) frå tyngre tekniske inngrep. Kvalifisert villmark er definert som område som ligg meir enn 5 km frå tekniske inngrep. Etter dette kriteriet er store delar av Reinheimen nasjonalpark å sjå på som villmark. Området er likevel høvesvis lett tilgjengeleg, då det neppe finst punkt som ikkje kan nåast i løpet av ein dagsmarsj. Den vestlege delen av verneområdet er dessutan tilrettelagt med turisthytter og merka stignett.






Fig. 1. Temakart for inngrepsfrie område i Reinheimen (INON) (FM i Oppland/Møre og Romsdal fylke 2004).

2.2 Høgfjellsøkosystem og biologisk mangfald

Noreg er det einaste landet i Europa som framleis har vesentlege villreinbestandar som lever i eit høgfjellsøkosystem. Noreg har forplikta seg til eit internasjonalt ansvar for å ta vare på villreinen som art. Staten har gjennom prosjektet Villrein og samfunn lagt opp til ei samordning av dei ulike forvaltningsregima. Ottadalsområdet som Reinheimen er ein del av, er eit av 9 nasjonale villreinområde i Noreg. I desse områda skal forvaltninga av villreinen ha eit særleg fokus.

I nasjonalparken er villreinen ein nøkkelart som utnyttar vegetasjonsdekket. Villreinen sjølv er er eit byttedyr for jerv og kongeørn, som også er åtseletarar. Gjel og bekkekløfter er verdifulle som hekkeområde for rovfugl. I nasjonalparken er det avgrensa våtmarksområde. Det er og kartlagt område med høg botanisk verdi (jf kap 2.6).

Kulturlandskapet er påverka gjennom hogst, dyrking, slått og beite. Dette gjev gode vilkår for enkelte artar og særlege vegetasjonssamfunn.

2.3 Andre verna eller nasjonalt viktige område

Det ligg fleire naturreservat i området som ikkje er omfatta av forvaltningsplanen for Reinheimen:

- *Vermedalen naturreservat*. Ligg inntil Romsdalen landskapsvernområde. Verna barskog.
- *Slettsvaet naturreservat*. Ligg inntil Romsdalen landskapsvernområde ved Foss i Romsdalen. Verna edellauvskog.
- *Muldalslia naturreservat*. Ligg inntil Tafjorden-Veltdalen landskapsvernområde. Verna edellauvskog.





- *Brettingsmoen naturreservat*. Ligg mellom Finndalen landskapsvernområde og Reinheimen nasjonalpark. Verna barskog.
- Botaniske naturminne. "Storfurua" ved Reindalssætra i Norddal kommune.
- Barskogsreservat under utredning i område øst for Føysa i Skjåk kommune og i Lordalen i Lesja kommune.

Heile Romsdalen med sidedalane Vermedalen og Brøstdalen er registrert som eit nasjonalt viktig kulturlandskap.

2.4 Landskap og geologi

Berggrunnsgeologien i området er i hovudsak prega av lyse, næringsfattige, granittiske gneisar, tilhøyrande nordvestlandets gneisområde. I aust kjem ein inn i ein yngre formasjon av omdanna sedimentar med næringsrik (kalk m.v.) fyllitt og glimmerskifer. Mot Tafjorden og i ei sone mellom Grotli og Asbjørnsdalen finn ein lokale førekomstar av olivin med karakteristisk, lys, brun forvittringsfarge.

Det gamle landskapet frå før istida dominerer i sør og aust med slake og avrunda dal- og fjellformer. Mot nord og vest får landskapet gradvis meir glasialt og yngre preg. Romsdalen dannar ein markant iserodert U-dal. Mot vest og nord blir fjella gradvis meir alpine med tindar, eggjar og botnar, til dømes Trolltindane. Romsdalen har ei spesiell utvikling ved at vasskiljet mot Gudbrandsdalen har forskyve seg frå Trolltindane før istidene, til den noverande posisjonen ved Lesjaskogsvatnet. Vermedalen og Ulvådalen er gamle sidedalar til Gudbrandsdalen.

Området har mange kvartærgeologiske landskapselement, slik som eskerar, daudisgroper, bresjøavsetningar, morenar, rasmark, skurestriper, frostopolygonar, strandliner, pass og ravinar.

Morene er den dominerande jordarten. Vi finn vide dekke av botnmorene i dei sørlege og austlege områda. Det er også ei rekkje randmorenar frå isavsmeltingstida, særleg i sidedalane og fjellområda vest for Romsdalen. Ein har også mange randmorenar frå lokale botnbreiar under den vesle istida (ca. år 1500-1900), særleg i nord og vest. Elles finn ein store breelvavsetningar i sidedalane vest for Romsdalen, mellom anna i Ulvådalen. På dei høgste fjellområda dominerer blokkhav danna ved forvitring før istidene og dels ved yngre frostvitring (over 1300-1400 m.o.h. i nord og vest, stigande til 1600 m.o.h. i sør og aust). I dag er det permafrost over 1300- 1500 m.o.h. Frå Trollveggen til Flatmark er store delar av Romsdalen dekkja av fjellskred. Særleg ved Skiri er desse markante. Ved Børa vest for Marstein er det omfattande sprekkesystem i fjellsida og plataet over etter unge utglidingar i fjellsida.

Verneverdige element

Verneforslaget inneheld fleire formelement som det knyter seg geologiske verneverdiar til. Dette er dokumentert i fleire kartleggingar av kvartærgeologisk verneverdige område (Sollid og Sørbel 1981) og kartlegging av skred i Møre og Romsdal v/fylkesgeologen og NGU, jf. liste i verneplanen:

- Ved Slettvikane i Valldal finn vi endemorenar, spylerenner og breelvterrassar frå sein Yngre Dryas. Ei sandurflate er særleg fint utforma.



- Ved Høghornet i Valldal ligg ei stor sidemorene danna av brestraumen ned Valldalen, og fleire lokalbrear har danna morenebogar høgare i terrenget.
- Mellom Grovaskardsvatnet og Alteret i Rauma går eit system av endemorenar med spylerenner imellom, og Alteret er ein markert breelvterrasse.
- I Asbjørnsdalen og på Horgheimsflya er det eit belte av endemorenar med spylerenner, dødisgroper, terrassar og seter i ulike nivå. Områda er formrike og varierte og er vurdert til å ha stor fagleg interesse.
- I Lordalen er det mange velforma drumliner innafor eit avgrensa område. Formene syner retninga isen smelta av i. Drumlinfeltet utgjer ein eigen terrenotype. Det er relativt sjeldan å finne drumlinfelt med eit så stort tal former innafor eit lite område.
- På Vålåflye er det eit område med velutvikla flutings som viser avsmeltingsretninga til innlandsisen.
- I hovuddelen av området Vesleskjervedalen – Sjutjønnin ligg store område med spylefelt.
- Langs sørsida av Kjølen ligg eit markert sete som kan sjåast inn mot eit passoverløp med høgde 1670 m.o.h. Setet er danna i ein bresjø demt av isen. Da isen smelta, vart sjøen tappa over eit lågare passpunkt lengre aust. Området viser utviklinga av dreneringa etter kvart som isen smelta.
- Spongflye aust for Torsvatnet i Skjåk har verdifulle de Geer-morenar og breelvavsetningar.
- I Trolltindane/Trollveggen er det unike pinaklar og Noregs største raskjagle (rett under Bruraskaret).
- Børa har omfattande sprekker i fjellsida og platået over. Dette er unikt i norsk samanheng.
- Fjellskred ved Skiri-Flatmark er også spesielt i norsk samanheng.

Vassdragsnatur

Vassdragsnaturen er særleg viktig som landskapselement og for biologisk mangfald og er eit av verneformåla i fleire av verneområda.

Innafor vernområda i Reinheimen finn ein delar av nedbørsfeltet til fleire vassdrag som er varig verna mot kraftutbygging: Istra, Rauma/Ulvåa, Valldøla, Lora, Tora/Føysa og Finna. Vernet omfattar heile nedbørsfeltet til vassdraga. Tora/Føysa, Finna og Lora er vurdert som viktige type- og referansevassdrag for regionen. Rauma er nasjonalt laksevassdrag.

2.5 Klima

Klimaet i området varierer frå oseanisk (kystprega klima) i dei nordvestlege delane av området med

- høg årsnedbør, mest som vinternedbør
- høvesvis liten forskjell i vinter- og sommartemperatur
- vind
- kontinentalt (innlandsklima) i Lom, Vågå og deler av Skjåk og Lesja med liten årsnedbør (mest i vekstsesongen)
- stor forskjell på vinter- og sommartemperatur.



Fjella i grenseområda mellom Møre og Romsdal og Oppland gjev ein regnsskugge som har følgjer for klimaet i området. Vest i Romsdalsfjella kan det falle opp mot 2000 mm nedbør i løpet av eitt år mot 200 – 300 mm i delar av Vågå, Lom og Skjåk.

2.6 Vegetasjon

I verneplan for Reinheimen (*Fylkesmannen i Oppland / Møre og Romsdal fylke, 2004*) heiter det:

”Etter naturgeografisk inndeling av naturen i Norden, er verneområda klassifiserte til å ligge i 4 regionar/underregionar:

- *33c Forfjellsregionen med hovudsakleg nordleg boreal vegetasjon (underregion Gudbrandsdalen med sidedalar).*
- *35e Fjellregionen i søre del av fjellkjeda (underregion Møretindane) utgjer største delen av området.*
- *35 f Fjellregionen i søre del av fjellkjeda (underregion Dovrefjell) omfattar dei austre delane av området.*
- *37d Vestlandet sin lauv- og furuvegetasjon (underregion Nordfjord og Sunnmøre sine fjordstrok).*

Verneforslaget inneheld i hovudsak alpine område med nokre mindre område nordboreal og vestlandsk lauv- og furuvegetasjon.”

Dei mest verdifulle områda i forhold til sårbare eller trua planteartar er (*Fylkesmannen i Oppland/Møre og Romsdal fylke 2004*):

- *”Snaufjellet nær Slådalsvegen frå Grønhøi i Lesja og sørover til Skaihøi i Vågå og Lom kommunar er artsrik og har ein svært interessant kalkkrevjande fjellflora. Berre dei aller beste klassiske «plantefjella» i Sør-Noreg kan oppvise eit større mangfald med fleire sjeldsynte artar.*
- *Finndalen er ein utprega kontinental fjelldal. Elvesletta representerer eit variert og interessant miljø. Denne sletta med tilhøyrande kulturlandskap er sær eigen og av stor regional til nasjonal verdi.*
- *Landskapet rundt Billingen er prega av dei to elvene Tora og Føysa som går saman rett ved setrane. Dei mest artsrike miljøa ligg langs elvene, og spesielt langs dei partia som er påverka av fosserøyk. Her finn ein mellom anna ein rik flora av ymse saltlav.*
- *Langs austsida av Tafjorden finn vi artsrike edellauvskogar med tilhøyrande raudlista insekt- og fugleartar.*
- *Daurmålhaugen og Huldrekoppen i Norddal er 2 kalkrike lokalitetar med fjellvegetasjon. Her finn vi fleire austlege artar med norsk vestgrense.*






Fig 2. Temakart over verneverdiar i Reinheimen-området (Fylkesmannen i Oppland/Møre og Romsdals fylke, 2004)



- *Borga i Romsdalen er ein kalkrik lokalitet med bl.a. funn av den austlege arten lapprose.*
- *I Romsdalen finn vi ein stor botanisk variasjon med mange viktige lokalitetar. Dalen er eit nasjonalt viktig kulturlandskap med viktige slåtteenger og naturbeitemarker. Innafor verneframlegget langs Rauma finn vi avsnørte elvedammar og bakevjer med austlege planteartar. Selen har ekstremrik myr. På Flatmark-Skiri er det rike edellauvskogar, og ved Ryggvatna er det gammal furuskog med tilhøyrande artar. I Brøstdalen er det fleire rike naturbeitemarker som Kabben og Horgheimsetra. På Horgheimsetermoen har vi gammal furuskog med austlege, kravfulle artar.*
- *Utmarksbeiting og setring har gjeve grunnlag for artsrike engsamfunn. Slike er framleis å finne rundt fleire av setrane særleg i Finndalen. Redusert beitetrykk og slått fører til gjengroing av mange enger, mens andre har mista sitt artsmangfald som eit resultat av oppdyrking eller bruk av kunstgjødsel.”*

Det er gjennomført ei botanisk kartlegging i samband med verneplanprosessen for Reinheimen, og ei rekkje lokalitetar i heile verneområdet vart undersøkt (Gaarder, 2001). Det vart registrert 23 verdifulle lokalitetar som er verdsett til lokalt viktig (C), viktig (B) og svært viktig (A). Nokre av dei registrerte områda er ikkje med i naturbasen til Direktoratet for naturforvaltning.

2.7 Dyreliv

2.7.1 Villreinen

Villreinstammen i Reinheimen

Menneskeskapte inngrep og terrengformasjonar førte til oppdeling av større samanhengande villreinområde og ga mindre og meir avgrensa villreinområde som t.d. Reinheimen-/Nord-Ottadalsområdet. Hard jakt og tamreindrifft tidleg på 1900-talet førte til at villreinstammen i Ottadalsområdet nesten vart utrydda kring 1930. Det vart drive med tamrein i området fram til 1964, då drifta av A/L Trio Tamreinlag vart avvikla. Restane av Trioreinen og tamrein henta frå andre tamreinlag er utgangspunktet for villreinstammen i Ottadalen i dag.

Nord-Ottadalen villreinområde er eitt av dei beste og mest produktive villreinområda i landet og er kjent for villrein i god kondisjon med høge vektor og stor kalvetilvekst. Villreinen varierer mykje i vekt og storleik. Under gode forhold, som i Reinheimen, kan vaksne bukkar nå slaktevektor på godt over 100 kg, simlene over 40 kg og kalvane over 25 kg. Det er registrert at simlekalvar med slaktevektor over 25 kg kan bli drektige fyrste leveår.

Området er eitt av dei siste store villreinområda i Europa som framleis inneheld dei viktigaste funksjonane for villreinen. Villreinområdet har gode beiteområde gjennom heile året. Området er samanhengande, har store område med lite ferdsel og gjev villreinen gode moglegheiter for å trekkje til næringsrike beite til ei kvar tid på året.

Rapporten *Villrein, inngrep og forstyrningar i Ottadalen villreinområde* (FM Møre og Romsdal, 1998) oppsummerer utfordringar og verkemiddel i den vidare



villreinforvaltninga med behov for jamnlege evalueringar. Resultat frå årlege registreringar i regi av villreinutvalet i Ottadalsområdet gir viktig informasjon i arbeidet med ei god forvaltning av villreinen.

Ved sidan av den reint bestandsmessige forvaltninga har forvaltninga av villreinen to hovudutfordringar:

- sikre store nok leveområde mot tekniske inngrep
- førebyggje at menneskeleg ferdsel og aktivitet fører til at delar av villreinområda går funksjonelt ut av bruk.

Artstypiske trekk ved villreinen

Villreinen er ein art som fysiologisk er svært godt tilpassa livet i høg fjell og arktiske strøk. Dette gjeld alt frå utforminga av klauvene og pelsen til fordøyingsystemet som gjer den i stand til å utnytte næringsfattige vekstar, særleg ulike lavartar i vinterhalvåret. I sommarhalvåret kan villreinen beite på alle slags grøne og meir næringsrike vekstar, og om hausten har den ein sterk hang til å beite på sopp. Villreinen sin beiteåtfærd er prega av at dyra beiter på trekk. På denne måten blir beitetrykket fordelt over høvesvis store areal. Beiting og beitesøk er derfor ein avgjerande faktor for villreinen sin arealbruk. Vegetasjon, snø- og isforhold og værtrekk er naturlege forhold som verkar styrande på villreinen sin beite- og arealbruk.

Villreinen er eit typisk flokkdyr med vekslende hierarkisk struktur. Både bukkar og simler utviklar gevir. Dette er styrande for rangordninga i flokken og regulerer tilgang til beite gjennom året. Geviret spelar og ei viktig rolle i brunsten for rangordninga i samband med paring og seleksjon.

Biologisk mangfald og økologi

Villreinen er ein indikatorart på naturtypar knytt til høg fjellet. Villreinen sin tilstand og utvikling er derfor viktig som type- og referanseart for vurdering av utviklinga i desse naturtypane generelt. Villreinen har ein heilt sentral plass i eit høg fjellsøkosystem. Som primærkonsument av eit vidt vegetasjonsspekter er arten eit avgjerande ledd i næringskjeda der jerv, fjellrev og kongeørn er viktige predatorar og åtseletarar.

Rekreasjon - matauk - næring

Villreinen har rekreasjonsverdi for oss menneske på fleire vis:

- sjå og oppleve dyra i naturen
- villreinjakt,
 - lokale jegerar som del av ein tusenårig tradisjon og viktig del av lokalsamfunnet sin identitet
 - tilbod til utanbygdsbuande jegerar som søker friluftsopplevingar
- affeksjonsverdi knytt til dyredelar som gevir, skinn m.v.

Nært knytt til rekreasjonsverdi og verdi som matauk er næringsverdien av villreinen. Dette er vesentlege verdier for jaktrettshavarar og andre næringsdrivande og kan i omsetnad gje like store resultat og ringverknader som anna "konkurrerende" næringsverksemd i villreinen sitt leve-område. Det er gjeve døme på dette i Villreinerådet sin rapport "Betydningen for samfunnet av å ha villrein i fjellet", (Teigland, 2000). Direkte brutto inntekter til jaktrettshavarar er på landsbasis rekna til min. 27 mill. kr, medan eit lågt estimat av jaktverdien er sett til 60 mill. kr og eit høgt anslag til 115 mill. kr. Det er grunn til å vente at desse tala er vesentleg høgare i dag ved same tal på fellingsløyve.



Kulturminne og kulturhistorie

I Reinheimen er det svært rike førekomstar av kulturminne etter jakt og fangst på villrein. Ei livskraftig villreinstamme i desse områda styrkjer både opplevingsverdien av og tolkingsgrunnlaget for kulturminna. Kulturminna må og sjåast i samanheng med at fangst på villrein var viktig i Europa i førhistorisk tid. Dette er m.a. dokumentert på holemaleri i Frankrike, som kan vere 40.000 år gamle. Kulturminna etter villreinfangst i Reinheimen representerer såleis eit sjeldan langt tidsspenn i menneska si historie. Kulturminna er og med på å styrkje lokalsamfunna sine hevdvunne rettar til bruk av fjellområda.

Forskning og vitenskap

Det er etablert eit vesentleg forskingsmiljø ved fleire forskingsinstitusjonar som har fokus på villrein. Det blir her produsert kunnskap som har ein verdi i seg sjølv, som er nyttig for den biologiske forskinga generelt, og som er viktig for forvaltninga av villrein, naturovervaking og ivaretaking av villreinen sine interesser mot andre samfunnsinteresser. Eit stort urørt sentralområde med lite ferdsel som i Reinheimen, gjer at fjelløkosystemet er viktig i forskings- og forvaltningssamanheng.

Villreinen sin arealbruk i Reinheimen

Opplysningane om villreinen i Reinheimen byggjer på ein artikkel av Per Jordhøy, (Jordhøy 1997) og på registreringar gjort av Villreinetvalet for Ottadalen i 2005 og 2006.

Villreinen har svært store arealkrav som medfører lange trekk og ekstensiv utnytting av areala. Dette er ein vel tilpassa strategi for at villreinen skal kunne overleve på lang sikt. Villreinen sin arealbruk i 2006 kan vere eit døme på arealbruken for villreinen i Reinheimen. I 2006 hadde storparten av bestanden samla tilhald på Liafjelltangen. I tillegg var Trollstigreinen på 40 – 50 dyr i Borgafjellsområdet i Rauma. I april begynte simlene å trekkje mot indre delar av Lordalen, der kalvinga gjekk føre seg i mai månad på sørsida av dalføret. Simlene spreidde seg sidan utover til Grøndalen, område rundt Lortjønnin og på flyene mot Finndalen. Ved jaktstart var hovudtyngda av dyra i området mellom Aursjoen og Finndalen, men med to flokkar på om lag 300 dyr høvesvis i Grøndalen og Liafjelltangen. Etter 10 dagar med jakt snudde vinden, og reinen samla seg etter kvart på Lesja. Siste jaktdagen snudde vinden, og flokkane vart gåande på Høggebottflye det mest av hausten. Mot slutten av året trakk reinen ut på Liafjelltangen. Tordalsområdet og område lenger vest hadde svært lite rein i 2006.

Villreinen sin trekk- og beiteåtfærd er styrt av vindretningen, ved at reinen i hovudsak trekker mot vindretningen. Det er kjent at reinen rullerer arealbruken. Slik kan t.d. beiteområde som tilsyne-latande ligg unytta i tiår, bli teke i bruk att, medan området som har vore mykje nytta, blir tilsvarande mindre nytta. Sidan dette kan skje i syklusar på kan hende meir enn 30 år, er det også vanskeleg å dokumentere og gjera gjeldande i arealbruks-konfliktar.

Teljingar på 70-talet viste at flokkane i Reinheimen vart funne i område øst for Lordalen og område rundt Kjølen og Skjervedalen. På 80-tallet vart tyngda av dyra funne i området sør for Finndalen. Dette indikerer eit rotasjonsmønster med 10-års syklus. Det finst utstrakte beiteareal øst for Slådalsvegen i område som ligg utafor





landskapsvernområdet som har vore lite nytta etter nyetablering av villrein på 1960-talet.

Sommarbeite

Villreinen beiter alle typar gras, urter og buskar i lågareliggande og helst næringsrike område. Varme og insektplage kan redusere tilgangen til slike beiteområde, og då dreg villreinen nytte av å kunne trekkje opp i høgaltin sone og på snøfonner. Vår-, sommar- og haustbeitene utgjer 63 % av beitearealet i Reinheimen. Ein stor del av desse areala ligg vest for Lordalen, i Grøndalen, i Asbjørnsdalen og i traktene rundt Pyttåa. Aust for Lordalen er områda Døktin, Aursjoen, Leirungsvatnet, Rååvatnet og Honnsjoen viktige grøntbeiter. Om våren går reinen på grøntbeite og bruker også for ein stor del barskogsområda og kulturlandskapet heilt ned i dalbotn til dømes i Ottadalen. Spesielt kan seterområda i Lordalen og Finndalen einskilde år bli mykje nytta. Dette gjeld blant anna bukk, men også delvis fostringsflokkar. Reinen finn og mykje av sommarbeitet i dei same områda som der det er vinterbeite, men skiftar vegetasjonstype og høgdelag. Villreinen trekkjer vestover om sommaren, men ser ut til å bruke dei vestlegaste områda mindre enn tidlegare.

Vinterbeite

Vinterbeite er område med tynt snødekke og gode lavdekke. Stabilt vinterklima er ei føremøn for å hindre nedising av beitene. I nordområdet i Ottadalen villreinområde utgjer vinterbeite 35 % av arealet utanom høgtliggande og lågproduktive område. Villreinen bruker i dag dei austre delane av området som vinterbeite. Viktige område dei siste åra har vore strekninga mellom Heggebottflya og Horrungen i Skjåk, Liafjellet i Vågå og Lom, samt Lordalstraktene austover mot Tverrfjellet og Kjølén-Trihø og Finndalsfjella. Lengre vestover vil det dei aller fleste åra vere for mykje snø til at ein stor del av stammen kan nytte dette som vinterbeite. I enkelte år med lite snø kan også dei vestlege fjellområda vere viktige som beiteområde for villreinen.

Trekkveggar

Villreinen er avhengig av å kunne nytte sine faste trekkruiter mellom ulike beite- og funksjonsområde. Kulturminna viser at villreinen nok har nytta desse trekkvegane så lenge det har vore rein i fjellet. Det er eit regionalt trekkmønster gjennom villreinområdet i ein vestleg retning mellom kontinentale vinterbeite og kystnære sommarbeite. Lordalen utgjer eit grovt skilje, og i dalen passerer det ofte store flokkar på tvers på trekk mellom sesongbeitene. Søre Løyftet og Søre Berget i Lordalen er slike sentrale passeringpunkt. Mange av bukkane trekkjer enda lengre vestover på sommarbeite i Rauma, Norddal og nordvestre delar av Skjåk og Lesja. Også fostringsflokkar med simler og kalv kan halde seg lengre nordvest om sommaren, men ikkje så langt i ytterkantane som bukkane. Generelt nyttar fostringsflokkane dei sentrale delane av villreinområdet, medan bukkeflokkane nyttar meir perifere delar. Finndalsfjellet-Kjølen og områdene rundt Storbreen i Lesja og Skjåk er heilt sentrale beiteområde. Den vesle delstammen ved Trollstigen på ca. 40 dyr, held seg i nordvest heile året. Elles er det mange kjente trekkveggar av meir lokal karakter. Under brunsten bruker reinen eit stort geografisk område, avhengig av andre forhold som vêrlag og ferdsel.

Kalvingsområde

Kalving skjer ofte i høgtliggande og avsidesliggande område der det er flekkbart i kalvingsperioden i mai. Kalvingsområda er knytt til sentrale fjellområde mellom indre delar av Lordalen og Finndalen med hovudtyngde rundt Trihøane. Det er og gjennom






Fig. 3. Temakart over villreinens arealbruki Reinheimenområdet (Fylkesmannen i Oppland/Møre og Romsdals fylke 2004)

tidene registrert tilfelle av kalving i andre område, som t.d. Brøstdalen, Vermedalen, mot Ulvådalen, Asbjørnsdalen og ved Aursjoen. Indre delar av Lordalen på både sider av dalføret peikar seg ut som det absolutt viktigaste kalvingsområdet i Reinheimen og Ottadalen nord. Kalvinga har dei siste åra vore i perioden 1. –20. mai. Villreinen er sårbar i kalvingsperioden og i tida før og etter kalving. Det kan synes som om villreinen kalvar i område med mest mogleg ro. For å oppnå dette, kan kalvinga bli pressa til område med dårlege beiteforhold. Det er difor eit mål at dei viktige kalvingsområde blir sikra mot forstyrring.

Trugsmål for villreinen

● Tekniske inngrep og nedbygging

Tekniske inngrep og nedbygging vil i prinsippet gjere areala utilgjengeleg for villreinen. Dette gjeld veg, jernbane, kraftliner, reguleringsmagasin, nydyrking og ulike former for busetnad. Veg, jernbane og kraftliner gjev ein korridoreffekt og kan bli trekksperrer. Veg og kraftliner over Slådalen kan verke som trekksperrer, medan kraftlina mellom Finndalen og Bøjeli i Skjåk så langt ikkje kan seiast å ha same effekt. Coronastøy frå kraftliner kan forsterke effekten som trekksperre og auke breidda på korridoren som reinen unngår å bruke.

● Ferdsel og menneskeleg aktivitet

Ferdslar og menneskeleg aktivitet kan vere knytt til aksepterte nytteformål som vitenskaplege undersøkingar, aktivitet i regi av forsvaret eller politiet, vedlikehald av tekniske anlegg, oppsyn og landbruk. Menneskeleg ferdsel er også den som er fritidsretta, som enkelt friluftsliv utøvd av den enkelte eller som del av kommersielle reiselivsprodukt. Om ein ser bort frå Ålesund og Sunnmøre Turistforening sin statistikk er det ikkje gjort systematiske registreringar av ferdsla i verneområda i Reinheimen. Enkelte utsegn frå lokalt hald kan tyde på ei auke i ferdsla i verneområda etter vernevedtaket. Frå Finndalen er det og kjent at folk har oppsøkt området med det for auga å få sjå villrein.

Moglege konsekvensar av trugsmåla

Når ein skal sjå på konsekvensar av moglege trugsmål for villreinen er det viktig å ivareta følgjande forhold:

- alle funksjonsområde må vere intakte for å sikre bestanden si overleving
- areal som går ut av bruk vil direkte påverke kor stor bestand ein kan ha i eit område
- skræming og uro påverkar beitetid, energiforbruk og kan gje redusert bruk av aktuelle område. Dette vil igjen påverke kondisjon på dyra, kalvprosent og produktivitet.

Det er ei akseptert oppfatning at villreinen skiftar på bruk av område over tid, noko som i særleg grad vil gjelde vinterbeiteområda. Slike vekslingar mellom område kan skje i syklusar på 10 – 30 år og er derfor vanskeleg å dokumentere innafør tidshorisontar som ein normalt held seg til i forvaltninga. Det kan derfor vere uklart kva for endringar i villreinen sin arealbruk som skyldast ytre påverknader og kva for endringar som er naturlege. Ved forvaltning av villreinstammen må ein derfor i stor grad nytte "føre-var-prinsippet". Ved sidan av at ivaretaking av villreinen er ein sentral del av verneformålet, vil ein sunn og produktiv bestand i god kondisjon gjera villreinen meir attraktiv for eit haustingsbasert friluftsliv.



2.7.2 Anna dyreliv

Fuglar

Innafor verneområda er det registrert over 115 hekkande fugleartar (Opheim, 2001). Av desse er 12 oppført på lista over truga fugleartar i Noreg. Fleire utprega høgfjellsartar har ei sterk tilknytning til området. Dette gjeld til dømes fjellerke, fjæreplytt, havelle, boltit og myrsnipe. Hos desse artane finn ein mellom 20-40% av hekkebestanden i Oppland fylke innafor grensene for verneområda.

Dei rike edellauvskogsliene langs Tafjorden og Romsdalen gjev grunnlag for artar som ulike sangarar og spettar. Her er også hekkande par av kvitryggspetten, som er den mest truga hakkespettarten i Noreg. I Romsdalen er også registrert gråspett som er ein omsynskrevjande raudlisteart. Også dvergspetten finst i desse områda.

I seterdalane er det skogsfugl: storfugl og orre. Området har gode bestandar av lirype i dalsidene. Store delar av verneområda er høgtliggande og lirypehabitat derfor tilsvarande små. Til gjengjeld finn ein store høgtliggande område der fjellrypa held til.

Fleire artar av rovfugl hekkar innafor området. Dei vanlegaste er kongeørn, havørn, fjellvåk, jaktfalk, dvergfalk, tårnfalk, haukugle, jordugle. Også hubroen er ein art som kan opptre i området. Rovfuglane er artar som krev plass og lett blir forstyrre. Mange av artane er omfatta av den nasjonale raudlista. Nokre av artane (t.d. kongeørna) startar hekkinga tidleg om våren og kan då bli forstyrre av skiaktivitetar. Også aktivitetar knytt til juv og bratte fjellknausar i hekketida, t.d. juving og fjellklatring, kan vere i konflikt med dei rovfuglartane som hekkar i bratte berg og skrentar.

I vatn og vassdraga har mange artar av våtmarksfugl tilhald. Dei vanlegaste er krikkand, stokkand, bergand, toppand, kvinand, laksand, havelle, sjøorre, heilo, enkeltbekkasin, boltit, sandlo, vipe, temincksnipe, fjæreplytt, myrsnipe, brushane, rødstilk, rugde, strandsnipe, svømmesnipe, fiskemåke og fossefall. To våtmarksområde er særleg verdifulle, der eitt område har kvalitet med nasjonal verneverdi. Dette gjeld Råkvatnet/Leirungsvatnet med 20 artar av hekkande våtmarksfugl der artane bergand, havelle og svartand står på den nasjonale raudlista. Også våtmarksområda langs Finna i botnen av Finndalen har stor verneverdi.

Anna hjortevilt

I dalane er det jaktbare bestandar av elg, hjort og rådyr.

Store rovdyr

I området er det årlege ynglingar av jerv og årlege observasjonar av gaupe. Det er observert streifdyr av bjørn og ulv.

Fjellrev

Tidlegare var det vanleg å sjå fjellrev i området, medan det no skjer berre tilfeldige enkeltobservasjonar. Det er eit mål å auke bestanden av fjellrev. Ein meiner at enkelte av fjellrevane som er sett ut på Dovrefjell kan ha vandra over til Reinheimen.

Fisk

Rauma er eit lakseførande vassdrag. I Røyevatnet/Røytjønna i Lesja er det røye. Elles er aure einaste fiskarten i verneområda. Stordelen av forynginga skjer ved utsettingar. Av www.vanninfo.no framgår det at det er harr i Herrahøtjønne vest og



nord i Reinheimen, men arten er fjerna gjennom rotenonbehandling og finst ikkje lenger i vassdraget. Det er ørekyte i tjønner i Brøstdalen i Romsdalen landskapsvernområde. Dette er ein framand og uønska art, og det bør gjerast tiltak som hindrar spreiring og ev. bekjempar arten.

2.8 Kulturminne og kulturmiljø

Med kulturminne meiner vi i denne samanhengen spor etter mennesket sin aktivitet i området, samt særmerkte naturfenomen, sjølv om dei ikkje blir rekna som kulturminne etter Kulturminnelova § 2. Kulturminne kan også vere knytt til førestillingar, myter og forteljingar som lever blant folk. Det er eit mål å hindre tap av kulturminne. Vidare er det eit mål å auke kunnskapen om kulturminne i nasjonalparken.

Verneplan for Reinheimen (*Fylkesmannen i Oppland / Møre og Romsdal fylke, 2004*) omtalar kulturminne slik:

”Reinheimen har ei rekkje automatisk freda kulturminne knytt til busetting og nytting av utmarks- og fjellressursar i området. Dette er kulturminne knytt til alle periodane i forhistoria vår. Kulturminna utgjør også ein heilskap som gjer det mogleg å sjå større samanhengar som sosial struktur og samfunnsutvikling. Alle fornminne er automatisk freda og har dermed nasjonal verdi. Reinheimen er i skandinavisk samheng eitt av dei viktigaste områda for studiar av jakt og fangst frå jernalder og middelalder. Her finn ein dyregravssystem, bogesteller og kilometerlange fangstruser for rein. Villreinen vart også drive utom stup eller utpå vatn for å bli fanga der. Kulturminne knytt til jakt og fangst, spesielt på rein, er dominerande i høgfjellet, og i området finst over 100 enkeltobjekt knytt til fangst på rein. I tillegg kjem 8 falkefangaranlegg og andre fangstminne. Side om side med dei forhistoriske kulturminna finn ein jakt- og fiskebuer frå dei siste hundreåra. Naturinngrep frå nyare tid i Reinheimen er få, og trekkrutene til villreinen er lite endra. Dette er ei viktig kjelde for å forstå kulturminne knytt til jakt og fangst.

I Romsdalen er det gjort rike gravfunn. På Horgheimseidet ligg det ein øydegard frå jernalderen og eit gravfelt med meir enn 100 gravhaugar. Andre kulturminne som er svært verdfulle er setrar og setermiljøet, og det er mellom anna registrert 150 bygningar av spesiell verdi knytt til Lordalen og Finndalen. I Møre og Romsdal ligg dei fleste og største setrane i Rauma i Vermedalen og Brøstdalen, medan Neddestølen og Øvstestølen er dei viktigaste i Norddal. Det er elles berre nokre få kulturminne som funksjonelt er knytt til vassdraga. Eit vaskehus/naust på Flatmark i Rauma er ivareteke. Dette er det einaste som er igjen av denne typen.

Gamle vegfar er vanskeleg å tidfeste, men har lange tradisjonar. Romsdalen har vore ei viktig ferdssåre mellom Aust- og Vestlandet gjennom alle tider. Gjennom heile dalen er det restar etter gamle vegfar. Den gamle kongevegen gjekk oppover i dalen og er framleis tydeleg mange stader. Særleg er vegstykket oppi Bjørnekleiva kjent. Vi viser elles til vegvesenet sine registreringar som gjev eit detaljert oversyn over ferdsspora i området. Der Olavsvegen i Valldal kan påvisast, er han rekna som automatisk freda av Riksantikvaren. Gamle vegfar finn ein også austover frå Valldal og Tafjord. Desse rutene er i dag nytta av turistforeninga.

Reinheimen har mange viktige kulturmiljø. Særleg viktig er (Finstad og Skauen, 2003):





- Øvre del av Lordalen som har store dyregravssystem med hustuffer og eit verdifullt setermiljø.
- Finndalen med eit verdifullt setermiljø med flotte bygningsmiljø, kulturlandskap, tufter og gravhaugar.
- Vassvegane i Skjåk, Lom og Vågå som er unike i landssamanheng.
- Skaihø i Vågå kommune der ein har mange hundre bogesteller etter veidemannskulturen.
- Området rundt Råkåvatnet med ei rekkje kulturminnetypar, mellom anna to falkefangaranlegg.
- Gamle ferdselsveggar som t.d. Løvegen mellom Skjåk og Lesjaskog.

I dei siste åra er det funne store og omfattande anlegg i både Veslskjervedalen i Lesja kommune og Gravdalen i Vågå kommune som har gjeve ny kunnskap om fangst i fjellet i gammal tid.

Ved Vermevatnet i Romsdalen er det funne restar etter fangstbuplassar frå steinalderen.

Kulturlandskap og byggjeskikk

Kulturlandskapet knytt til gards- og seterområda er viktige for forståinga og opplevinga av det historiske landskapet knytt til gards- og seterdrift i tidlegare tider. Kulturlandskapet er ein ressurs for den enkelte brukar og for samfunnet når det gjeld jordbruksbasert produksjon. Det biologiske artsmangfaldet i kulturlandskap som er halde godt i hevd, er karakteristisk og gjev slike område høg verdi. Artsmangfaldet er òg ein del av historia til slike område. Det biologiske mangfaldet er ofte knytt opp mot dei gamle driftsformene i jordbruket som slått og hausting i inn- og utmark og beiting med mange slag beitedyr. Kulturlandskapet kan derfor vere utgangspunkt for kulturformidling og reiselivsutvikling.

Heile Romsdalen med sidedalane Vermedalen og Brøstdalen er registrert som eit nasjonalt viktig kulturlandskap.

Byggjeskikken er ein viktig del av kulturlandskapet og må bli via stor merksemd, særleg i verneområde der kulturlandskapet er eit av verneformåla. Kulturlandskapet er eit av verneformåla både i Lordalen, Finndalen, Trollstigen, Romsdalen og Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde. I verneforskriftene for alle verneområda er det spesielt trekt fram at vedlikehald av bygningar skal skje i samsvar med lokal byggjeskikk.

Byggjeskikk kan delast inn i ulike "tema", og omhandlar ein bygning i høve til landskap og miljø, material- og fargeval og fysisk utforming. Byggjeskikken i eit område er eit resultat av årelang erfaring med funksjonelle løysingar og påverknad utifrå i høve fysisk utforming. Byggjeskikken er aldri statisk, men endrar seg med tida. Byggjeskikk er eit diskuterbart, men likevel eit objektivt kriterium knytt til bygningane og byggjetradisjonen innafor området. Den er i mindre grad knytt til subjektiv oppfatning av stygt og pent.

I Reinheimenområdet er vestområda prega av byggjeskikken i Romsdalen og indre Sunnmøre, mens austområda er prega av byggjeskikken i Nord-Gudbrandsdalen. For Norddal kommune er det utarbeidd ein lokal byggjeskikkvegleiar (Nemnda for



byggeskikk i Norddal/Stordal/Stranda. 1998). Fylkesmannen i Oppland (Fylkesmannen i Oppland 2007) har gjeve ut heftet "Seterbygninger – verdier og utfordringer" som inneheld enkle prinsipp for istandsetting for bruk/endra bruk og vedlikehald av gamle seterhus.

2.9 Ålmenta si tilgang til friluftsliv

Ålmenta skal ha tilgang til eit tradisjonelt og enkelt friluftsliv i området. Området sin verdi for friluftslivet er knytt til naturoppleving, fotturar, skiturar, kltring og haustingsbasert friluftsliv.



Grøna med utspring frå Gråhø. Foto: Per Jordhøy.





3 Bruk av området i dag

3.1 Landbruk

Landbruket utgjør 20 til 30 % av sysselsettinga i dei 6 kommunane i Reinheimen-området, og landbruket representerer såleis dei viktigaste brukarinteressene i området. Setring og beiting med sau og storfe er dei aktivitetane som har størst omfang innafør verneområda.

Jordbruk

Romsdalen landskapsvernområde har 2 bruk i drift med dyrehald pr. 01.03.2009, på Skiri og på Flatmark. Det er fleire bruk med dyrka mark i dette vernområdet. Særleg i Finndalen og Lordalen er den landbruksmessige bruken stor, m.a. med forproduksjon, seterdrift med produksjon av mjølk og med beitedyr både i innmark og utmark. Vassvegane frå fjellet i Ottadalen er viktig for jordbruket i Ottadalsbygdene. Rovviltskader på bufe er eit problem i nokre område. Det er utarbeidd forvaltningsplan for region 3 (Oppland) og region 6 (Møre og Romsdal) som legg føringar for rovviltforvaltninga i verneområde.

Seterdrift

Totalt er det ca. 70 setrar innafør området. Mange av setrane er framleis i bruk i samband med landbruksdrift og blir sett på som ein viktig ressurs for garden, ikkje minst i samband med framtidig småskala næringsverksemd. Mange setrar blir brukt i samband med beite, medan i underkant av 10 setrar framleis er i drift med mjølkeproduksjon (pr. 2004).

Beitebruk

Tradisjonelt har gardsdrifta i desse bygdene vore sterkt knytt til bruken av utmarka. Etter kvart som talet på beitedyr som hest og geit, men også storfe, har gått attende, er det gamle kulturlandskapet i ferd med å gro att. Landskapet endrar karakter, og det biologiske mangfaldet som er knytt til det gamle kulturlandskapet blir gradvis endra. Utmarksbeite er framleis svært viktig, og opp mot 18.000 sau og 2.500 storfe beiter i området (pr. 2004). I fjellområdet er det sett ut saltingsautomatar for beitedyra. I tillegg er det bygd 23 gjetarhytter innafør verneområda.

Skogbruk

Det er produktiv furuskog i Lordalen, Finndalen og Romsdalen landskapsvernområde. I verneområda i Norddal ligg mykje av den drivbare skogen i område som er vanskeleg tilgjengeleg, og vernegrensa er trekt slik at lite av skogen kjem innafør verneområda. Det er skog langs liene i Isterdalen og Romsdalen, men også mykje av dette er vanskeleg tilgjengeleg.

3.2 Vilt- og fiskeforvaltning

Viltforvaltninga rettar seg ofte mot dei jaktbare artane, men viltlova gjeld "alle villlevende landpattedyr og fugler, amfibier og krypdyr." Reinheimen har ein stor og



livskraftig villreinbestand. Det blir arbeidd for å auke reinen sin bruk av dei vestlege områda. Villreinforvaltninga skjer etter bestandsplanar og avskytingsavtalar. Villreinutvalet for Ottadalen gjennomfører årlege kartleggingar av villreinen sin arealbruk og bestandsstorleik. Vårflokken er på ca. 1700-1800 dyr, medan sommarflokken er på ca 2500 dyr. Jaktrettshavarane har eit utstrakt samarbeid om forvaltning, oppsyn og fellesjaktavtaler. Småviltjakt, særleg etter rype, men også hare skjer i heile området. Området var tidlegare del av kjerneområdet for jerv og har derfor ei livskraftig jervstamme. Dette har gjeve konflikhtar med beitebruken i området. I dei seinare åra har det vore drive lisensjakt på jerv. SNO og kommunale fellingslag har gjort skadeførebyggande uttak av jerv.

Området er rikt på fiskevatn og fiskeførande vassdrag. Mange av vatna ligg høgt til fjells, der det ikkje er vilkår eller dårlege vilkår for naturleg reproduksjon. Utsetting av fisk har derfor ein århundrelang tradisjon, og utsetting har vorte gjort i dei fleste vatna. Området har vore skåna for problem med sur nedbør og fiskedød. Kalking har derfor ikkje vore noko aktuelt tiltak. Fiskeressursane i området er av ein slik verdi at viss det skulle oppstå ein situasjon med sur nedbør, kan kalking vere aktuelt. Fiske blir utøvd som fritids-/mataukfiske med garn eller oter, eller som sportsfiske med stang og snøre.

3.3 Motorferdsel

Motorferdsel i utmark er i utgangspunktet forbode både etter lov om motorferdsel i utmark og etter verneforskriftene. Til ein del nytteformål er motorferdsel i utmark tillate, t.d. i samband med utøving av jord- og skogbruk. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til andre formål, t.d. transport av varer mm. fram til hytter.

Aktuell motorferdsel i verneområda er

- Lågtflyging under 300 m og landing med luftfartøy i samband med transport av varer og utstyr til turisthytter, dyreteljingar og i samband med forsvaret sine øvingar.
- Beltegåande køyretøy på snødekt mark og islagte vatn i samband med frakt av varer, material og utstyr til hytter og setrar, bestandsregistrering av jerv og villreintelling.
- Barmarkkøyring i samband med skogsdrift.
- Bruk av motorfartøy på vatn eller i vassdrag i samband med jakt, fiske og tilsyn med beitedyr.
- Køyring på vegane i Tafjorden-Reindalen, Trollstigen, Romsdalen, Lordalen og Finndalen landskapsvernområde. Køyringa på veg er både nærings- og fritidsrelatert.
- Køyring på innmark i samband med drift av jordbruksområde i dei same landskapsvernområda.

3.4 Friluftsliv

Målsettinga med den nasjonale friluftslivspolitikken har gjennom dei siste tiåra vore å fremje det enkle friluftslivet – for alle, i dagleglivet og i harmoni med naturen. Verdien av friluftslivet både for helse og miljøvern har heile tida vore sterkt poengtert (St. meld. nr. 39 (2000-2001)).

I samsvar med norsk friluftstradisjon er det fri ferdsel i verneområda. All ferdsel og aktivitet både i verneområda skal skje ” *omsynsfullt og varsamt slik at det ikkje skjer*



skade på landskap, naturmiljø eller kulturminne” (jf verneforskrifta § 3, pkt 4.1). Friluftsliv er til nytte og glede både for den enkelte utøvar og samfunnet gjennom auka livskvalitet - både fysisk og psykisk. Å sikre område for friluftsliv er derfor eit delmål både i landskapsvernområda og nasjonalparkane i Reinheimen.

Samtidig er villreinen eit av dei viktigaste verneformåla i områda, og det er derfor viktig at det blir tilrettelagt for friluftsliv i område der ferdsla ikkje kjem i konflikt med andre verneformål m.a. arealbruken til villreinen. Skade som følgje av ferdsel kan knytast til uro for dyrelivet, slitasje på verdifulle vegetasjonstypar, skade på kulturminne og annan vesentleg terrengslitasje. Særleg utsett for forstyrning er villrein på vinterbeite og før, under og etter kalvingsperioden, og våtmarksfugl og rovfugl når dei oppheld seg ved spel- og hekkeområda. Kor vidt ferdsel og ferdselsformer får eit skadeleg omfang må dokumenterast av oppsynet i nasjonalparken. Kiting (skisegl) er ferdsel som gjer meir visuelt av seg og gjev utøvaren større rekkjevidde enn vanleg skiløping. Klatring og juving kan særleg vere til skade for hekkande rovfugl i gjel og fjellsider. Store arrangement kan pga. omfanget gje skadar som ein elles ikkje vil sjå når ferdsla blir utøvd av mindre grupper eller enkeltpersonar.

For fleire av verneområda gjev verneforskrifta heimel til å regulere organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet. Dette gjeld for Reinheimen nasjonalpark og Tafjorden-Reindalen, Trollstigen og Ottadalen landskapsvernområde. Fordi ferdsla i Reinheimenområdet ikkje har eit omfang som skadar naturmiljøet, vil forvaltningsplanen ikkje regulere slik ferdsel. Kiting, juving, klatring og større arrangement er ferdselsformer som treng eit særleg fokus, og om nødvendig kan det bli innført søknadsplikt for denne ferdsla.

Omtale av ulike friluftsmål:

Enkle utflukter - rasting

Området eignar seg fleire stader godt for enkle utflukter, der ein t.d. rastar med campingstolar og –bord i vegskanten. Friluftsutøvinga ligg i opphaldet i friluft og formålet med opphaldet (opphald i naturen, leik og utforsking i nærområdet). Dette er aktuelt i vegnære område både langs hovudveggar og mindre veggar som seter- og anleggsveggar. Aktiviteten er avhengig av moglegheit for avkøyring frå vegen og vegnære område egna for slike aktivitetar.

Fottur /Skiløping

Natur- og landskapsforholda gjev grunnlag for ei stor variasjonsbreidde for ulike turopplegg. I vestlege delar finn ein tradisjonell tilrettelegging i regi av Ålesund og Sunnmøre turistforeining / DNT, medan området i aust manglar slik tilrettelegging, sjølv om enkelte stigar kan vere varda. I heile området er det ein del allmennings-/fjellstyrehytter og opne buer som blir nytta i samband med utøving av friluftsliv. Området har verdi både for lokalt friluftsliv og for tilreisande brukarar.

Sykling

Setervegane og skogsvegane har stor opplevingsverdi for sykling. Det er ikkje registrert nokon vesentleg aktivitet med terrengsykling i området.

Haustingsfriluftsliv

Det er ein solid tradisjon for hausting av vilt og fisk. Landskapet og kulturhistoria i området styrkjer opplevingane knytt til haustingsfriluftslivet.



Jakt

Området har stor verdi for jakt på hjortevilt (elg, hjort, villrein og rådyr) og for småvilt, særleg rype, orrfugl og hare. Utbodet når det gjeld sal av jaktkort er stort og variert innafør området. For delar av utbodet er det skild mellom innbygdsbuande og utabygdsbuande når det gjeld tilgang og pris på t.d. småviltjakt med hund og på villreinjakt.

Fiske

Innafor området er det fleire hundre fiskevatn og fiskeførande vassdrag. Utbodet av fiskekort er derfor svært stort. Når det gjeld tilgangen på fiske med faststående reiskap og pris på fiskekort, er det for delar av utbodet skild mellom innbygdsbuande og utabygdsbuande.

Bærplukking

Bærslag som blåbær, tyttebær og krekling er vanleg, og for dei lokalkjende kan det vere mogleg å finne nokre liter med molte.

Padling

Padling og annan elvesport skjer i enkelte vassdrag, t.d. Rauma og Lora, men har til no mest vore lokalisert utafor verneområda.

Klatring m.v.

Fjella i Romsdalen landskapsvernområde er særleg kjent i klatresamanheng. Her er det klatreruter i Trollveggen som er attraktive og utfordrande også i internasjonal samanheng. Området er også egna for klatring som krev mindre av utøvaren. Elles i Reinheimen er enkelte kløfter utfordrande som klatreobjekt eller for juving. Klatring er totalt sett ein liten aktivitet i Reinheimen og lokalisert til ytterkanten av verneområda.

Hund

Køyring med hundespenn er registrert som ein aktivitet i Brøstdalen og Lordalen der enkeltaktørar driv trenings- og turkøyring med hundespenn. Det kan vere interesse for organisert trening av jakt- og redningshundar.

Nyare former for friluftsliv og fjellsport

I dei siste 20 åra har det vakse fram nyare former for friluftsliv som og kan utøvast i verneområda, t.d: kiting, rafting, juving, randonné og basehopping. Dei nye formene for friluftsliv er viktig for mange unge, og ein del av rekrutteringa til friluftsliv skjer gjennom desse aktivitetane. Slike aktivitetar har ikkje noko vesentleg omfang i verneområda i dag.

3.5 Reiseliv

Reiselivet er ei næring som er basert på sal av varer og tenester i samanheng med ferie- og tenestereiser. Reiselivsnæring kan delast i ulike greiner:

- | | |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none">● Overnatting● Servering● Daglegvarer● Suvenir / shopping● Aktivitetar / guiding | <ul style="list-style-type: none">● Temareiser● Underhaldning● Kurs, konferanse, møte i næringslivet |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|



Ein skil også mellom masseturisme, individuell turisme og gruppereiser. Produkta kan ut frå profil og pris vere retta mot breie eller smale marknadssegment.

Gardsturisme og naturbasert reiseliv er omgrep som inneheld fleire typar produkt:

- | | |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none"> ● Overnatting ● Servering ● Seterkurs ● Slåttekurs ● Dyr og ridning | <ul style="list-style-type: none"> ● Aktivitetar (rafting, juving, kltring, safari, fjellsport mv.) ● Leirliv ● Kulturminne og kulturformidling ● Sal av andre opplevingar. |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

Trenden i det natur- og kulturbasert reiselivet er etterspurnad etter:

- | | |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none"> ● Auka tilretteleggingsgrad ● Kortare turar ● Mange høgdepunkt ● Pakke: Natur – kultur – sosialt | <ul style="list-style-type: none"> ● Ekstreme aktivitetar ● Aukande firmamarknad ● Ro og fred. |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

Reiselivet i Reinheimen har eit beskjedent omfang. Eit unnatak er Trollstigen, der ein finn tyngre tilrettelegging med servering og rasteplassar. Besøktala når opp i meir enn 600.000 kvar sesong. Elles er den største aktøren Ålesund og Sunnmøre Turistforening og DNT Oslo og omegn si verksemd med hytter og rutenett. Tal på overnattingar er gjeve att i tabell 2. Ein handfull gardar og setrar driv ei enkel form for servering. I samband med jakt på villrein har fleire aktørar etablert tilbod med guiding, servering, overnatting og kløving med hest.

Tabell 2. Overnattingar i Tafjordfjella. (ÅST 2007/2008)(* p.m. DNT)

Hytte \ år	VINTER			SOMMER			TOTAL			Endring %
	2008	2007	2006	2008	2007	2006	2008	2008	2006	
Kaldhusseter	0	0	9	785	792	1042	785	792	1051	-0,88
Reindalseter	22	114	10	2864	2765	3728	2886	2879	3738	0,24
Vakkerstøylen	147	184	86	682	639	727	829	823	813	0,73
Pyttbua	433	462	372	1509	1355	1851	1942	1817	2223	6,88
Veltdalshytta	239	261	133	1054	1153	1716	1293	1414	1849	8,56
Danskehytta	198	213	163	508	454	669	706	667	832	5,85
Tjønnebu	9	19	0	108	124	77	117	143	77	-18,18
Fieldfarehytta	0	0	0	0	0	14	0	0	14	0
Sum Tafjordfjella	1048	1253	773	7510	7282	9824	8558	8535	10597	0,27
Torsbu*	186	122	101	277	358	295	463	480	396	-0,35

3.6 Forureining og avfall

Forureining og forsøpling er forbode i verneområda, og det er krav om at avfall skal takast med ut av området. Forureiningslova § 6 har definisjonar på kva ein forstår med forureining, avløpsvatn og avfall. Avfall og forureining kan i verneområda oppstå i samband med:



- Samferdsel
- Overnatting- og serveringsverksemdar
- Landbruksdrift
- Bruk av hytter, buer og setrar
- Friluftsliv, jakt og fiske.

Det er registrert at det blir brent avfall på enkelte turistforeningshytter. På Slettvikane i Trollstigen landskapsvernområde er det eit problem med forsøpling. Langs offentlig veg har vegstyresmaktene eit særleg ansvar for å halde det ryddig, jf forureiningslova §§ 36 og 37. Ut over dette er det ikkje kjend at forureining er eit problem i verneområda.

3.7 Vitskapelege undersøkingar og undervisning

Forsking i verneområda er viktig for å dokumentere verneverdiane. Verneområda spelar ei viktig rolle som referanse- og typeområde, slik at samfunnet har interesse av å drive vitskapelege undersøkingar i verneområda. Også vitskapelege undersøkingar kan føre med seg ulemper knytt til ferdsel og inngrep. Enkelte forskingsfelt innan t.d. viltforsking og geologi kan krevje motorisert ferdsel, uttak av prøver m.v. i eit omfang og til tider på året der naturen og særleg villreinen er sårbar for forstyrring. Det er kjend prosjekt knytt til registrering av jerv, overvaking av villreinen og kartlegging av kulturminne.

Verneområda er attraktive å bruke i undervisningssamanheng ut frå fagleg, pedagogisk og sosial interesse på alle nivå i utdanningssystemet. I Reinheimen er omfanget av undervisningsaktivitet lite.



4 Reinheimen nasjonalpark

4.1 Om området

Formål (jf. Forskrift av 24. nov. 2006 nr. 1302 § 2)

Formålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark er å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde
- ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord
- ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi
- ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- verne om kulturminne.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Nasjonalparken dekkjer eit område på 1969 km² og ligg i Skjåk, Lom, Vågå og Lesja kommunar i Oppland fylke og Rauma og Norddal kommunar i Møre og Romsdal fylke. Kriteriar for avgrensing av nasjonalparken er knytt til leveområde for villrein og store villmarksprega (urørte) naturlandskap. Området er delvis bygdeallmenning og delvis statsallmenning, med vesentleg innslag av annan privat eigedom, jf tabell 1. Området er utan innmark, men det blir utøvd eit aktivt utmarksbeite. Området ligg stort sett over skoggrensa. Vestlege delar av området er tilrettelagt med merka turstigar/skiløyper og turisthytter.

Store delar av området er høgfjellsvide med innslag av spektakulære formasjonar, t.d. Trollveggen. Utanom villrein er jerv, kongeørn og jaktfalk nøkkelartar. Det er registrert 155 hekkande fuglartar i tilknytning til nasjonalparken. Vegetasjonssamfunna viser stor variasjonsbreidde med mange verdifulle lokalitetar. Området er rikt på kulturminne knytt til fangstkultur. Samla sett har nasjonalparken stor opplevingsverdi og gjev verdifull kunnskap om fortid og notid.

Det går ikkje bilveggar inn i nasjonalparken.

4.2 Landbruk

4.2.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Det er ikkje fast busetting, aktive setrar eller anna innmark i nasjonalparken. Utanom ein vatningsveg frå Tatteråa til Bøåa på Lesja er det heller ikkje vatningsanlegg i Reinheimen nasjonalpark. Landbruksinteressene i området er derfor knytt til utmarksbeite med sau og noko storfe.

For landbruksinteressene legg ein til grunn at forvaltninga i Reinheimen nasjonalpark held fram som før, men at tiltak og bruk utover tradisjonell landbruksdrift må ha løyve frå forvaltningsstyresmakta der dette går fram av verneforskrifta. Det har til no vore



brukt å hogge ved til bruk i hus og buer i Ulvådalen, i tillegg til å forsyne Ålesund og Sunnmøre Turistforeining si hytte Vakkerstøylen med ved.

Etter bygdeallmenningslova og fjellova kan jordbrukar med beiterett beite med så stor buskap som han kan vinterfø på garden. Allmenningsstyret eller fjellstyret kan også opne for beite med større buskap viss det ikkje skjer til fortrengsel for andre beitebrukarar. Det er og beiterett på private areal i nasjonalparken. Denne retten kan vere heimla i sedvane eller gjennom jordskifte. Beiteretten kan vere eit hefte på kvar eigedom eller vere del av eit sameige.

Gjerding kan vere nødvendig ut frå ulike behov:

- Sperregjerde i utmark for å styre beitebruken
- Sankekveer
- Hindre at beitedyr nyttar uteområdet kring setrar
- Offentlege krav om innhegning av beitedyr i samband med forvaltning av freda rovvilt

Gjerding er konfliktyft, særleg i høgfjellet, fordi det kan vere ei ulempe for beitebruk, fri ferdsel og landskapsforhold. Sanketrøer er det bruk for i samband med sanking og skilling av sau. Eventuelt behov for gjerde i høgfjellet måtte vere som sperregjerde, men det er ikkje kjend slike behov i nasjonalparken. Når beitedyra blir sankta, blir dei teke ned til lågareliggande område utafor nasjonalparken, der det finst sanketrøer.

Det ligg ein vatningsveg frå Tatteråa til Bøåa på Lesja. Vatningsanlegget har framleis stor bruksverdi, samstundes som det er verdifult for kulturminnevernet. Bruken av anlegget fremmer i denne samanhengen både jordbruksinteressene og kulturminnevernet.

Der er registrert til dels store tap til freda rovvilt på sau og lam. Dette representerer vesentlege økonomiske tap, tap i samband med avl og ei stor personleg belastning for den einskilde brukar.

4.2.2 Retningslinjer

Tema

Vedlikehald av vassveg (§ 3, pkt 1.2 d.

Med direkte heimel i verneforskrifta kan det utførast vedlikehald av vassvegen når det gjeld m.a. molding, reinsk av dammar og vassvegar, skifte av treverk i vassvegar og trog, skifte av luker.

Ein skal kunne nytte nyare materialar som plast, aluminium, impregnert treverk, men i regelen på ein måte som ikkje endrar det historisk visuelle inntrykket ved anlegget. Bruk av nye materialar må avklarast med kulturminnestyresmaktene.

Ved å utarbeide ein vedlikehaldsplan for vatningsanlegget vil ein kunne dokumentere

- Anlegget si lokalisering, trasé og omfang
- Svake og problematiske punkt
- Kulturminneverdien ved anlegget
- Aktuelle vedlikehaldstiltak
- Ekstra kostnader ved vernet

Beite § 3, pkt 2.2 a. §4, jf. naturmangfaldlova § 48.



Beite er tillate etter verneforskrifta.

Etter søknad om dispensasjon kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til oppsetting av nødvendige linkar/sambandsutstyr for bruk av elektronisk bjelle ("databjelle") på sau.

Uttak av ved § 3, pkt 2.2 f.

Etter forvaltningsplanen kan det til kvar seter og hytte innafor nasjonalparken avverkast ved til årleg husbehov. Dette gjeld for Ulvådalen i Rauma kommune, som er det einaste området innafor nasjonalparken med tilstrekkeleg skogdekning. Uttak skal skje som tynningshogster av bjørk der ein sett att ein del ovestandarar, minst 30 trær / daa, for å betre forholda for gjenvekst.

4.3 Bygningar mm.

4.3.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Sidan det ikkje finst setrar i drift eller anna dyrka mark i Reinheimen nasjonalpark, er det heller ikkje mange landbruksbygg. Det er nedlagte setrar på Trollstølen og Vakkerstølen. I Reinheimen er det meir enn 60 husvere av ulik standard. Det finst eit titals gjetarbuer som blir nytta i samband med tilsyn med og sanking av beitedyr. Nokre av buene kan ha ein kombinert funksjon, då dei også blir nytta i samband med jakt, fiske og friluftsliv. Vidare er det 5 turisthytter og i tillegg diverse jakt- og fiskebuer eigd av private eller dei lokale fjellstyra.

Turisthyttene er omtalt i kap 5.5.1. Dei fleste av dei private hyttene ligg i Ulvådalen.

Byggjeskikk

Området i Reinheimen nasjonalpark er svært spreidd utbygt, så det kan vere vanskeleg å gjere greie for ein eins byggjeskikk.

I fjellet finn ein ulike bygningsformer

- | | |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none">● Innsmogo (automatisk freda kulturminne)● Buer som er innbygt i bakken med ein framvegg av stein/tre● Reine steinbuer● Små lafta buer | <ul style="list-style-type: none">● Bord- / plankebuer● Nyare husvere med bindingsverk / bordkledning● Naust● Garnkasser. |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

Byggjeskikken har utvikla seg over tid og nyare bygg skil seg ofte frå den lokale byggjeskikken når det gjeld

- Storleik, både høgde og grunnflate
- Materialar til taktekking
- Ytterkledning
- Større glas og dører
- Isolering
- Ringmur eller såle i betong.
- Bruk av nettinggjerde og impregnerte stolpar.



4.3.2 Retningslinjer

Tema

Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, a og 1.3, a, b og c.

Ved vedlikehold og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i

- Materialval
- Byggjeteknikk
- Utforming og farge,

jf. opplistinga ovafor.

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemma i landskapet. Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet.

Nye bygg § 3, pkt 1.1,

Nye bygg tillatast ikkje oppført.

Vedlikehald § 3, pkt 1.2 a.

Med direkte heimel i verneforskrifta kan det utførast eit vanleg bygningsmessig vedlikehald av eksisterande bygningar. Vedlikehaldet skal byggje på den utforminga som bygget har.

Det er tilstanden på taket som avgjer om arbeidet er å rekne som nybygg /oppattføring eller vedlikehald.

Gjenoppføring § 3, pkt 1.3 a.

Etter søknad skal ein normalt få løyve til å setje opp att bygningar som har gått tapt ved brann eller naturskade. Som hovudregel skal den nye bygningen settast opp på same plassen og ha om lag same utsjånad som bygget det skal erstatte. Ein kan likevel gje løyve til endringar i tråd med ny og forbetra kunnskap eller endringar som forbetrar utsjånaden til bygget i tråd med rettleiaren for lokal byggeskikk. Bygg som blir bygd opp etter dette punktet skal ha same funksjon som det bygget som gjekk tapt. Dersom bygget hadde ei uheldig plassering i høve til verneverdiane, kan forvaltningsstyresmakta krevje at bygget blir sett opp andre stader enn der det stod tidlegare.

Ombygging § 3, 1.3 b og siste ledd.

Etter søknad kan ombygging av eksisterande bygg normalt tillatast.

Utviding § 3, pkt 1.3 b.

Det skal normalt ikkje godkjennast utviding av eksisterande bygg. Etter søknad kan det likevel godkjennast utvidingar som gjev praktiske forbetringar, lettar vedlikehaldet, aukar tryggleiken, betrar utforminga av huset og tilpassing til landskapet. Utvidingar skal ikkje leggje til rette for auka overnattingskapasitet. Ved vurdering av søknad om utviding skal det leggjast vekt på at bygget blir halde i eksisterande storleiksorden, og at nytt bruksareal ikkje blir auka med meir enn 10 %.

Fellesbuer til beitebruk og tilsyn § 3, pkt 1.3 c.

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til oppføring av fellesbuer ved særleg behov i område med organisert beitebruk i regi av beitelag. Storleik og



utforming skal vere tilpassa og avgrensa til det behovet som er knytt til beitebruken.

Fellesbuer til beitebruk og tilsyn skal ikkje overstige eit samla areal 40 m² (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus.

Gjerde- og sanketrøer § 3, pkt 1.3 e.

Det må søkjast forvaltningsstyresmakta om løyve. Dersom eit behov for gjerde eller sanketrøe skulle oppstå, må ein leggje til grunn at slike tiltak er til ulempe for villreinen og derfor skal avgrensast til eit minimum. Det blir ikkje opna for å gjerde inn hytter og buer.

Garnkasser § 3, pkt 1.3 g.

Etter søknad er garnkasser tillate sett opp i Skjåk allmenning. Det gjeld følgjande reglar for utforming og bruk:

Kasser for utstyr og proviant skal ikkje overstige 1 m³. Største høgde skal ikkje overstige 0,8 m. Kasser for utstyr og proviant skal plasserast minst mogleg skjemmande og framtreddane i terrenget. Kassene skal plasserast inntil naturleg forhøgdingar som t.d. fjellknauser, større steinblokker og liknande. Synlege flater skal tildekkjast med naturlege materialar i området.

Fleire kasser må ikkje koplust saman når formålet er å skape bueiningar

Garnkasser skal registrerast hjå forvaltningsstyresmakta som skal føre kartotek over plasseringa av dei.

4.4 Friluftsliv

4.4.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Reinheimen nasjonalpark er eit attraktivt område for friluftsliv. Området har ein låg tilretteleggingsgrad, særleg dei austlege områda, og kjensla av ro og harmoni er noko som slår mange som bruker området. Dette kan ha samband med at tilretteleggingsgraden er moderat, besøkstala er låge og at landskapet har eit opphavleg og storskala preg. Området kan i liten grad nåast direkte med offentlege transportmiddel. Reinheimen har stor verdi for lokalt friluftsliv. Området er verdifullt også for andre enn lokale brukargrupper. Særleg er dei vestlege områda med DNT og Ålesund og Sunnmøre Turistforening sin infrastruktur med hytter og merka stigar mykje nytta.

Det er tradisjonell varding av gamle ferdselsråk i området, t.d. Løvegen som kryssar fjellet frå Aursjoen til Nysætra i Lordalen og vidare til Lesjaskog. Her er det råk mellom Ottadalen og Lesja over Heggebottflya mellom Lora og Stamsætre i Skjåk og eit gammalt råk frå Finndalen over Vesleskaret under Skartind til Rustesætre i Lordalen. Frå Verma og Vermedalen går det stig gjennom nasjonalparken til Settvikane i Trollstigen landskapsvernområde. (Jf temakart nr 2).

ÅST / DNT sitt rutenett



Ålesund og Sunnmøre turistforening (ÅST) og DNT Oslo og Omegn driv sin aktivitet vest for ei line mellom Billingen – Brøstdalen. I området er det turisthytter med eit nett av merka ruter. Ein oversikt over hytter og rutenett er gjeve nedafor i tabell 3 og 4 og i temakart nr 2 og 3.

Tabell 3. ÅST /DNT Oslo og Omegn sine ruter.(Reinheimen nasjonalpark), jf temakart nr 2 og 3.

Kode	Strekning	Merking	Årstid	Verneområde
sun27	Billingen – Torsbu	T	Sommar	Reinheimen NP
sun28	Billingen – Veltdalshytta	T	Sommar	Reinheimen NP
sun37	Danskehytta – Veltdalshytta	T	Sommar	Reinheimen NP
sun50	Pyttbua – Reindalseter	T	Sommar	Reinheimen NP / Tafjorden – Reindalen LVO
sun51	Pyttbua – Veltdalshytta	T	Sommar	Reinheimen NP
sun49	Tjønnebu – Grønningseter	T	Sommar	Reinheimen NP / Trollstigen LVO
sun31	Torsbu – Pyttbua	T	Sommar	Reinheimen NP
sun32	Torsbu – Tunga	Umerka	Sommar	Reinheimen NP / Romsdalen LVO
sun29	Torsbu – Veltdalshytta	T	Sommar	Reinheimen NP
sun43	Tunga – Pyttbua	T	Sommar	Reinheimen NP / Romsdalen LVO
sun44	Tunga – Vakkerstølen	T	Sommar	Reinheimen NP / Romsdalen LVO
sun47	Vakkerstølen – Muldal	T	Sommar	Reinheimen NP / Tafjorden – Reindalen LVO
sun45	Vakkerstølen – Pyttbua	T	Sommar	Reinheimen NP
sun46	Vakkerstølen – Reindalseter	T	Sommar	Reinheimen NP / Tafjorden – Reindalen LVO
sun48	Vakkerstølen – Tjønnebu	T	Sommar	Reinheimen NP
sun42	Verma – Vakkerstølen	Umerka	Sommar	Reinheimen NP / Romsdalen LVO
sun27v	Billingen – Torsbu	Kvista	Vinter	Reinheimen NP
sun43v	Pyttbua – Brøstdalen	Kvista	Vinter	Reinheimen NP / Romsdalen LVO
sun31v	Torsbu – Pyttbua	Kvista	Vinter	Reinheimen NP
sun29v	Torsbu – Veltdalshytta om Kupevatnet	Kvista	Vinter	Reinheimen NP
sun54v	Torsbu – Veltdalshytta om Litlefjell	Kvista	Vinter	Reinheimen NP
sun28v	Veltdalshytta – Billingen	Kvista	Vinter	Reinheimen NP
sun37v	Veltdalshytta (Fieldfarehyta) – Danskehytta	Kvista	Vinter	Reinheimen NP
sun51v	Veltdalshytta (Fieldfarehyta) – Pyttbua	Kvista	Vinter	Reinheimen NP

Hytter og buer

Den tradisjonelle bruken av fjellet knytt til jakt og fiske er fortsett vanleg i Reinheimen, særleg for bygdefolk. Desse aktivitetane var og er mykje knytt til buer, hytter og innsmogo med ulik storleik og standard på høvelege plassar i fjellet. Også fordi Reinheimen nasjonalpark etter måten er lite tilgjengeleg frå veg, er utøving av

friluftsliv i området mykje knytt til bruken av hytter og buer som ligg spreidd over heile området

Fjellstyra, Finndalen bruksrettslag, Skjåk allmenning og andre har opne buer som er tilgjengeleg for allmenta, t.d. for bruk i samband med jakt og fiske.

Det finst eit tal eigarlaus gamle buer / buplassar som står opne for allmenta. Det er også fleire private hytter i nasjonalparken. Steinbuer er også eit vanleg innslag.

ÅST og DNT Oslo og Omegn har følgjande hytter i og i tilknytning til nasjonalparken:

Tabell 4. Turisthytter.

Hytte	Betjening	Eigar	Merknad
Torsbu (DNT)	Sjølvbetjent	DNT Oslo og Omegn	Reinheimen NP
Veltdalsbu	Sjølvbetjent	ÅST	Utafor nasjonalaparken
Reindalsseter	Betjent	ÅST	Tafjorden – Reindalen LVO
Pyttbua	Sjølvbetjent	ÅST	Reinheimen NP
Vakkerstøylen	Sjølvbetjent	ÅST	Reinheimen NP
Tjønnebu	Ubetjent	ÅST	Reinheimen NP

Klatring og nyare former for friluftsliv

Områda av nasjonalparken som ligg mot Romsdalen, er særleg kjent for og mykje brukt i samband med klatring. Her er mange kjente klatretopper, som t.d.

Trolltindane, som krev ulik grad av ferdigheit.

Telting

Det er registrert meir permanente leirar med lavvo og liknande som blir ståande utover ei veke i samband med utøving av jakt og fiske. Dette kan vere uheldig dersom dei tek i bruk område med viktige vilttrekk eller attraktive fiskeplassar. Faste teltleirar kan vere til skade for verneformålet. Nærområdet rundt leiren vil bli direkte påverka av ferdsel og bruk, og leirområdet kan bli utgangspunkt for auka organisert ferdsel inn i nasjonalparken. Slik aktivitet er derfor søknadspliktig.

Målstyrt forvaltning

Ved Billingen i Skjåk er det sett i gang eit forsøk med målstyrt forvaltning. Det er gjennomført ulike informasjons- og tilretteleggingstak. Samstundes blir det gjennom ferdselsregistrering og anna kartlegging gjort forsøk på å måle effekten av tiltaka.

4.4.2 Retningslinjer

Tema

Vedlikehald og ny tilrettelegging § 3, pkt 1.2 b, 1.3 d og f.

Ein ønskjer i utgangspunktet ikkje omfattande tilrettelegging for friluftslivet i nasjonalparken. Tilrettelegging bør samlast i randsonar og i område der det er eksisterande tilretteleggingstiltak.

Med direkte heimel i verneforskrifta og i medhald av forvaltningsplanen kan det gjerast vedlikehald av eksisterande stigar med varding, bruer og klopper (Jf temakart nr 2)

Forvaltningsstyresmakta kan vidare etter søknad gje løyve til merking av stigar og oppsetting av skilt i medhald av forvaltningsplanen (jf. kart nr. 2).

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bygging av bruer og klopper.



Det kan vere behov for tiltak for å kanalisere og trygge ferdsla eller hindre uheldig terrengslitasje.

Ved vurdering av aktuelle tilretteleggingstiltak skal ein ta omsyn til forholda for landskap, naturmiljø og dyreliv slik at

- Fysiske tilretteleggingstiltak ikkje blir skjemma for omgjevnadene
- Det ikkje blir lagt til rette for ferdsel som kan medføre unødig slitasje på terrenget
- Det ikkje blir lagt til rette for ferdsel som kan kome i konflikt med viktige viltområde som parings- og hekkeområde for fugl og leveområde for villrein

All tilrettelegging for friluftsliv i fjellet, som merking av stigar, stikking av skiløyper og bygging av bruer og klopper, skal vere i tråd med Direktoratet for naturforvaltning si handbok 27 *Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv, 2001 (DN2001)* og *Merkehåndboka, DNT mfl 2002 (DNT 2002)*

Tilretteleggingstiltak skal utførast med vekt på omsyn til naturmiljøet og tilpassing til landskapet gjennom materialval og utforming. Ein bør helst nytte stadeigne materialar som tre og stein, men dette kan ein avvike frå av omsyn til tryggleik og vedlikehald.

Turistforeininga § 3, pkt 1.2 b, c, 1.1

Med direkte heimel i verneforskrifta kan ÅST/DNTOslo og Omegn sine hytter og rutenett drivast vidare som i dag, jf tabell 3 og 4 og temakart nr 2. Det blir ikkje opna for utviding av overnattingskapasiteten på hyttene eller bygging av nye hytter.

Organisert ferdsel og ferdselsformer som er til skade § 3, pkt 5.2, 5.3.

All ferdsel skal skje med omsyn til landskap og naturmiljø.

Med direkte heimel i verneforskrifta er det tillate med organisert turverksemd til fots når dette ikkje er til skade for naturmiljøet.

Organisert ferdsel er ferdsel der person, lag, firma eller liknande planlegg, koordinerer eller arrangerer turen, og det er tale om verksemd med grupper av deltakarar, ein aktivitet som blir gjenteke eller der aktiviteten er kunngjort på førehand. Utsetting av postar for turorientering, topptrim, trimpostar og liknande innafor nasjonalparken kjem også inn under organisert ferdsel.

Det er søknadsplikt for anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet. Guiding på villrein (utanom jaktguiding) vil direkte påverke villreinen sin bruk av leveområde og vere til skade for villreinen og er ikkje tillate.

I dag er ferdsla i området begrensa, slik at organisert ferdsel generelt ikkje er eit trugsmål for naturmiljøet. Organisert ferdsel som ikkje skadar naturmiljøet er derfor ikkje søknadspliktig, men utviklinga må følgjast nøye slik at ferdsla ikkje blir til skade for verneformålet.

Traséar for organisert bruk av hest, sykkel og hundespenn § 3, pkt 5.3.

Ein vil i forvaltningsplanen peike på følgjande traséar som aktuelle for organisert bruk



av hest (temakart nr 2):

- Langfjelldalen og Veslelangdalen i Norddal og Rauma kommuner
- Området Vangen – Råkvassosen i Lom kommune
- Løvegen mellom Aursjoen i Skjåk og Lesjaskog

Traséar for sykling og organisert bruk av hundespenn kan ikkje einast med målet om å ta vare på villreinen sitt leveområde. Det blir ikkje opna slike traséar i nasjonalparken.

Telting § 3, pkt 5.6.

Retningslinene gjeld ikkje for bruk av vandretelt. Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til telting utover ei veke på same stad.

Løyvet skal avgrensast, t.d. til jaktida for villrein, fiske- eller beitesesongen, og ikkje gje ei plassering som er til ulempe for verneverdiane og andre brukarar. Det skal elles setjast slike vilkår:

- Telta må ikkje plasserast i faste villreintrekk.
- Telta må plasserast lågt i terrenget og trekkast attende inn under ei stigning i terrenget, slik at dei ikkje kjem i silhuett mot horisonten.
- Etter bruk skal teltplassen ryddast, all søppel skal fraktast ut av nasjonalparken og plassen førast mest mogleg attende til slik den var før teltinga fann stad.
- Løyvet til telting skal i fyrste omgang berre gjevast for eitt år for å kunne følgje med i konsekvensane av bruken.

4.5 Reiseliv

4.5.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Infrastruktur i Reinheimen nasjonalpark

I Reinheimen er det ikkje etablert reiselivsverksemdar, men det finst ein grunnleggjande infrastruktur:

- 6 turisthytter* (i nasjonalparken eller andre tilliggjande verneområde)
- Andre hytter til utleige og opne buer
- Merka og umerka råk og kvista skiløyper*
- Kart
- Allment sal av jakt- og fiskekort (statsallmenning/bygdeallmenning).

*(Sjå avsnitt om Friluftsliv)

I tilknytning til jakt på villrein er det i dei seinare år utvikla jaktpakker med guide, overnatting, servering og kløving, t.d. frå Skjåk og i regi av aktørar i Skjåk. Området er ikkje tilrettelagt med elektrisitetsforsyning eller fasttelefon. Dekning for mobiltelefon er varierende.

Offentlege og private vegar er ført fram like utafor grensa for nasjonalparken ved følgjande stader (jf. kartvedlegga):

- Finndalen
- Rv 15 Billingsdalen
- Muldalen
- Rv 63 Trollstigen (sommar)
- Vermedalen (sommar)



- Brøstdalen (sommar)
- Rånåbygde
- Lordalen
- Slådalen
- E 136 gjennom Romsdalen

Andre verdiar

Området har store natur- og kulturverdiar, og kan derfor ha appell i eit marknadssegment som etterspør natur- og kulturbaserte reiselivsprodukt.

Potensialet

Trafikkteljingar viser at det passerer t.d.

- 600.000 personar/år over Trollstigen
- 300.000 personar/år gjennom Ottadalen

Tålegrense

Naturen si tålegrense i forhold til bruk kan ikkje uttrykkast ved eit absolutt målbart kriterium. Det er også avhengig av kva for mål ein har for forvaltninga av området. Leveområda for villrein er sårbare for auka ferdsel. Stadig skræming og uro vil redusere beitetida og auke energiforbruket. Delar av leveområdet kan få redusert bruk eller gå heilt ut av bruk. Kulturminne kan også bli meir utsett ved auka ferdsel.

Organisert ferdsel – ferdsel som er til skade

Ferdselsformer som kan skade naturmiljøet blir i fyrste rekkje fanga opp av reglane for motorferdsel, men også omfattande fotturisme, bruk av hest, hundekøyring og sykling kan gje skadar. Bruk av hest kan vere til nytte når det gjeld å halde oppe eksisterande råk og gamle ferdselsvegar.

Opplegg som tek sikte på å kome i nærkontakt med villrein (reinsafari, ikkje jaktguiding) vil kunne medføre ulemper for villreinen når det gjeld uro og redusert bruk av område delar av området.

For å bidra til at organisert aktivitet i nasjonalparken ikkje skadar verneverdiane, er det viktig at aktørar som tilbyr organisert reiselivsverksemd har kunnskap om vernereglar og verneverdiar i områda.

4.5.2 Retningslinjer

Tema

Nybygging § 3, pkt 1.1.

Det blir ikkje opna for nybygging av bygningar eller annan infrastruktur for reiselivsformål i Reinheimen nasjonalpark.(jf. avsnitt om bygningar, sjå avsnitt 4.3)

Ferdsel og aktivitet § 3, pkt 5.

Forvaltningsstyresmakta må utarbeide eit informasjons- og opplæringsprogram i nært samarbeid med reiselivsaktørane som sikrar slik kunnskap.

For tilrettelegging for friluftsliv i samband med reiselivsverksemd, sjå avsnitt 4.4.

Forvaltningsstyresmakta må vurdere utviklinga av ferdsel og reiseliv i Reinheimen opp mot:

- Målet om å sikre leveområdet for villrein.
- Vern av kulturminne.
- Ivaretaking av andre verneverdiar

Ved dokumenterte ulemper eller skade på verneverdiane kan forvaltningsstyresmakta innføre søknadsplikt for organisert ferdsel eller leggje om/ leggje ned merka turruter. Direktoratet for naturforvaltning kan og regulere ferdsla ved eiga forskrift (jf. pkt. 4.4.2.)

4.6 Jakt- og fiske

4.6.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Jakt og fiske er ei viktig brukarinteresse innafor vernområdet. Det blir jakta på villrein og småvilt som rype og hare. Det er fiske med stong, oter og garn i elver og vatn. Jakt og fiske skal kunne utøvast som før. I Reinheimen er aure einaste fiskearten, med unntak av røye som finst i Røytjønn i Lesja. Vidare gjev verneforskrifta at forvaltningsplanen skal definere referanseområde med forbod mot kalking. Etter verneforskrifta kan det bli gjeve løyve til utsetting av fisk frå lokale stammar i vatn der dette er gjort tidlegare.

4.6.2 Retningslinjer

Tema
<p>Forbod mot innføring av artar § 3, pkt 3.1.</p> <p>Forbodet mot å innføre nye viltartar gjeld utsetting av individ eller grupper av individ. Når det gjeld innvandring av artar frå andre område, må viltstyresmaktene ta stilling til felling etter gjeldande lovverk.</p>
<p>Utøving av jakt og fiske § 3, pkt 3.2, a, b.</p> <p>Utøving av jakt og fiske er direkte heimla i verneforskrifta, og kan utøvast etter reglane i lakse- og innlandsfiskelova og naturmangfaldlova. Forvaltningsstyresmakta skal samrå seg med viltstyresmaktene i forvaltnings-spørsmål som kan vere viktig for viltet, med særleg tanke på forvaltning av villrein, våtmarksfugl og rovfugl.</p>
<p>Utsetting av fisk § 3, pkt 3.3, a.</p> <p>Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til utsetting av fisk frå lokale fiskestammar i vatn der det tidlegare er sett ut fisk. Ei liste over desse vatna følger som vedlegg til forvaltningsplanen (vedlegg 7).</p>
<p>Kalking av fiskevatn § 3, pkt 3.3 b.</p> <p>Heile nedbørsområdet til Føysa blir lagt ut som referanseområde med totalforbod mot kalking. Føysa er særleg vår for sur nedbør og kan derfor gje eit tidleg varsel om kjemiske endringar i nedbøren. Området er vist i vedlegg (temakart nr. 1).</p> <p>Heile nedbørsområdet til Skjerva blir lagt ut som referanseområde med totalforbod mot kalking. Skjerva representerer eit stort areal i nasjonalparken og vil i tillegg til Føysa gje eit tilfredsstillande areal med referanseområde for overvaking av langtransportert luftforureining. Området er vist i vedlegg (temakart nr 1).</p>



Båt i opplag, § 4, Naturmangfoldlova, § 48.

Ved fiskevatn der det er opna for fiske med garn eller oter kan det vurderast å gi løyve til å ha båt i opplag på land. Dersom opplag av båtar er til hinder for ferdsla langs vassdraget eller får landskapsmessige konsekvensar, kan forvaltningsstyresmakta gje nærare føresegner for det enkelte vatn, om talet på båtar og kor og korleis dei skal lagrast.



Karitind og Putteggja. Foto: Per Jordhøy

4.7 Motorferdsel

4.7.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Det er ikkje bilvegar i nasjonalparken, så all motorferdsel er å rekne som motorferdsel i utmark. Aktuell motorferdsel i Reinheimen nasjonalpark er

- I utmark / på islagte vassdrag
- Start og landing med luftfartøy, lågtflyging under 300 m
- Bruk av motorfartøy på vatn.

Motorferdsel i utmark (også snødekt mark) og på islagte vassdrag skjer i samband med:

- Oppsyn
- Vitskaplege undersøkingar
- Dyreteljningar
- Transport av ved og utstyr til buer og hytter
- Transport av utstyr, brensel og mat til turistforeningshytter

- Transport av båtar og garnkasser (i Skjåk)
- Transport av saltsteinar
- Snømålingar
- Tilsyn med beitedyr (med båt i Ulvådalen)

Det er etablert leigekøyringsordning etter Nasjonal forskrift om motorisert ferdsel i utmark og på islagte vassdrag § 5 a i alle kommunane. Det skjer ei omfattande køyring med snøscooter i samband med bestandsregistreringar og skadeførebyggjande uttak av jerv.

Målet er å halde motorferdsla på eit minimum.

4.7.2 Retningslinjer

Tema
Forbod § 3, 6.1.
I Reinheimen nasjonalpark er motorisert ferdsel i utgangspunktet forbode og særleg konfliktskyld fordi nasjonalparken skal vere skjerm for unødvendig støy og uro. Transportar skal ha eit klårt nytteformål. Motorisert ferdsel som har preg av turkøyring skal ikkje skje. Det er ikkje heimel for å gje løyve for køyring på barmark.
Løyve etter søknad
Øvingar m.m. § 3, pkt 6.3 a, jf. 6.2 a.
Søknader om motorferdsel i samband med forsvaret, andre offentlege etatar og hjelpekorps sine øvingar skal inngå som del av ein årleg plan for øvingsverksemda. Formålet med øvingane, talet på personar og køyretøy, bruk av anna utstyr og øvingsområde skal framgå av søknaden. For hjelpekorps gjeld at planen skal vere godkjend av politimeisteren slik det følgjer av retningslinjer frå Direktoratet for naturforvaltning (sjå brev frå Direktoratet for naturforvaltning til fylkesmennene av 01.03.99. Vedlegg). Alle søknader om kjentmannsskøyring skal vurderast med omsyn til verneverdiane, omsynet til dyrelivet, friluftsliv og utskifting av folk i hjelpekorpsa. Hovudregelen er at ein skal gjere seg kjent i områda utan bruk av køyretøy ved til dømes ski og fotturar. I samband med at hjelpekorps tek på seg kvisting av skiløyper bør ein nytte høvet til å gjere nye menneskaper kjent i områda.
Søknad om motorisert ferdsel under øvingar for Forsvaret skal vurderast strengt, og løyve vil normalt ikkje gjevast om ein kan bruke alternative øvingsområde. Dette skal vere vurdert i søknaden.
Lågtflyging under 300 meter er ikkje tillate over nasjonalparken, og dette omfattar og militære lågtflygingsøvingar i tida 01.04 – 01.06.
Vidare skal det etablerast rutiner med kontakt med oppsynet og villreinutvalet i samband med øvingane. Også motorisert ferdsel i samband med oppsyn og forvaltning bør skje planmessig med vekt på å redusere ferdsla til eit minimum.
Nødvendig transport av ved, material eller varar til buer og hytter med vidare § 3, pkt 6.3
Motorisert ferdsel i Reinheimen nasjonalpark skal haldast på eit nødvendig minimum. Motorferdsel i samband med bruk av beltegåande køyretøy på snødekt mark til ulike formål (verneforskrifta §3, pkt 6.3 b for nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter og utkøyring av båt, skal i regelen skje ved bruk av leigekøyrar (jf Nasjonal forskrift om motorisert ferdsel i utmark og på islagte vassdrag §



5a).

For å sikre fleksibilitet og å unngå unødig behandling av søknader, skal løyve gjevast for ein aktuell periode. Leigekøyrar/transportør skal varsle oppsynet på førehand i forhold til den aktuelle dagen når transporten skal skje for å hindre moglege ulemper for villreinen og for å halde oversikt over motorferdsel i verneområdet. Det skal førast køyrebok som skal sendast forvaltningsstyrsmakta innan 5. juni kvart år.

For kjende, faste transportformål kan det gjevast løyve for inntil 5 år med avgrensing i tal på turar/sesong. Talet på turar skal normalt avgrensast, t.d. slik:

- på vinterføre 1 – 5 turar
- på vatn 1 – 10 turar
- i lufta 1 – 3 turar.

Køyring på snødekt mark skal normalt ikkje skje etter 20. april, ev. 3. påskedag om den er seinare.

Tiltakshavar eller transportør kan søkje om løyve. Avgjerande for behandling av søknaden er kva for formål det blir søkt om og omsynet til verneformåla. Søknaden skal innhalde opplysningar om formål, trasé, tidsrom og antal turar.

Etter søknad kan det gjevast dispensasjon for transport av varig rørslehemma til eiga hytte. Definisjon av rørslehemma følgjer av MD sitt rundskriv T-1/96, men personar som på grunn av alder eller mellombels sjukdom er rørslehemma blir ikkje rekna som varig rørslehemma i denne samanhengen.

Traséar § 3, pkt 6.3,b.

Transport etter verneforskrifta § 3, 6.3, b skal følgje desse traséane, jf temakart nr 4:

- Ulvådalsvatnet med avstikkarar til buer / hytter og til Jervebua i Litlhånådalen.
- Restjønna til hytte i Mebotn og Gråvåskaret.
- Langvatnet til hytte i Slettflybotn.
- Nasjonalparkgrense og mest tenleg trasè for snøscooter til Trollbua og Storvassbua.
- Frå grensa til nasjonalparken til Pyttbua og vidare mot Veltdalshytta.
- Skårvangsetrin – gjetarbu i Gravdalen.
 - Frå Vangen og opp på vestsida av Råkååe til buer ved Råkåvatnet.
 - Aursjoen til Sveinbu og Engelskmannbue.
 - Aursjoen til Leirungsvatnet med avstikkar til Storhøhytta
 - Billingen til Tverråhytta og Veltdalshytta, samt til Torbue og Friisbue
 - Billingen til Skarvedalshytta, Dørkamphytta og Storvasshytta
 - Nysætre til Grønbue

Luffartøy § 3, pkt 6.3, b, c.

Søknader om lufttransport skal berre innvilgast ved særleg behov som gjeld for nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt eller flyging lågare enn 300 meter over bakken i samband med beitedyrleiing og dyreteljingar. Ved vurderinga skal ein leggje vekt på om bruk av luffartøy gjev samla mindre motorferdsel enn ved bruk av andre motoriserte transportmiddel.

Saltstein § 3, pkt 6.3, d.



Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til transport av saltstein på snødekt mark. Transporten skal skje i regi av beitelag. Løyvet skal avgrensast til eit tidsrom og normalt berre gjelde for eit avgrensa tal turar for det enkelte beitelag. Det skal nyttast leigekøyrar ved transporten. Det bør vere ein oversikt for utkøyringa av saltstein.

Motorisert ferdsel med båt § 3, pkt 6.3, f, g.

Ved søknad om motorisert ferdsel med båt på Ulvådalsvatnet og Leirungsvatnet som gjeld fiske, materialtransport og tilsyn med beitedyr skal det setjast vilkår om at motorstyrke ikkje er over 10 hk.

Ved søknad om motorisert ferdsel med båt på Torsvatnet i samband med utøving av fiske og jakt (gjeld og transport av jegerar), skal det sejust vilkår om at motorstyrke ikkje er over 10 hk.

Vedlikehald av vatningsanlegg § 3, pkt 6.3, h.

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til bruk av motorisert transport og maskinar på barmark ved vedlikehald av vatningsanlegget Tatteråa og Bøåa. Det skal setjast vilkår om type utstyr, trasé, tidsavgrensing og reparasjon av varige køyreskadar.

Garnkasser § 4, jf naturmangfaldlova § 48.

Forvaltningsstyresmakta kan for område i Skjåk almenning gje løyve til transport av garnkasser på snødekt mark. Etter søknad kan garnkassene bli flytta mellom vatn. Transporten skal skje med leigekøyrar. Ttransport for oppfylling av garnkasser er ikkje tillate.

Vintermerking av skiløyper § 4, jf naturmangfaldlova § 48.

Ved merking av vintermerka løyper i regi av Ålesund og Sunnmøre Turistforening/DNT Oslo og Omegn, jf forvaltningsplanen kap 4.4.1 tabell 3 og temakart nr 3, kan det gjevast dispensasjon (jf § verneforskrifta 4) for bruk av snøscooter ved oppsetting og nedattaking av merkekvistar, men ikkje for tilsyn med løypene.

4.8 Kulturminne

4.8.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Reinheimen er svært rik på kulturminne etter tidlegare fangstkultur, ferdsel og annan bruk. Av registrerte kulturminne kan nemnast:

- Gamle buer og krypinn som ligg vidt rundt i fjellet, og som var brukt under jakt, fangst og fiske
- Øvre del av Lordalen i Lesja kommune med kulturminne knytt til fangst på villrein med massefangstanlegg både knytt til vatn, sluseforma anlegg og store antal murte fangstgroper på rekkje på land
- Området rundt Råkåvatnet i Lom kommune med ei rekkje kulturminnetypar, mellom anna to falkefangaranlegg
- Gamle ferdselsvegar som t.d. Løvegen mellom Skjåk og Lesjaskog
- Demning ved Illstigvatnet



- Krypinn for reinsjegarar ved stig til Illstigvatnet
- "Steinset" – stor ur med murar

I dei siste åra er det funne store og omfattande anlegg i både Vesleskjervedalen i Lesja kommune og Gravidalen i Vågå kommune som har gjeve ny kunnskap om fangst i fjellet i gammal tid.

4.8.2 Retningslinjer

Tema
Vern av kulturminne § 3, pkt 4.2.
Kulturminne er verna mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne. Dette skal skje etter ein skjøtelsesplan for kulturminnet og i samråd med kulturminnestyresmakta.

4.9 Biologisk mangfald/verdifulle naturtypar

4.9.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Område som er registrert som svært viktige (A) eller viktige (B) for det biologiske mangfaldet er:

- Fjellbjørkeskog, mellomrik myr og lyngrabbar
 - Kulehøgda/Langfjelldalen, Norddal kommune (B)
- Barskogområde med gammal furu/ulvelav
 - Billingsdalen, område aust for Føysa ved Tora, Skjåk kommune (B)
- Fossesprutlokalitet
 - Føysa, Skjåk kommune (B)
- Rik fjellvegetasjon på kalkhaldig grunn
 - Sandfjellet, Norddal kommune (A)
 - Puttbudalen: nedre Skardfjellet, Rauma kommune (B)
 - Øvre Romsdalen, Puttbudalen: Benkehøsnøya, Rauma kommune (B)
 - Horgheimsflya: Heimre Storhøa, Rauma kommune (A)
 - Øvre Horgheimsæterlia mot Grønhøa, Rauma kommune (B)
 - Låg-gøymen i Tordalen, Skjåk kommune (B)
 - Veslefjellet nord for Vuluvatnet, Skjåk kommune (B)
 - Trihøene, Lesja kommune (B)
 - Tatterhøe – Nonshøe/Grønhøe, Lesja kommune (A)
- Område med sørberg, kantkratt og rasmark
 - Indre Muldal – To område som er klassifisert som svært viktig, Norddal kommune (A)
- Verdifulle våtmarksområde
 - Råkåvatnet/Leirungsvatnet med 20 artar av hekkande våtmarksfugl der artane bergand, havelle og svartand står på den nasjonale raudlista (A)

I tillegg til villreinen og freda rovvilt har nasjonalparken også tilhald av fugleartar som er på den nasjonale raudlista. Dette gjeld både rovfuglar, våtmarksfuglar, vadadar og "småfuglar" som fjellerke (Opheim 2001)

4.9.2 Retningslinjer

Tema

Omsyn til område viktig for biologisk mangfald § 3. pkt 2.1, 2.2, 3.1, 3.2 og 3.3.

Forvaltningsstyresmakta skal ta omsyn til område med verdifulle naturtypar, villrein og raudlista artar, t.d. fuglar, ved søknader om tiltak.



Torsbu. Foto: Morten Kielland

4.10 Forureining

4.10.1 Retningslinjer

Utsleppsløyve § 3, pkt 1.1, 7.1 og 7.2

Det er forbod mot forureining som forsøpling, brenning av avfall og støy og ljøs som ikkje er nødvendig.

Brenning eller deponering av avfall i samband med bruk av hytter, buer og turisthytter er ikkje tillate. Det skal ikkje gjevast utsleppsløyve eller løyve for oppretting av deponi innafør nasjonalparken.

Motorisert isbor § 3, pkt 7.2.

Det skal vere lov å bruke motorisert isbor ved utsetting av fisk.



4.11 Vitskaplege undersøkingar og undervisningar

All forskingsaktivitet i nasjonalparken som kan skade verneformålet krev løyve frå forvaltningsstyresmakta. Dette gjeld t.d. motorferdsel i utmark, terrenginngrep og ferdse som skader villreinen.

4.11.1 Retningslinjer

Tema

Vitskaplege undersøkingar § 4, jf naturmangfaldlova § 48.

Vitskaplege institusjonar som planlegg vitskaplege undersøkingar som kan vere til skade for verneformålet, må søkje forvaltningsstyresmakta om dispensasjon frå vernereglane. Det vil normalt ikkje bli gjeve løyve til forskning som kan skade naturmiljøet. Forsking som gjev mykje ferdsel over lang tid over store område i nasjonalparken i tider på året der slik aktivitet er negativt for verneformålet er søknadspliktig. Døme på dette er forskning som gjev aktivitet i eller nær kalvingsområda til villreinen om våren.

Forvaltningsstyresmakta vurderer forholdet til vernereglane, den samfunnsmessige interessa av forskingsprosjektet og konsekvensane for verneformålet.

Forskningsprosjekt må vurderast i ein samanheng der ein ser på den samla verknaden på verneverdiane, og om forskningsprosjektet alternativt kan gjennomførast utafor nasjonalparken. I vurdering av søknadene skal forvaltningsstyresmakta også leggje vekt på å ivareta behovet for ei fri og uavhengig forskning.



Fiske med garn.. Foto: Per Jordhøy

5 Tafjorden - Reindalen landskapsvernområde

5.1 Om området

Formål (jf. Forskrift av 24. nov. 2006 nr. 1304 § 2):

Formålet med opprettinga av Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med innslag av kulturlandskap der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart
- ta vare på eit samanhengande område varierende frå høg fjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til rike lauvskogier langs Tafjorden
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Tafjord-Reindalen landskapsvernområde dekkjer 74 km² og ligg i Norddal kommune. Heile området er i privat eige. Innafor området ligg to nedlagte gardsbruk og fem setrar utan aktiv drift. Småfe beitar i området. Ålesund og Sunnmøre Turistforening driv Reindalsæter turisthytte i Reindalen og har også etablert eit merka stignett i området. Landskapsvernområdet ligg i overgangen mellom fjord og høg fjell, der ein finn artsrike edellauvskogar med tilhøyrande raudlista insekt- og fugleartar. Området er rikt på kulturminne og er mykje nytta til friluftsliv både av lokale og tilreisande.

5.2 Jordbruk, sætring og skogbruk

5.2.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Det er ingen aktive bruk eller setrar innafor området, men området er i bruk som utmarksbeite for småfe. Landbruket har gjeve eit variert kulturlandskap som har vore i tilbakegang i dei seinare åra i takt med nedlegging av gardsbruk. Det blir hogge ved til eige bruk i området.

Fleire område er i bruk til beite. I hovudsak blir desse områda mest brukt:

- Muldalen nordaust for Tafjord
- Heisætra
- Reindalen
- Djupdalen (Valldal)

Fire grunneigarar har aktive bruk og har pr. i dag om lag 200 sau på beite kvart år frå ca. 15. juni til ca. 20. september.

Det er i dag ingen planar om oppattdyrking eller nydyrking, men dette kan bli aktuelt seinare. Det blir årleg sett opp enkle sankekvever i Muldalen. Det er i liten grad sett opp andre gjerde, men det kan bli aktuelt å setje opp gjerde ved seterområde eller ledegjerde.

Det er ingen aktiv tømmerhogst til anna enn ved i dag, men innafor området står det hogstmoden skog på Skjeggammaren som grunneigarane ønskjer å avverke. Det har vore hogst i området tidlegare, då med tradisjonelle metodar som hest og



løyping. I dag vil hogsten krevje tilrettelegging av køyrespor frå kommunal veg sør for hammaren. I tillegg er det vedhogst til eigen bruk i Muldalen og Reindalen.

Kulturlandskapet har vorte til etter hundreår med aktiv landbruksdrift. Beiting, slått og hogst har forma naturlandskapet til kulturlandskap slik det står fram i dag. Dei mest særmerkte kulturlandskapa i området er knytt til områda med gardsbruk og setrar i

- Muldalen
- Heggurdalen
- Heisætra
- Reindalen
- Djupdalen (Valldal)

Det kulturlandskapet landbruket har skapt gjennom fleire hundreår med beite og utmarksslått er ein viktig del av verneformålet.

5.2.2 Retningslinjer

Tema
<p>Drift av eksisterande jordbruksareal og sætervollar § 3, pkt 1.2, a</p> <p>Verneforskrifta er ikkje til hinder for drift av eksisterande jordbruksareal og setervollar, så lenge det ikkje er i strid med verneformålet. Moderne driftsformar med plantevernemiddel, kalk, jordarbeiding, drenering og anna kan nyttast/gjennomførast når det ikkje skadar verneformålet, t.d. biologisk mangfald i verdifullt kulturlandskap.</p>
<p>Krav til bevaring av kulturlandskapet § 3, pkt 1.2 a, § 6</p> <p>Krav til bevaring av kulturlandskapet gjeld alle eigedomar. Det er mellom anna forbod mot lukking av elvar, bekkar og opne grøfter, fjerning av steingjerde, særmerkte steinblokkar, åkerholmar og gamle rydningsrøyser, planering av jordbruksareal, inngrep i gamle ferdselsårer, sprøyting av kantsoner og åkerholmar.</p>
<p>Oppattaking og nydyrking av areal § 3, pkt 1.3, e og f.</p> <p>Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad godkjenne oppattaking av areal til jordbruks- og seterformål, samt oppdyrking og beitekultivering av nye areal, der dette er med på å ta vare på kulturlandskapet i samsvar med verneformålet. Med oppattaking meiner ein areal som ikkje er inngjerda for kontrollert beiting, og som blir nytta i aktiv setring eller slått årleg.</p> <p>Ved oppattdyrking og nydyrking vil det vere nødvendig å vurdere tiltaket opp mot:</p> <ul style="list-style-type: none"> ● om området har viktige verneverdiar som til dømes biologisk mangfald eller kulturminne ● større landskapsformer kan bli øydelagt ● om det finst brakklagde område som kan bli oppattdyrka i staden <p>og å sjå dette i samband med verdien av området som blir oppdyrka. Nydyrking krev i tillegg løyve etter gjeldande lovverk.</p> <p>Forvaltningstyresmakta sender søknad vidare til rette organ viss den blir godkjent i tråd med forskrifta.</p>
<p>Skogsdrift § 3 pkt 2.1, 2.2.</p> <p>Etter forskrifta er hogst etter jord- og skogbrukslova tillate, men det skal takast omsyn</p>



til følgjande:

- Generelt skal avverking skje på ein måte som ikkje endrar landskapsbiletet vesentleg.
- Hogst av flater over 3 daa er forbode. For å kunne utføre hogst på tilstøtande område, må vegetasjonen på førre hogstfelt minst vere 1,5 m.
- Det er forbode å felle særmerkte tre som pregar landskapet eller som er viktige for dyrelivet.
- Ny etablering av skog skal i hovudsak skje ved naturleg forynging, men ein kan ved behov drive suppleringsplanting. I samband med planting etter hogst må ein ikkje innføre nye planteartar, gjeld og nyplanting av gran, eller endre samansetnaden av treslag.
- Ved planting må ein ikkje endre landskapsbiletet, ved til dømes å plante i rette liner som i eit tradisjonelt plantefelt.

Beite § 3, pkt 2.3.

Med direkte heimel i verneforskrifta er beite tillate innafor heile området

5.3 Bygningar mm.

5.3.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Med bygningar til landbruks- og seterformål meinast

- | | |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none">● fjøs● løer● høyløer● seterhus | <ul style="list-style-type: none">● gjetarbuer● hus for reiskap brukt til landbruksformål |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

Det ligg om lag 30 slike bygningar i området i dag fordelt på desse lokalitetane (eitt bruk, resten setrar):

- | | |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none">● Muldal● Muldalsætra● Heisætra● Heggurdalen | <ul style="list-style-type: none">● Reindalsætra● Djupdalen (Valldal)● Myreheia● Svarthammardalen |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

Kulturlandskap med seterbygningane, setervollar og kulturminne er ein del av verneformålet. Innafor området finn vi høyløer, seterhus, naust og turisthytter. Kommunen har utarbeidd eigne retningsliner for utforming av slike bygg, desse er samla i "Byggeskikk og estetikk", eit hefte med råd om planlegging og bygging i Norddal/Stordal/Stranda kommunar, april 1998 (Nemnda for byggeskikk i Norddal/Stordal/Stranda. 1998). Rettleiinga til lokal byggeskikk får ein hos kommunen. Dei fleste bygningane i området inngår i eit heilskapeleg kulturmiljø. Byggeskikken er og godt dokumentert i heftet "Setrar i Norddal", der det er gjennomført ei kulturhistorisk registrering av setermiljøa i heile kommunen.

Den lokale byggeskikken er kjenneteikna i høve

landskap og miljø

- at husa er samla i små og store tun/klynger og forhold seg til kvarandre
- geografisk orientering etter retning på dalsider, vindretning
- nært rennande vatn

materialval

- tre



- torv
- naturstein og skifer (murar)

fysisk utforming

- små glas eller gluggar
- dør på enden av eine gavlveggen
- ein etasje (unnatak der fjøset ligg under selet)
- torv – eller skifertak
- 15-30 m² i grunnflate (frittliggande sel)
- 2,5 – 5 m breidde
- lengde opp mot det dobbelte av breidda
- saltak
- tømmermannspanel
- inga behandling av ytterpanel
- små vedskot/ostebuer på eine gavlveggen, pulttak mot gavlveggen eller som forlenging av hovudvolum
- store steintrapper med store heller ved inngangen

teknikk

- laft
- grindbygg
- bindingsverk
- natursteinsmur rett på mark som ikkje er arbeidd

Det finst bygg som viker frå dette:

- samanbygde sel/fjøs med to etasjar, breidde opp mot 3 m og lengd opp mot tre gonger breidda
- fjøs med grunnflate 7 - 60 m², kvadratiske eller rektangulære, inngang på gavlenden.

5.3.2 Retningslinjer

Tema

Byggjeskikk § 3, pkt 1.3.

Den lokale rettleiaren for Norddal, samt kjenneteikna som er skissert i dette kapittelet skal følgjast ved nybygging, ombygging, tilbygg og vedlikehald av eksisterande bygningsmasse. Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemmande i landskapet.

Vedlikehald § 3, pkt 1.2, b,

Vanleg vedlikehald er direkte heimla i verneforskrifta. Vanleg vedlikehald må ikkje medføre endring i storleik eller eksteriør på bygningen. Endring i eksteriør er til dømes å skifte til andre typar glas, male utvendig i ein annan, framståande farge, å leggje blikktak der det før var torv eller å bordkle tømmerhus som ikkje var vore bordkledt tidlegare.

Det er tilstanden på taket som avgjer om arbeidet er å rekne som nybygg /oppattføring eller vedlikehald.

Nye bygg for jordbruks- og sæterformål § 3, pkt 1.3, a, b.

Etter søknad kan det gjevast løyve til å setje opp nye bygningar til jordbruks- og



seterformål. Dette kan til dømes vere

- gjenoppføring av tidlegare seterhus
- seterhus der slike ikkje finst
- buer til bruk for tilsyn med dyr på beite i regi av beitelag
- hus til avlingar og husdyr eller andre nødvendige bygningar til jordbruksformål

Ved søknad skal det leggast vekt på om eksisterande bygningsmasse i området kan nyttast, framfor å byggje nytt. Som ved vedlikehald og ombygging, skal nybygg følgje rettleiinga for lokal byggjeskikk som ligg føre.

Oppføring av nye bygningar og anlegg (gjerder, bruar og klopper) som er nødvendige til jordbruksformål vil bli vurdert i kvart enkelt tilfelle. Det blir ikkje gjeve løyve til nye byggverk i ubebygde område.

Ved søknad om bygging på tufter eller ved nedfalne bygningar som ikkje er utsett for naturskade, skal ein rekne dette som nybygg.

Ved søknad skal forvaltningsstyresmakta ta omsyn til utforming av inngrepa.

Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3, c.

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til ombygging av og tilbygg til eksisterande bygningar. Ein skal då vurdere heilskapen i miljøet der bygningen står, og om endringa fører til vesentleg forringing av dette.

Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter. Eit døme vil vere å gjere om driftsbygg til fritidsbustad. Viss bruksendring kan føre til auka aktiv bruk av kulturlandskapet slik at dette blir oppretthalde, kan forvaltningsstyresmakta likevel tillate bruksendring. Ei bruksendring må likevel ikkje føre til endring i eksteriøret på bygningen.

For bygg til jordbruks- og sæterføremål skal arealet tilpassast driftsmessige behov. For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta tillate ei utviding slik at samla areal ikkje overstig 75 m² (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelt uthus og anneks, maks 3 bygningar. Ved vurdering av storleik på utvidinga skal forvaltningsstyresmakta ta omsyn til omgjevnaden og opprinneleg storleik på bygningen. Høve der det berre blir gjeve løyve til mindre utvidingar:

- i sårbare område som snaufjell eller seterområde
- av omsyn til andre bygningar i nærleiken
- av andre omsyn der ein bygningsmasse på 75 m² ikkje er ønskjeleg, t.d. tidlegare praksis, byggjeskikk

Gjenoppføring av bygningar § 3, pkt 1.3. d.

Etter søknad skal ein normalt få løyve til å setje opp att bygningar som har gått tapt ved brann eller naturskade. Som hovudregel skal den nye bygningen settast opp på same plassen og ha om lag same utsjånad som bygget det skal erstatte. Ein kan likevel gje løyve til endringar i tråd med ny og forbetra kunnskap eller endringar som forbetrar utsjånaden til bygget i tråd med rettleiaren for lokal byggjeskikk. Bygg som blir bygd opp etter dette punktet skal ha same funksjon som det bygget som gjekk tapt. Dersom bygget hadde ei uheldig plassering i høve til verneverdiane, kan



forvaltningsstyresmakta krevje at bygget blir sett opp andre stader enn der det stod tidlegare.

Gjerding § 3, pkt 1.3 i, jf 1.2 a

Etter søknad kan ein gjerde inn beite dersom det er nødvendig av særskilte grunnar, til dømes for å

- oppretthalde høgt beitetrykk på eit avgrensa område
- halde beitedyr unna innmark
- leie beitedyr til ønska område ved sperregjerde

Gjerde må takast ned og transporterast vekk frå området eller lagrast forsvarleg dersom beitet over tid ikkje blir nytta. Slik kan dyr på utmarksbeite bidra til at kulturlandskapet blir halde ved like.

Gjerding av hytter, seterhus og setervollar som ikkje er i aktiv bruk, kjem ikkje under løyve for gjerding som gjeld drift av jordbruksareal og setervollar. Det er mogleg å søkje om særskilt løyve til å gjerde i utmark, men ein vil vere svært restriktiv med slike løyve med tanke på den endring dette vil utgjere i eit særprega setermiljø. Gjerding skal skje innafor lokal byggjeskikk.

Det blir ikkje opna for å gjerde inn hytter og buer.

Riving av seterlegg § 3, pkt 1.3, h.

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til å rive bygning knytt til seteraktivitet. Dette gjeld i tillegg til sel, både fjøs, høyløer, buer og uthus, uansett teknisk stand. Forvaltningsstyresmakta skal hente inn fagleg råd frå kulturminnevernstyresmakta ved behandling av søknad. Forvaltningstyresmakta kan gje løyve til riving dersom bygningen ikkje inngår i nokon heilskap på plassen.

Ved riving for flytting og oppsetting på anna tomt utafør seterstulen, skal det ikkje gjevast løyve.

5.4 Friluftsliv

5.4.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Fotturar er den mest brukte forma for friluftsliv i området. Dette er mest knytt til nettet av stigar som grunneigarar og Ålesund og Sunnmøre Turistforening (ÅST), jf temakart nr 2 og 3, held ved like. Stigane kryssar landskapsvernområdet i alle retningar, og nokre går vidare inn i nasjonalparken. Stigane er i fyrste rekkje knytt til fiskevatna og turisthyttene. Størst tettleik er det ut frå Reindalsæter. Det er eit mål at stignettet ikkje skal vere tettare enn nødvendig, og det har dei siste åra vore ein gjennomgang av ÅST sitt nett, og enkelte stigar har vorte "lagt ned", dvs at merkinga har vorte teke vekk. Det er ikkje eit ønske å "opne" fleire stigar i ÅST sin regi. Andre mykje brukte stigar er Muldal - Seterdalen og Fjørå - Heggurda. I tillegg kjem ei rekkje umerka stigar.

ÅST vedlikeheld sitt stignettverk (tabell 5) etter Merkehandboka (DNT m.fl 2002), som er ei handbok for "tilrettelegging og merking av turruter i fjellet (...)". Her står det blant anna: *"Merking er alltid et inngrep i naturen og bør derfor utføres så diskret som mulig (...) En bruker derfor de materialer som er på stedet (...) Videre skal det tas*



hensyn til verneverdige områder som kan ta skade av økt ferdsel (...) for eksempel (...) kalvingsplasser for rein.”

Tabell 5. ÅST /DNT sine ruter.(Tafjorden – Reindalen landskapsvernområde), jf temakart nr 2 og 3

Kode	Strekning	Merking	Årstid	Verneområde
-	Reindalseter - Zakariasvatnet	T	sommar	Tafjorden – Reindalen LVO
sun 30	Reindalseter – Veltdalshytta	T	sommar	Tafjorden – Reindalen LVO
sun 34	Reindalseter – Danskehytta	T	sommar	Tafjorden – Reindalen LVO
sun 37v	Veltdalshytta - Danskehytta	Kvisting	vinter	Tafjorden – Reindalen LVO
sun 46	Reindalseter – Vakkerstølen	T	sommar	Tafjorden – Reindalen LVO / Reinheimen NP
sun 47	Muldal – Vakkerstølen	T	sommar	Reinheimen NP / Tafjorden – Reindalen LVO
sun 50	Reindalseter – Pyttbua	T	sommar	Tafjorden – Reindalen LVO/ Reinheimen NP
sun 52	Reindalseter – Muldalen	T	sommar	Tafjorden – Reindalen LVO

Vegen og stigen frå fylkesvegen opp til Muldal, vidare gjennom Tafjordsæterdalen og til Vakkerstøynen blir merka av ÅST, men grunneigarane vedlikeheld veg og stig fram til Muldalsætra.

Følgjande stigar er rydda og sett i stand av Øvre Valldal grendelag:

- Grønning – Djupdalen
- Alstadseter - Midtheia – Fremsteheivatnet
- Midtheia – Middagsbotnen
- Gudbrandsjuvet - Myreheia - Holsaksla

Det er ingen organisert ferdsel med sykkel i området i dag, men enkeltpersonar bruker sykkel på vegen til Muldal og vidare til Tafjordsætra. Mange nyttar området til haustingsfriluftsliv. Jakt, fiske og bærplukking har lange tradisjonar i heile området.

Ferdsla i området (her også meint organisert ferdsel) har ikkje eit så stort omfang at det utgjør eit trugsmål for naturmiljøet. Utviklinga må likevel følgjast nøye slik at ferdsel og ferdselsformer som er til skade for naturmiljøet ikkje får utvikle seg.

5.4.2 Retningslinjer

Tema

Vedlikehald og ny tilrettelegging § 3, pkt 1.2. d, 1.3. k

Med direkte heimel i verneforskrifta og i samsvar med forvaltningsplanen kan det gjerast vedlikehald av eksisterande stigar med varding, bruer og klopper (Jf temakart nr 2).

Tiltak som er tillate omfattar å fjerne greiner og trær i og nær stigen, tilretteleggje for kryssing av bekkar og våte parti med materialar ein finn i området og vedlikehalde merking. Følgjande bruer kan haldast ved like utan søknad

- Øvste - Reindalen (teke inn vinterstid)
- Smettevatn.

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta godkjenne oppgradering eller anna endring



av standard på tilrettelegging i forhold til vernetidspunktet og opparbeiding og merking av nye stigar og løyper når det ikkje skadar verneverdiane. Dette gjeld t.d. ved Djupdalsvatnet, på Midtheia, den gamle seterstigen over Skjegghamaren til Muldal. Dette gjeld og bygging av nye klopper og bruer.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til enkle tiltak som kan styrke friluftslivet eller ei næringsssatsing knytt til verneområdet eller som kan kanalisere ferdsla. Med enkle tiltak er det her tenkt på:

- Stutte merka ruter evt. med førar (car walks)
- Naturstigar
- Småskala reiselivsutvikling i seterområda
- Tilrettelegging av enkelte kulturminne for formidling av historia knytt til bruken av området.

Søkjjar skal dokumentere reelt behov for tiltaket. Ved søknad om løyve skal forvaltningsstyresmakta ta omsyn til

- utforming av tiltaket
- om dyrelivet kan ta skade av tiltaket
- om terrenget tåler auka slitasje som følgje av kanalisert bruk
- om det finst tilrettelegging i nærleiken som kan brukast til staden for å lage til nytt

All tilrettelegging for friluftsliv i landskapsvernområdet, som merking av stigar, stikking av skiløyper og bygging av bruer og klopper, skal vere i tråd med Direktoratet for naturforvaltning si handbok 27 *Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv, 2006* (Direktoratet for naturforvaltning 2006) og *Merkehåndboka, DNT mfl 2002* (DNT2002).

Tilretteleggingstiltak skal utførast med vekt på omsyn til naturmiljøet og tilpassing til landskapet gjennom materialval og utforming. Ein bør helst nytte stadeigne materialar som tre og stein, men ein kan avvike frå dette av omsyn til tryggleik og vedlikehald.

Organisert ferdsel og ferdselsformer som er til skade § 3, pkt 4.1, 4.2

Det er ikkje restriksjonar på organisert turverksemd til fots så lenge dette ikkje er til skade for naturmiljøet. All ferdsel skal skje med omsyn til landskap og naturmiljø.

Organisert ferdsel er ferdsel der person, lag, firma eller liknande planlegg, koordinerer eller arrangerer turen, og det er tale om verksemd med grupper av deltakarar, ein aktivitet som blir gjenteke eller der aktiviteten er kunngjort på førehand. Utsetting av postar for turorientering, toptrim, trimpostar og liknande innafor landskapsvernområdet kjem også inn under organisert ferdsel.

Det er søknadsplikt for organisert ferdsel og andre ferdselsformer som kan skade naturmiljøet. Guiding på villrein (utanom jaktguiding) vil direkte påverke villreinen sin bruk av leveområdet og vere til skade for villreinen og er ikkje tillate.

Organisert bruk av sykkel, hest og hundespenn er ikkje underlagt restriksjonar, med mindre bruken fører til slitasje på og utafør stigar slik at verneverdiar blir forringa.



Dersom slik ferdsel aukar i mengde til å bli ein trussel for verneverdiane, må forvaltningsstyresmakta vurdere bruk av søknadsplikt og tiltak som kan avbøte dette.

5.5 Reiseliv

5.5.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Innafor verneområdet ligg ÅST si betjente turisthytte Reindalsæter. Denne inngår i ÅST sitt rutenett i Reinheimen, som også er med på å kanalisere ferdsla i området. Området rundt Reindalsæter Turisthytte vart nytta som utmarksbeite fram til 1969, dei siste åra berre med nokre få mjølkekyr. Sesongen ved hytta varer frå siste halvdel av juni til slutten av august. Tal på overnattande gjester i 2007 var 2879 (2006: 3738). ÅST har gjennomført opprusting av turisthytta, blant anna med eit annekst for sjølvbetjening utaom sesongen for den betjente hytta. For å slippe å bruke dieselaggregat er det trekt kraftline frå kraftstasjon ved Zakariasvatnet opp til toppen av Reindalsfossen (utafor LVO-området). Lina er vidare lagt i bakken/vatn frå fossen fram til Reindalsæter. Løyve er gjeve frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Norddal kommune.

Muldalen er ein privat fjellgard drifta med enkel servering til forbipasserande turgåarar i sommarhalvåret. Det har vore planar om å utvide drifta, men over same lest som tidlegare. Det er ikkje kjent med anna kommersiell utnytting i Tafjorden – Reindalen landskapsvernområde i dag.

5.5.2 Retningslinjer

Tema

Drift av turisthytter § 3, pkt 1.2, b.

Drifta av Reindalsæter turisthytte kan halde fram som før vernetidspunktet, men heile tida på ein måte som gjer at plante- og dyrelivet, samt kulturminne i området ikkje blir skadelidande. Forskrifta har inga innverknad på vanleg vedlikehald av bygningar, men vedlikehaldet må ikkje føre til endringar i storleik eller eksteriør på den eksisterande bygningsmassen. Utover allereie eksisterande og godkjende planar, blir det ikkje høve til å oppføre nye bygningar i samband med drifta.

For tiltak på bygningar gjeld retningslinjene under pkt. 5.3 Bygningar.

Oppstilling og parkering av campingvogner og bular § 3, pkt 1.2, c.

Slik oppstilling kan skje på parkeringsplass i Sødalsvika, mellom tunnelen og brua (temakart nr 1) . Parkering for kortare opphald som ikkje inneber overnatting, kan skje langs alle vegar som er opne for motorferdsel.

Anna kommersiell utnytting i området § 3 pkt 1.3, k 4.1, 4.2 og 4.3.

Folk som driv organisert ferdsel i og gjennom området, skal setje seg inn i gjeldande vernereglar og må rette seg etter dette. Vernereglane legg ikkje band på slike aktivitetar, med mindre dei skadar verneverdiane (til dømes dyre- og plantelivet), eller Direktoratet for naturforvaltning etter nærare avgrensing regulerer eller forbyr ferdsel som kan være til skade for naturmiljøet.

For tilrettelegging for friluftsliv i samband med reiselivsverksemd, sjå avsnitt 5.4.

Ved dokumenterte ulemper eller skade på verneverdiane kan forvaltningsstyres-



makta innføre søknadsplikt for organisert ferdsel eller leggje om/ leggje ned merka turruter (jf. pkt. 5.4.2.).

5.6 Jakt og fiske

5.6.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

På Reindalsæter sel ÅST fiskekort på vegne av seg sjølv og grunneigarane. Ved Raudnukdalsvatnet står ei lita bu av stein som naust. Når båten ligg ute, er det eit par briskar inne ein kan liggje på. Her blir det òg drive garnfiske.

Det er jakt på hjort og rein i området, mens småviltet blir i mindre grad utnytta. Det blir gjennomført noko foldejakt på mår og røyskatt. Det er observert elg i området sør for Reindalssetra, men det blir ikkje felt noko dyr.

5.6.2 Retningslinjer

Tema

Utsetting av fisk § 3, pkt 3.1.

Etter søknad er det tillate å setje ut fisk frå lokale fiskestammar i vatn det før har vore sett ut fisk i, jf vedlegg 7.

Jakt og fiske § 3, pkt 3.2, a, b.

Utøving av jakt og fiske er direkte heimla i verneforskrifta, og kan utøvast etter reglane i lakse- og innlandsfiskelova og naturmangfaldlova. Jakt kan utøvast etter reglane i viltlova. Forvaltningsstyresmakta skal samrå seg med viltstyresmaktene i forvaltnings-spørsmål som kan vere viktig for viltet, med særleg tanke på forvaltning av villrein, våtmarksfugl og rovfugl

5.7 Motorferdsel

5.7.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

ÅST har om lag tre årlege flygingar med helikopter til Reindalsæter med hovudflyging i juni, mellom anna med proviant, propan og ved. Det har tidligare vore innvilga enkelte landingsløyve for private i samband med vedlikehald og oppattføring av bygningar på stølar i området. Tafjord Kraft bruker helikopter om lag ein gong i månaden i samband med vedlikehald/ettersyn og anna for sine kraftanlegg.

Bruk av snøscooter er i alle høve underlagt "Lov om motorferdsel i utmark" Snøscooter har vore brukt av Tafjord Kraft til mellom anna snømålingar og vedlikehald av vegar og kraftanlegg. Det er eit ujamnt tal turar gjennom året. Denne praksis er ikkje bandlagt av vernereglane. Det er i liten grad brukt snøscooter i samband med frakt av materialar, ved eller anna til hytter eller setrar i området tidlegare, men dette kan bli aktuelt.

Oppkøyring av skiløyper er ikkje brukt i området.

5.7.2 Retningslinjer

Tema

Forbod § 3, 5.1



I Tafjorden - Reindalen landskapsvernområde er motorisert ferdsel i utgangspunktet forbode og særleg konfliktfylt fordi landskapsvernområdet skal vere skjerma for unødvendig støy og uro. Transportar skal ha eit klårt nytteformål. Motorisert ferdsel som har preg av turkøyring skal ikkje skje.

Hogst § 3, pkt 5.2, b

Motorferdsel i samband med lovleg hogst er direkte heimla i verneforskrifta. Køyring på barmark og særleg på beresvak mark bør unngåast.

Ved terrengtransport skal ein leggje vekt på å unngå terrengskadar som er skjemmaende og som kan forårsake vassavrenning og erosjon.

I område med mykje mark med dårlig bereevne og der faren for terrengskadar er stor ved drift i sommarhalvåret, skal utdrift av tømmer helst finne stad på frosen eller godt snødekt mark. Det skal primært ikkje skje terrengtransport i område som er sett av som biologisk viktige område.

Stigar og løyper, samt vegar av kulturhistorisk interesse, skal ein ikkje nytte som køyretrasé der det er praktisk mogleg å unngå dette. Unnateke er stigar og løyper som er lagde i allereie opparbeidde køyretraséar for skogsdrift og til friluftsliv. Det kan òg bli gjort unnatak frå hovudregelen for å unngå dobbelttraséar og alternative utdriftstraséar som vil ha større negative konsekvensar for miljøet og friluftslivet.

Hjulspor som fører til vassavrenning og erosjon, køyreskadar i stigar og løyper og andre vesentlege skadar, skal ein utbetre så snart fukttilhøva gjer dette praktisk mogleg etter at ein har slutta å bruke utdriftstraséen.

Felt elg og hjort § 3, pkt 5.2 f.

Uttransport av felt elg og hjort med lette beltekøyretøy (type "elgtrekk"), ikkje ATV, under skoggrensa kan berre skje når det ikkje er fare for terrengskade.

Løyve etter søknad

Øvingar m.m. § 3, pkt 5.3 a, jf. 5.2 a.

Søknader om motorferdsel i samband med forsvaret, andre offentlege etatar og hjelpekorps sine øvingar skal inngå som del av ein årleg plan for øvingsverksemda. Formålet med øvingane, talet på personar og køyretøy, bruk av anna utstyr og øvingsområde skal framgå av søknaden. For hjelpekorps gjeld at planen skal vere godkjend av politimeisteren slik det fylgjer av retningslinjer frå Direktoratet for naturforvaltning (sjå brev frå Direktoratet for naturforvaltning til fylkesmennene av 01.03.99. (Vedlegg 8). Alle søknader om kjentmannsskøyting skal vurderast med omsyn til verneverdiane, omsynet til dyrelivet, friluftsliv og utskifting av folk i hjelpekorpsa. Hovudregelen er at ein skal gjere seg kjent i områda utan bruk av køyretøy, ved til dømes ski og fotturar. I samband med at hjelpekorps tek på seg kvisting av skiløyper bør ein nytte høvet til å gjere nye mannskaper kjent i områda.

Søknad om motorisert ferdsel under øvingar for Forsvaret skal vurderast strengt, og løyve vil normalt ikkje gjevast om ein kan bruke alternative øvingsområde. Dette skal vere vurdert i søknaden.



Vidare skal det etablerast rutiner med kontakt med oppsynet og villreinutvalet i samband med øvingane. Også motorisert ferdsel i samband med oppsyn og forvaltning bør skje planmessig med vekt på å redusere ferdsla til eit minimum.

Nødvendig transport av ved, material eller varar til buer og hytter med vidare § 3, pkt 5.3.

Motorisert ferdsel i utmark i Tafjorden - Reindalen landskapsvernområde skal haldast på eit nødvendig minimum. Motorferdsel i samband med løyve etter verneforskrifta § 5.3. skal i regelen skje ved bruk av leigekøyrar. (jf Nasjonal forskrift om motorisert ferdsel i utmark og på islagte vassdrag § 5 a.).

For å sikre fleksibilitet og å unngå unødig behandling av søknader, skal løyve gjevast for ei aktuell periode. Leigekøyrar/transportør skal varsle oppsynet på førehand i forhold til den aktuelle dagen når transporten skal skje for å hindre moglege ulemper for villreinen og for å halde oversikt over motorferdsel i verneområdet. Det skal førast køyrebok som skal sendast forvaltningsstyrsmakta innan 5. juni kvart år.

For kjende, faste transportformål kan det gjevast løyve for inntil 5 år med avgrensing i tal på turar/sesong.

Talet på turar skal normalt avgrensast, t.d. slik:

- på vinterføre 1 – 5 turar
- på barmark 1 – 3 turar
- i lufta 1 – 3 turar.

Køyring på snødekt mark skal normalt ikkje skje etter 20. april, ev. 3. påskedag om den er seinare.

Tiltakshavar eller transportør kan søkje om løyve. Avgjerande for behandling av søknaden er kva for formål det blir søkt om. Søknaden skal innhalde opplysningar om formål, trasé, tidsrom og antal turar.

Etter søknad kan det gjevast dispensasjon for transport av varig rørslehemma til eiga hytte. Definisjon av rørslehemma følgjer av MD sitt rundskriv T-1/96, men personar som på grunn av alder eller mellombels sjukdom er rørslehemma blir ikkje rekna som varig rørslehemma i denne samanhengen.

Motorferdsel langs køyrespor § 3, pkt 5.3, d

Forvaltningsstyrsmakta kan etter søknad gje løyve til nødvendig køyring langs køyrespor for traktor frå Muldalen til Muldalsætra og Skjegghammaren, jf temakart nr 2, i samband med frakt av materialar, brensel og utstyr til hytter eller buer, samt i samband med lovleg hogst i området. Forvaltningsstyrsmakta skal ikkje gje slikt løyve viss det er til varig skade på terrenget eller på annan måte er til skade for verneverdiane i området.

Traséar § 3, pkt 5.3, c.

Transport etter verneforskrifta § 3, 5.3, c skal følgje desse traséane, jf kart nr 9:

- Kjerrevegen til Muldal
- vegen vidare frå Muldalen til Muldalsætra (berre lufttransport eller på snødekt mark)
- Muldal til Reindalsseter (lufttransport)



Luffartøy § 3, pkt 5.3, c.

Søknader om lufttransport skal berre innvilgast ved særleg behov som samla gjev mindre motorferdsel.

Det er ikkje høve til å gje dispensasjon for landing med luffartøy for tur- eller reiselivsformål.

Saltstein § 3, 5.3, b.

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til transport av saltstein på snødekt mark. Transporten skal skje i regi av beitelag. Løyvet skal avgrensast til eit tidsrom og normalt berre gjelde for eit avgrensa tal turar for det enkelte beitelag. Utkøyringa skal skje ved leigekøyrar. Det bør vere ein oversikt for utkøyringa av saltstein.

5.8 Vegar og køyrespor

5.8.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Det finst berre ein privat veg til landbruksformål i området, traktorvegen frå fylkesvegen mellom Valldal og Tafjord til Muldal. Etter verneforskrifta kan køyring langs vegen til Muldal skje i samband med landbruksdrift, men det er ikkje opna for motorferdsel på stigen innover til Tafjordsætra. Vegen til Muldal var kommunal fram til 1980, då han etter ein gjennomgang av kommunale vegar vart nedlagt som kommunal veg. Sidan 1980 har grunneigarane i Muldal halde ved like vegen sjølve. I 2003 vart delar av Sjørdalsvika som vegen ligg i, verna som Muldalslia Naturreservat. Denne forvaltningsplanen omhandlar berre delar av vegen som ligg i Tafjord – Reindalen landskapsvernområde.

5.8.2 Retningslinjer

Tema

Vegvedlikehald §3 pkt. 1.2 b.

Direkte heimla i verneforskrifta er vedlikehald av vegar til den standarden dei hadde på vernetidspunktet. Vedlikehold av den eksisterande vegen skal skje på ein slik måte at den har samme standard som på vernetidspunktet. Vegen kan grusast, eksisterande grøfter kan vedlikehaldast som før. Anlegg av nye grøfter er ikkje tillate. Når det gjeld grusing tenker ein i denne samanhengen kun på vedlikehald av bærelag/slitelag der dette finnes frå før. Det kan ikkje takast masse i verneområdet.

Nye vegar § 3, pkt 1.1.

Det er ikkje opna for å byggje nye vegar i landskapsvernområdet. Det skal ikkje gjevast løyve til å byggje vegar eller etablere permanente køyrespor i samband med oppattbygging av bygg, endra bruk av eldre bygg eller andre formål knytt til eksisterande eller nye bygningar.

Opprusting § 3, pkt 1.3 g.

Det er ikkje høve til å leggje til rette stigar for bruk av ATV eller traktor. Parkering i området kan berre skje på anvist plass rett nord for Muldalsfossen, aust for vegen.



Omlegging og opprusting av vegar for jord- og skogbruksformål § 3, pkt 1.3, g

Etter søknad kan vegar som eksisterte på vernetidspunktet leggjast om over kortare strekningar eller rustast opp til ein høgare standard for å imøtekomme nye behov på grunnlag av endra driftsmåtar og nye maskiner/reiskap. Inngrepa skal likevel avgrensast til det som er nødvendig for å oppnå ønska standard, og det skal vere eit reelt behov for endringa.

Med omleggingar over kortare strekningar meiner ein til dømes omleggingar for å unngå eit blautområde, betre kurvaturen på vegen eller unngå bratte stigningar. Slike omleggingar skal gjerast kortast mogleg i høve til det som krevjast for å oppnå ønska forbetring. Opprusting kan også vere grusing for at vegen skal tåle høgare fart eller tyngre utstyr, eller auka breidde for å kunne bruke større maskiner i høve endra driftsformer og driftsutstyr.

Det er berre vegar som på vernetidspunktet er fysisk opparbeidd til jord- og skogbruksformål som blir omfatta av denne regelen. Køyrespor blir ikkje omfatta av regelen og kan følgjeleg ikkje rustast opp.

I samband med skogsdrift er det høve til flytting av stein og stubbar for å lette tilkomsten. Tiltak utover dette må det søkjast om løyve for.

5.9 Kulturminne

5.9.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde er rikt på kulturminne, der nokre er nemnt her:

- fleire gamle høyløer (i Seterdalen ved Raudnukdalen og Nausen og på Skjegghammaren)
- restar etter tjøremiler (Skjegghammaren)
- to gamle sager (Reindalen)
- Storfurua og Storgadden, to særmerkte tre (Reindalen)
- seterstig (frå Tafjord over Skjegghammaren til Tafjordsætra)
- Høgreimen – slåtteteig og kjerreveg
- Tafjordsætra – gamle tufter, uteløer og avkjøling ved elva

5.9.2 Retningslinjer

Tema

Kulturminnevern § 3, pkt 1.1.

Kulturminne er verna mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne. Dette skal skje etter ein skjøtelsplan for kulturminnet og i samråd med kulturminnestyresmakta.

5.10 Biologisk mangfald/verdifulle landskap

5.10.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

For opplysningar om raudlisteartar m.v. blir det vist til Direktoratet for naturforvaltning sin Naturbase.

Følgjande område er registert som viktige (B) eller svært viktige (A):



- Kalkrike område i fjellet
 - Hulderkoppen, (A)
 - Daurmålshaugen (A)
 - Raudnukdalen, 2 område (B)
 - Sandfjellet (A)
- Rik edellauvskog
 - Yste-Furneset/Heggura (A)

I tillegg har nesten alt kulturlandskap i området høg grad av biologisk mangfald som følgje av dei ekstensive driftsmåtane i landbruket. Dette gjeld områda:

- Muldal
- Muldalsætra
- Tafjordsætra (B)
- Reindalen
- Skjegghammaren

5.10.2 Retningslinjer

Tema

Omsyn til område viktig for biologisk mangfald § 3. pkt 2.1, 2.2, 2.3, 3.1 og 3.2

Forvaltningsstyresmakta skal ta omsyn til verdifulle naturtypar og område med forekomst av raudlista artar ved prioritering av tilretteleggingar og søknader om tiltak i landskapet.



Veltdalen. Foto: Vegard Lødøen.



6 Trollstigen landskapsvernområde

6.1 Om området

Formål (jf. Forskrift av 24. nov. 2006 nr. 1305 § 2):

Formålet med opprettinga av Trollstigen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert natur- og kulturlandskap, der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart
- ta vare på eit samanhengande område varierende frå høgfjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til skogområda øvst i Isterdalen og Meiadalen
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Trollstigen landskapsvernområde dekkjer 146 km² og omfattar område i Voll, Grytten og Norddal Statsalmenningar, samt store delar privat eigedom, jf tabell 1. Området ligg i Rauma og Norddal kommunar. Området blir i stor grad nytta til beite. Rv 63 går gjennom området, og det er stor trafikk på vegen frå medio mai til medio september. Vegen er vinterstengt. Området er i stor grad nytta til friluftsliv, både av lokale og tilreisande.

Området omfattar også lågareliggande kulturlandskap med svært bratte skoglier og høgfjellsområde med frodige dalar som skjer seg ned i fjellandskapet.

6.2 Jordbruk, sætring og skogbruk

6.2.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Det er ingen aktive bruk eller setrar innafor området, men området er i bruk som utmarksbeite for både storfe og småfe. Lang tids bruk har gjeve eit variert kulturlandskap som har vore i tilbakegang dei seinare åra i takt med nedlegging av gardsbruk. Det blir hogd ved i området.

Dei mest særmerkte kulturlandskapa i området er knytt til områda med setrar:

- Steindalen
- Slettvikane
- Knuttsetra.

Utmarksbeite er framleis svært viktig for gardbrukarane i området. I hovudsak blir desse områda brukt til beite:

- | | |
|-----------------------|------------------|
| ● Steindalen | ● Langfjelldalen |
| ● Meiadalen | ● Slettvikane |
| ● Veslelangdalen | ● Isterdalen |
| ● Nedste Brækkevatnet | ● Trollstigen |
| ● Alnesdalen | ● Berilldalen |

Frå landbruket si side er det ønskeleg at beitet fortset som før. Det største trugsmålet mot verneverdiane i kulturlandskapet er det stadig lågare beitetrykket som



følgje av stadig nedleggingar av bruk. Alle områda, unnateke Steindalen, har dei siste åra vore utsett for eit radikalt lågare beitetrykk enn for berre nokre tiår sidan.

Det er lite bruk av gjerde i området i dag.

Innafor området er berre skogarealet i Isterdalen registrert, slik at ein ikkje har ei total oversikt over volumet som blir teke ut kvart år. Ein har heller ikkje tal på tilvekst og treslagfordeling. Det er likevel klart at skogen kryp oppover liene og inn på seterområda. Avverkinga har gått ned særleg etter at setrane i området kom ut av aktiv bruk som følgje av mindre vedhogst og beiting. Boniteten i området er varierende. Ein stor del av den drivverdige skogen ligg i vanskeleg terreng. Skogen i området er for ein stor del furu og bjørk, men det finst noko planta gran på mindre, spreidde felt i Isterdalen.

Det kulturlandskapet landbruket har skapt gjennom fleire hundreår med beite og utmarksslått er ein viktig del av verneformålet.

6.2.2 Retningslinjer

Tema
Eksisterande jordbruksareal og sætervollar § 3, pkt 1.2, a Det er ikkje jordbruksareal eller sætervollar i verneområdet.
Oppattaking og nydyrking av jordbruksareal § 3 pkt 1.3 e og f. Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til oppattaking av areal til jordbruks- og seterformål, samt oppdyrking og beitekultivering av nye areal, der dette bidreg til å ta vare på kulturlandskapet i samsvar med verneformålet. Med oppattaking meiner ein at ein tek i bruk areal som i dag ikkje er inngjerda for kontrollert beiting, og som blir nytta i aktiv setring eller slått årleg. Ved oppattaking og nydyrking vil det vere nødvendig å vurdere <ul style="list-style-type: none"> ● om området har viktige verneverdiar som til dømes biologisk mangfald eller kulturminne ● større landskapsformer kan bli øydelagt ● om det finst brakklagde område som kan bli oppattdyrka i staden og sjå dette i samband med verdien av området som blir oppdyrka.
Krav til bevaring av kulturlandskapet § 3, pkt 1.2 a. § 6 Krav til bevaring av kulturlandskapet gjeld alle eigedomar. Det er mellom anna forbod mot lukking av elvar, bekkar og opne grøfter, fjerning av steingjerde, særmerkte steinblokkar, åkerholmar og gamle rydningsrøyser, planering av jordbruksareal, inngrep i gamle ferdselsårer, sprøyting av kantsoner og åkerholmar.
Skogsdrift § 3 pkt 2.1 og 2.2. Etter verneforskrifta er hogst av flater tillate, men hogst av flater over 3 daa er forbode. For å kunne utføre hogst på tilstøytande område, må vegetasjonen på førre hogstfelt minst ha nådd 1,5 meter. Det er forbode å felle særmerkte tre som pregar landskapet eller som er viktige for dyrelivet. Dette forbodet gjeld dei trea som er med å prege landskapet og som er



viktige for dyrelivet. Generelt skal ein ikkje felle tre som skil seg vesentleg ut i området enten på grunn av alder, storleik, plassering eller annan utsjånad.

Hogst skal utførast på ein slik måte at det blir minst mogleg skjemmande. Det må leggjast vekt på naturlege avgrensingar og at ein sikrar stormsterke hogstkantar. Ein bør unngå snaufatehogst på klimatisk utsette stader som til dømes knausar og åsryggar og der kaldlufta vil samle seg (bekkedrag ol). Det same gjeld der det er så bratt at det vil kunne oppstå fare for ras.

I hovudsak skal ny etablering av skog skje ved naturleg forynging. I samband med planting etter hogst må ein ikkje innføre nye planteartar, eller endre samansetnaden av treslag. Dette omfattar forbod mot planting av gran også i dei områda det var planta gran på vernetidspunktet. Ved planting må ein ikkje endre landskapsbiletet, ved til dømes å plante i rette liner som i eit tradisjonelt plantefelt.

Beite § 3, pkt 2.3.

Med direkte heimel i verneforskrifta er beite er tillate innafør heile området.

6.3 Bygningar mm.

6.3.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Det ligg om lag 10 bygningar i området i dag. Bygningane innafør verneområdet er i liten grad tradisjonelle landbruksbygg, men husvere knytt til bruk av utmarka. Bygningane har eit felles preg av lokal byggjeskikk, sjølv om enkelte skil seg ut frå denne. I april 1998 vart det utarbeidd ein rettleiar for lokal byggjeskikk for vedlikehald av eksisterande bygningar og nybygg i Norddal, Stordal og Stranda kommunar (Nemnda for byggjeskikk i Norddal/Stordal/Stranda. 1998). I 1995 vart det gjort ei kulturhistorisk registrering av setrar i Norddal kommune, der byggjeskikken er godt dokumentert. Rettleiinga til lokal byggjeskikk får ein hos kommunen.

Eit hus til nedfalls eller ei ruin kan òg fortelje ei historie.

Den lokale byggjeskikken er kjenneteikna i høve til:

- landskap og miljø
- materialval
- fysisk utforming
- teknikk

Det finst bygg som viker frå dette.

Det er ikkje planar for nye bygningar knytt til tradisjonelt landbruk eller seterdrift innafør verneområdet.

Innafor verneområda finst det nokre eksisterande hytter/buer. Verneforskrifta viser til at forvaltningsplanen skal gje retningsliner for tilbygg og utviding av desse. Ut frå verneformålet så er det ikkje formålstenleg å opne for vesentleg utviding av eksisterande hytter. Ein kan likevel sjå at det kan vere behov for mindre utvidingar i samband med tilpassing av bygg og behov for uthus.



6.3.2 Retningslinjer

Tema
Byggjeskikk § 3, pkt 1.3 <p>Den lokale rettleiaren for Norddal, samt kjenneteikna som er skissert i dette kapittel skal følgjast ved nybygging, ombygging, tilbygg og vedlikehald av eksisterande bygningsmasse. Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemmande i landskapet.</p>
Vedlikehald § 3 pkt 1.2 b, <p>Vanleg vedlikehald er direkte heimla i verneforskrifta. Vanleg vedlikehald må ikkje medføre endring i storleik eller eksteriør på bygningen. Endring i eksteriør er til dømes å skifte til andre typar glas, male utvendig i ein annan, framstående farge, å legge blikktak der det før var torv eller å bordkle tømmerhus som ikkje har vore bordkledt tidlegare.</p> <p>Det er tilstanden på taket som avgjer om arbeidet er å rekne som nybygg /oppattføring eller vedlikehald.</p>
Nye bygg for jordbruks- og seterformål § 3, pkt 1.3 a, b. <p>Etter søknad kan det gjevast løyve til å setje opp nye bygningar til jordbruks- og seterformål. Dette kan vere</p> <ul style="list-style-type: none">● seterhus der slike ikkje finst● buer til bruk for tilsyn med dyr på beite i regi av beitelag● hus til avlingar og husdyr eller andre nødvendige bygningar til jordbruksformål <p>Ved søknad skal det leggst vekt på om eksisterande bygningsmasse i området kan nyttast, framfor å byggje nytt. Som ved vedlikehald og ombygging, skal nybygg følgje lokal byggjeskikk for vedkommande kommune, jfr rettleiinga for lokal byggjeskikk i Norddal og kjenneteikna for den lokale byggjeskikken.</p> <p>Oppføring av nye bygningar og anlegg (gjerder, bruer og klopper) som er nødvendige til jordbruksformål vil bli vurdert i kvart enkelt tilfelle. Det blir ikkje gjeve løyve til nye byggverk i ubebygde område.</p> <p>Ved søknad om bygging på tufter eller ved nedfalne bygningar som ikkje er utsett for naturskade, skal ein rekne dette som nybygg.</p> <p>Ved søknad skal forvaltningsstyresmakta ta omsyn til utforming av inngrepa.</p>
Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3 c. <p>Etter søknad kan ein gje løyve til ombygging av og tilbygg til eksisterande bygningar. Ein skal då vurdere heilskapen i miljøet der bygningen står og om endringa fører til vesentleg endring av dette.</p> <p>Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter. Eit døme vil vere å gjere om driftsbygning til fritidsbustad. Viss bruksendring kan føre til auka aktiv bruk</p>



av kulturlandskapet slik at dette blir oppretthalde, kan forvaltningsstyresmakta likevel tillate bruksendring. Ei bruksendring må likevel ikkje føre til endring i eksteriøret på bygningen.

For landbruksbygg skal arealet tilpassast etter driftsmessige behov. For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta tillate ei utviding slik at samla areal ikkje overstig 75 m² (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks. Ved vurdering av storleik på utvidinga skal forvaltningsstyresmakta ta omsyn til omgjevnaden og opprinneleg storleik på bygningen. Høve der det berre blir gjeve løyve til mindre utvidingar:

- i sårbare område som snaufjell eller seterområde
- av omsyn til andre bygningar i nærleiken
- av andre omsyn der ein bygningsmasse på 75 m² ikkje er ønskjeleg, t.d. tidlegare praksis, byggjeskikk.

Gjenoppføring av bygningar § 3, pkt 1.3, d.

Etter søknad skal ein normalt få løyve til å setje opp att bygningar som har gått tapt ved brann eller naturskade. Bygget skal då i utgangspunktet ikkje skilje seg vesentleg frå det bygget som gjekk tapt. Ein kan likevel gje løyve til endringar i tråd med ny og forbetra kunnskap eller endringar som forbetrar utsjånaden til bygget i tråd med rettleiaren for lokal byggjeskikk. Bygg som blir bygd opp etter dette punktet skal ha same funksjon som det bygget som gjekk tapt. Dersom bygget hadde ei uheldig plassering i høve til verneverdiane kan forvaltningsstyresmakta krevje at bygget blir sett opp andre stader enn der det stod tidlegare.

Gjerding § 3, pkt, 1.3, h.

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta godkjenne gjerding i utmark i den grad det er nødvendig for landbruksdrifta eller skjøtsel av kulturlandskapet. Gjerding skal kunne skje med tradisjonelle gjerdetypar som skigard, stakitt eller steingjerde. Det skal også kunne nyttast nettinggjerde eller straumgjerde.

Sanketrøer bør plasserast innåt anna inngjerd område.

Det blir ikkje opna for å gjerde inn hytter og buer.

Riving av seterlegg § 3 pkt 1.3, i.

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til å rive bygning knytt til seteraktivitet. Dette gjeld i tillegg til sel til dømes fjøs, høyløer, buer og uthus, uansett teknisk stand. Forvaltningsstyresmakta skal hente inn fagleg råd frå kulturminnevernestyresmakta ved behandling av søknad.

Forvaltningstyresmakta kan gje løyve til riving dersom bygningen ikkje inngår i nokon heilskap på plassen, eller dersom bygningar til nedfalls kan vere til skade for folk eller buskap.

Ved riving for flytting og oppsetting utafor seterstulen, skal det ikkje gjevast løyve.



6.4 Friluftsliv

6.4.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Området har eit variert landskap, frå kulturlandskap med setervollar, gjennom skog til høgfjell. Området er attraktivt og blir mykje nytta som friluftsområde både av lokale folk og av tilreisande . Det finst ei rekkje flotte turmål, også utanom merka løyper. Topp- og klatreturar til fots eller på ski seint om våren etter at Rv63/Trollstigvegen er opna, er mykje brukte former for friluftsliv. Aktiviteten er sterkt knytt til Trollstigvegen og stigar som grunneigarar og ÅST (jf kart nr 4 og 10) held ved like. Stigane kryssar området inn i Reinheimen nasjonalpark og er ein naturleg innfallsport til denne. Basehopping er også ein aktivitet med noko omfang, m.a. frå Bispen. Den gamle Kløvstigen opp Isterdalen til toppen av Trollstigen og vidare mot grensa til Norddal kommunen er i ferd med å bli sett i stand med offentlege midlar.

Om lag 600 000 personar passerar årleg gjennom området i bil og buss på riksveg 63 på vei til eller frå Romsdalen. Utanom Rv 63 er Innfjorden heilt vest i verneområdet, ein viktig innfallsport til området. Utanom Rv 63 og dei merka stigane har området ein låg grad av tilrettelegging.

ÅST vedlikeheld sitt stignettverk (tabell 6) etter Merkehandboka (DNT m.fl. 2002), som er ei handbok for tilrettelegging og merking av turruter i fjellet.

Tabell 6. ÅST /DNT sine ruter. (Trollstigen landskapsvernområde), jf kart nr 4 og 10.

Kode	Strekning	Merking	Årstid	Verneområde
sun49	Tjønnebu – Grønningseter	T	Sommar	Trollstigen LVO/ Reinheimen NP

Elles blir desse stigane vedlikehalde og merka i dag

- Steindalsstølen – Tjønnebu/Vakkerstøylen
- Øvstestølen – Vakkerstøylen
- Berilldalen/Berilldalskoppen
- Slettvikane – Berdalen
- Kløvstigen opp Trollstigen

Det blir køyrt opp skiløype med trakkemaskin eller traktor frå Langdal til Slettvikane i perioden desember - april dersom føret tillet med. Det blir også køyrt opp løype inn Isterdalen. Området har svært mykje utfart rundt påske. Det har tidlegare vore arrangert skirenn frå Slettvikane fram til Kulehytta (Reinheimen Nasjonalpark).

Det er ingen organisert ferdsel med sykkel i området i dag, men enkeltpersonar bruker sykkel på stigen frå Slettvikane, gjennom Langfjelldalen til Verma i Rauma. Stigen går gjennom Reinheimen nasjonalpark. Det er ingen organisert bruk av hest i området i dag, men fleire av stigane i området ligg slik til at dei i framtida kan bli meir brukt. Mange nyttar området til såkalla haustingsfriluftsliv. Jakt, fiske og bærplukking har lange tradisjonar i heile området.

Området bør i framtida halde på den låge graden av tilrettelegging for å ta vare på kultur- og naturlandskapet. Samtidig må ein ta hand om og leggje til rette for ferdsla som den store trafikken langs Rv 63 kan gje, og som ein del kommersielle aktørar kan ønskje å leggje til rette for. Området har stor opplevingsverdi som er knytt til den



låge tilretteleggingsgraden. Av omsyn til villrein i området er det heller ikkje ønskjeleg med større innretningar og ferdsel som kan forstyrre dyrelivet.

Ferdsla i området (her også meint organisert ferdsel) har ikkje eit så stort omfang at det utgjer eit trugsmål for naturmiljøet. Utviklinga må likevel følgjast nøye slik at ferdsel og ferdselsformer som er til skade for naturmiljøet ikkje får utvikle seg.

6.4.2 Retningslinjer

Tema

Vedlikehald og ny tilrettelegging § 3, pkt 1.2. e og 1.3 k.

Med direkte heimel i verneforskrifta og i samsvar med forvaltningsplanen kan det gjerast vedlikehald av eksisterande stigar med varding, bruer og klopper (Jf kart nr 4 og 5)

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta godkjenne oppgradering eller anna endring av standard i forhold til vernetidspunktet og opparbeiding og merking av nye stigar og løyper når det ikkje skadar verneverdiane.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til enkle tiltak som kan styrke friluftslivet eller ei næringsssatsing knytt til verneområdet eller som kan kanalisere ferdsla. Med enkle tiltak er det her tenkt på:

- Stutte merka ruter evt. med førar (car walks)
- Naturstigar
- Småskala reiselivsutvikling i seterområda
- Tilrettelegging av enkelte kulturminne for formidling av historia knytt til bruken av området.

Søkjjar skal dokumentere reelt behov for tiltaket. Ved søknad om løyve skal forvaltningsstyresmakta ta omsyn til

- utforming av tiltaket
- om dyrelivet kan ta skade av tiltaket
- om terrenget tåler auka slitasje som følgje av kanalisert bruk
- om det finst tilrettelegging i nærleiken som kan brukast til staden for å lage til nytt

All tilrettelegging for friluftsliv i landskapsvernområdet , som merking av stigar, stikking av skiløyper og bygging av bruer og klopper, skal vere i tråd med Direktoratet for naturforvaltning si handbok 27 *Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv, 2006* (Direktoratet for naturforvaltning 2006) og *Merkehåndboka, DNT mfl 2002* (DNT2002).

Tilretteleggingstiltak skal utførast med vekt på omsyn til naturmiljøet og tilpassing til landskapet gjennom materialval og utforming. Ein bør helst nytte stadeigne material som tre og stein, men ein kan avvike frå dette av omsyn til tryggleik og vedlikehald.

Organisert ferdsel og ferdselsformer som er til skade § 3, pkt 4.1, 4.2

Det er ikkje restriksjonar på organisert turverksemd til fots så lenge dette ikkje er til skade for naturmiljøet. All ferdsel skal skje med omsyn til landskap og naturmiljø.



Organisert ferdsel er ferdsel der person, lag, firma eller liknande planlegg, koordinerer eller arrangerer turen, og det er tale om verksemd med grupper av deltakarar, ein aktivitet som blir gjenteke eller der aktiviteten er kunngjort på førehand. Utsetting av postar for turorientering, topptrim, trimpostar og liknande innafor landskapsvernområdet kjem også inn under organisert ferdsel.

Det er søknadsplikt for organisert ferdsel og andre ferdselsformer som kan skade naturmiljøet. Guiding på villrein (utanom jaktguiding) vil direkte påverke villreinen sin bruk av leveområdet og vere til skade for villreinen og er ikkje tillate.

Organisert bruk av sykkel, hest og hundespenn er ikkje underlagt restriksjonar, med mindre bruken fører til slitasje på og utafor stigar slik at verneverdiar blir forringa.

Dersom slik ferdsel aukar i mengde til å bli ein trussel for verneverdiane, må forvaltningsstyresmakta vurdere bruk av søknadsplikt og tiltak som kan avbøte dette.

6.5 Reiseliv

6.5.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Det ligg ingen turisthytter i området

Seterområda i Øvstestølen og Nedstestølen i Norddal kommune ligg utafor verneområdet og har eit potensiale for reiseliv der aktivitetane blir lagt innafor verneområdet. Hus innafor verneområdet fordelar seg slik

- Steindalstølen fire hytter/sel
- Slettvikane to hytter/sel
- Knuttsetra ei hytte/sel
- Småhola fjellstyrehytte og naust

Riksveg 63 mellom Valldal og Romsdalen går gjennom området. Vegen har fått status som Nasjonal Turistveg, og i følge handlingsplan for Geiranger-Trollstigen Nasjonal Turistveg vil det medføre ei rekkje endringar langs vegen. Endringane er godkjende av Møre- og Romsdal fylke.

Sjøelve stoppunktet på Stigrøra, eit stoppunkt på Trollstigvegen i samband med Nasjonal Turistveg, er ikkje med i vernet. Her er det kommersiell verksemd knytt til servering og sal, parkering og eit utgangspunkt for kortare tilrettelagte turar og lengre turar innafor og i randsonane til verneområdet.

Både i Norddal og Rauma er det etablerte aktørar som driv med guida turar innafor landskapsvernområdet. Fjellsportaktivitetar er viktige aktivitetar for dei kommersielle aktørane. Norsk Fjellfestival på Åndalsnes, som blir arrangert tidleg i juli kvart år, har organiserte turar og aktivitet innafor verneområdet. Aktivitetane er varierte frå fjell- og klatreturar til aktivitetar med kajakk og kano i Istra. Næringslivet på Åndalsnes marknadsfører også fjellområda innafor verneområdet for varierte fjellsportsaktivitetar. Grunneigarane har på sikt planar om å tilby ulike typar aktivitetar.

Det finst ikkje oppstillingsplass for bubilar og campingvogner i verneområdet i dag. Desse visast til Langdal Bubilcamp langs Rv 63, rett sør for landskapsvernområdet.



Det er også plass for bubilar og campingvogner rett nord for landskapsvernområdet. Enkelte grunneigarar ønskjer slik oppstillingsplass på Slettvikane.

6.5.2 Retningslinjer

Tema
Oppstilling og parkering av campingvogner og bubilar § 3, pkt 1.2 d
Innafor landskapsvernområdet er det ikkje høve til slik oppstilling. Det blir vist til campingplassar utafor landskapsvernområdet. (kart 10). Parkering for kortare opphald som ikkje inneber overnatting, kan skje langs vegar som er opne for motorferdsel.
Anna kommersiell utnytting i området § 3 pkt 1.3 I, 4.1, 4,2 og 4.3.
Folk som driv organisert ferdsel i og gjennom området, skal setje seg inn i gjeldande vernereglar og må rette seg etter dette. Vernereglane legg ikkje band på slike aktivitetar, med mindre dei skadar verneverdiane (til dømes dyre- og plantelivet), eller Direktoratet for naturforvaltning etter nærare avgrensing regulerer eller forbyr ferdsel som kan være til skade for naturmiljøet.
Den organiserte verksemda kan halde fram, så framtidig aktiviteten ikkje er til skade for verneverdiane i området, jf retningslinjer for organisert ferdsel (pkt. 6.4.).
For tilrettelegging for friluftsliv i samband med reiselivsverksemd, sjå avsnitt 6.4. For tiltak på bygningar gjeld retningslinjer under pkt. 6.3 Bygningar.
Det kan søkjast om bygging av rasteplass ved rv 63 ved Slettvikane gjennom prosjektet Nasjonal Turistveg.

6.6 Jakt og fiske

6.6.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Fiske i fjellvatn har lang tradisjon i området og er ein stor del av haustingsfriluftslivet. Det blir sett inn mykje ressursar i å kultivere vatna.

Det er opna for jakt på både rådyr, hjort og småvilt i området. Det er for ein stor del grunneigarane og lokale jegerar som nyttar jaktretten, som i liten grad har vore nytta kommersielt. Trollstigen landskapsvernområde ligg i ytterkant av leveområda for villrein i Ottadalstammen. Som eit ledd i arbeidet med å auke reinen sin bruk av områda i Rauma og Norddal har det ikkje vore jakta rein nord for Brøstdalen dei siste åra. Det er i samband med dette også sett ut rein på Trollstigen.

6.6.2 Retningslinjer

Tema
Utsetting av fisk § 3 pkt 3.1.
Etter søknad er det tillate å setje ut fisk frå lokale fiskestammar i vatn det før har vore sett ut fisk i, vedlegg 7.
Jakt og fiske § 3, pkt 3.2, a, b.
Utøving av jakt og fiske er direkte heimla i verneforskrifta, og kan utøvast etter



reglane i lakse- og innlandsfiskelova og naturmangfaldlova Forvaltningsstyresmakta skal samrå seg med viltstyresmaktene i forvaltningsspørsmål som kan vere viktig for viltet, med særleg tanke på forvaltning av villrein, våtmarksfugl og rovfugl.

6.7 Motorferdsel

6.7.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Rauma Energi er einaste faste brukar av helikopter i området.

I dag er det liten bruk av snøscooter i området. I Isterdalen er det ein konsesjon for leigekøyrar, men denne er lite brukt. Det blir brukt noko scooter i samband med uttak av ved. Det er ikkje brukt snøscooter i samband med frakt av materialar, ved eller anna til hytter eller setrar i området tidlegare, men dette kan bli aktuelt.

Det er liten grad av anna motorferdsel i landskapsvernområdet per i dag, unnataket er bruk av traktor i samband med vedhogst og ferdsel langs eksisterande vegar i området.

6.7.2 Retningslinjer

Tema

Forbod § 3, pkt 5.1.

I Trollstigen landskapsvernområde er motorisert ferdsel i utgangspunktet forbode og særleg konfliktfylt fordi landskapsvernområdet skal vere skjerma for unødvendig støy og uro. Transportar skal ha eit klårt nytteformål. Motorisert ferdsel som har preg av turkøyring skal ikkje skje.

Hogst § 3, pkt 5.2, b.

Motorferdsel i samband med lovleg hogst er direkte heimla i verneforskrifta. Køyring på barmark og særleg på beresvak mark bør unngåast.

Ved terrengtransport skal ein leggje vekt på å unngå terrengskadar som er skjemmande og som kan forårsake vassavrenning og erosjon.

I område med mykje mark med dårlig bereevne og der faren for terrengskadar er stor ved drift i sommarhalvåret, skal utdrift av tømmer helst finne stad på frosen eller godt snødekt mark. Det skal primært ikkje skje terrengtransport i område som er sett av som biologisk viktige område.

Stigar og løyper, samt vegar av kulturhistorisk interesse, skal ein ikkje nytte som køyretasé der det er praktisk mogleg å unngå dette. Unnateke er stigar og løyper som er lagde i allereie opparbeidde køyretaséar for skogsdrift og til friluftsliv. Det kan òg bli gjort unnatak frå hovudregelen for å unngå dobbelttraséar og alternative utdriftstraséar som vil ha større negative konsekvensar for miljøet og friluftslivet.

Hjulspor som fører til vassavrenning og erosjon, køyreskadar i stigar og løyper og andre vesentlege skadar, skal ein utbetre så snart fukttilhøva gjer dette praktisk mogleg etter at ein har slutta å bruke utdriftstraséen.

Felt elg og hjort § 3, pkt 5.2 e.



Uttransport av felt elg og hjort med lette beltekøyretøy (type "elgtrekk"), ikkje ATV, under skoggrensa kan berre skje når det ikkje er fare for terrengskade.

Løyve etter søknad

Øvingar m.m. § 3, pkt 5.3 a, jf. 5.2 a.

Søknader om motorferdsel i samband med forsvaret, andre offentlege etatar og hjelpekorps sine øvingar skal inngå som del av ein årleg plan for øvingsverksemda. Formålet med øvingane, talet på personar og køyretøy, bruk av anna utstyr og øvingsområde skal framgå av søknaden. For hjelpekorps gjeld at planen skal vere godkjend av politimeisteren slik det fylgjer av retningsliner frå Direktoratet for naturforvaltning (sjå brev frå Direktoratet for naturforvaltning til fylkesmennene av 01.03.99. Vedlegg). Alle søknader om kjentmannsskøyting skal vurderast med omsyn til verneverdiane, omsynet til dyrelivet, friluftsliv og utskifting av folk i hjelpekorpsa. Hovudregelen er at ein skal gjere seg kjent i områda utan bruk av køyretøy, ved til dømes ski og fotturar. I samband med at hjelpekorps tek på seg kvisting av skiløyper bør ein nytte høvet til å gjere nye mannskaper kjent i områda.

Søknad om motorisert ferdsl under øvingar for Forsvaret skal vurderast strengt, og løyve vil normalt ikkje gjevast om ein kan bruke alternative øvingsområde. Dette skal vere vurdert i søknaden.

Vidare skal det etablerast rutiner med kontakt med oppsynet og villreinutvalet i samband med øvingane. Også motorisert ferdsl i samband med oppsyn og forvaltning bør skje planmessig med vekt på å redusere ferdsla til eit minimum.

Nødvendig transport av ved, material eller varar til buer og hytter med vidare § 3, pkt 5.3.

Motorisert ferdsl i utmark i Trollstigen landskapsvernområde skal haldast på eit nødvendig minimum. Motorferdsel i samband med løyve etter verneforskrifta § 3 pkt. 5.3 skal i regelen skje ved bruk av leigekøyrar. (jf Nasjonal forskrift om motorisert ferdsl i utmark og på islagte vassdrag § 5 a.)

For å sikre fleksibilitet og å unngå unødig behandling av søknader, skal løyve gjevast for ei aktuell periode. Leigekøyrar/transportør skal varsle oppsynet på førehand i forhold til den aktuelle dagen når transporten skal skje for å hindre moglege ulemper for villreinen og for å halde oversikt over motorferdsel i verneområdet. Det skal førast køyrebok som skal sendast forvaltningsstyrmakta innan 5. juni kvart år.

For kjende, faste transportformål kan det gjevast løyve for inntil 5 år med avgrensing i tal på turar pr. sesong.

Talet på turar skal normalt avgrensast, t.d. slik:

- på vinterføre 1 – 5 turar
- på barmark 1 – 3 turar
- i lufta 1 – 3 turar.

Køyting på snødekt mark skal normalt ikkje skje etter 20. april, ev. 3. påskedag om den er seinare..

Tiltakshavar eller transportør kan søkje om løyve. Avgjerande for behandling av



søknaden er kva for formål det blir søkt om. Søknaden skal innhalde opplysningar om formål, trasé, tidsrom og antal turar.

Etter søknad kan det gjevast dispensasjon for transport av varig rørslehemma til eiga hytte. Definisjon av rørslehemma følgjer av MD sitt rundskriv T-1/96, men personar som på grunn av alder eller mellombels sjukdom er rørslehemma blir ikkje rekna som varig rørslehemma i denne samanhengen.

Traséar § 3, pkt 5.3 b.

Transport etter verneforskrifta § 3, 5.3, b skal følgje denne traséen, jf kart nr 9:

- Langs rv 63 frå grensa av verneområdet til Slettvikane

Luffartøy § 3, pkt 5.3, b.

Søknader om lufftransport skal berre innvilgast ved særleg behov som samla gjev mindre motorferdsel.

Det er ikkje høve til å gje dispensasjon for landing med luffartøy for tur- eller reiselivsformål

Saltstein § 3, 5.3, c.

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til transport av saltstein på snødekt mark. Transporten skal skje i regi av beitelag. Løyvet skal avgrensast til eit tidsrom og normalt berre gjelde for eit avgrensa tal turar for det enkelte beitelag. Utkøyringa skal skje ved leigekøyrar. Det bør vere ein oversikt for utkøyringa av saltstein.

Skiløype § 5.3, f.

Køyring av løype frå Langdalen til Slettvikane langs Rv 63 kan skje etter søknad, og løyve kan gjevast for inntil 5 år av gangen. Forvaltningsstyresmakta skal normalt gje løyve, men skal ta omsyn til evt. villrein i området. Ansvarleg for køyringa skal likevel melde frå før sesongstart om årets køyreplanar så forvaltningsstyresmakta kan vurdere om spesielle tiltak må treffast i høve til dømes villrein.

Løyve kan gjevast til eit idrettslag, hjelpekorps, grendelag eller ei turistverksemd i området.

Løyve skal gjevast for ein tur / veke, og skal ikkje gjelde lenger enn fram t.o.m. 20. april.

6.8 Vegar, køyrespor og masseuttak

6.8.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Det er få vegar, men Rv 63 mellom Vallidal og Romsdalen går gjennom området. Om lag 600 000 personar passerar gjennom område med bil og buss kvar sommar. Ein stor del av desse stoppar undervegs for å raste, sjå på utsikta eller gå tur i området. Vegen fekk i 2006 status som Nasjonal Turistveg, og i følgje handlingsplan for Geiranger – Trollstigen Nasjonal Turistveg vil dette medføre ei rekkje endringar langs vegen. Endringane er godkjende av Møre og Romsdal Fylke.



Det finst fire opparbeidde parkerings- og rasteplassar i området i dag

- Slettvikane
- Byksebru
- Trollstigfoten
- Stigrøra (utafor landskapsvernområdet)

Desse er med i planane for Nasjonal Turistveg, og vil få ei heilskapeleg utforming med tanke på parkering, rasteplass og informasjon. Ved Byksebru er det planar om sikring på stup på fotopunkt.

Køyrespor frå Slettvikane innover i Langfjelldalen, om lag 400 meter, er betrakta som ein privat bilveg. For å hindre villcamping og ferdsel som ikkje er nødvendig, bør vegen bli stengt med bom.

Det er tre etablerte grusuttak i landskapsvernområdet: Slettvikane, Knutsetra og Isterdalen.

6.8.2 Retningslinjer

Tema

Vegvedlikehald §3 pkt. 1.2 b.

Direkte heimla i verneforskrifta er vedlikehald av vegar til den standarden dei hadde på vernetidspunktet. Vedlikehold av den eksisterande vegen skal skje på ein slik måte at den har samme standard som på vernetidspunktet. Vegen kan grusast, eksisterande grøfter kan vedlikehaldast som før. Anlegg av nye grøfter er ikkje tillate. Når det gjeld grusing tenker ein i denne samanhengen kun på vedlikehald av bærelag/slitelag der dette finnes frå før. Det kan ikkje takast masse i verneområdet.

Offentlege vegar § 3, pkt 1.2, b, 1.3, l.

Vanleg vedlikehald er direkte heimla i verneforskrifta. Vedlikehald som medfører standardheving skal behandlast etter verneforskrifta § 4, jf naturmangfaldlova § 48.

Nye vegar § 3, pkt 1.1 og 1.3.

Det er ikkje opna for å byggje nye vegar i landskapsvernområdet. Det skal ikkje gjevast løyve til å byggje vegar eller etablere permanente køyrespor i samband med oppattbygging av bygg, endra bruk av eldre bygg eller andre formål knytt til eksisterande eller nye bygningar.

Omlegging og opprusting av vegar for jord- og skogbruksformål § 3, pkt 1.3, g.

Etter søknad kan vegar som eksisterte på vernetidspunktet leggst om over kortare strekningar eller rustast opp til ein høgare standard for å imøtekomme nye behov på grunnlag av endra driftsmåtar og nye maskiner/reiskap. Inngrepa skal likevel avgrensast til det som er nødvendig for å oppnå ønska standard, og det skal vere eit reelt behov for endringa.

Med omleggingar over kortare strekningar meiner ein til dømes omleggingar for å unngå eit blautområde, betre kurvaturen på vegen eller unngå bratte stigningar. Slike omleggingar skal gjerast kortast mogleg i høve til det som krevjast for å oppnå ønska forbetring. Opprusting kan også vere grusing for at vegen skal tåle høgare fart eller tyngre utstyr eller auka breidde for å kunne bruke større maskiner i høve endra driftsformer og driftsutstyr.



Det er berre vegar som på vernetidspunktet er fysisk opparbeidd til jord- og skogbruksformål som blir omfatta av denne regelen. Køyrespor blir ikkje omfatta av regelen og kan følgjeleg ikkje rustast opp.

I samband med skogsdrift er det høve til flytting av stein og stubbar for å lette tilkomsten. Tiltak utover dette må det søkjast om løyve for.

Masseuttak §3, 1.2, c, 1.3, j.

Masseuttak til vegvedlikehald kan utan søknad takast i etablerte uttak ved

- Slettvikane (vestsida av riksvegen)
- Knutsetra
- Skogsveg i Isterdalen

Det er berre lov å ta ut masse til bruk for tiltak i landskapsvernområdet. Uttaket skal gjerast slik at dei i minst mogleg grad blir eksponert for omgjevnadene. Mellom anna skal ein setje att vegetasjon rundt masseuttaket for å skjerme mot innsyn. Delar av masseuttaka som ikkje blir nytta lenger og masseuttak som blir lagde ned skal etterkvart tildekkjast og planerast slik at ein legg til rette for raskast mogleg attgroing av området. Ein skal ikkje plante att nedlagde grustak med framande planteartar.

Grunneigarane må lage driftsplan for uttaka.

Forvaltningsstyresmakta kan vedta å stengje dei avsette masseuttaka for vidare bruk dersom ein vurderer uttaka til for store, skjemma eller ein av andre grunnar vurderer at dei strir mot verneformålet.

Ein kan vurdere å gje løyve til etablering av nye masseuttak som erstatning for dei som blir lagt ned. Det er høve til å søkje om nye masseuttak og deponi. Forvaltningsstyresmakta må vurdere verknaden dette har på verneverdiane i området og må ikkje gje slikt løyve viss det er til skade for verneformålet.

Uttak av torv er søknadspliktig.

6.9 Kraftverk (mikro-/små-)

6.9.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Innafor landskapsvernområdet er det berre Sjøbolet i Innfjorden som er berørt av kraftutbygging. Både Istra og Valldøla med sidevassdrag er verna mot kraftutbygging, Valldøla etter Verneplan I for vassdrag og Istra etter Verneplan III for vassdrag. I Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag (1994) tek ein sikte på også å sikre vasstrengen og vassdragsbeltet mot andre inngrep enn kraftutbygging. I seinare tid har det vore mogleg å få dispensasjon frå NVE til mindre kraftverk som legg band på mindre enn 30 % av vassføringa og ikkje fører til synleg påverknad av vassdraget. Det er ønskje om å nytte vasskrafta både i Meiadalen og Veslelangdalen. Det er også planar om eit mikrokraftverk på Trollstigen.

6.9.2 Retningsliner

Tema



Nye anlegg § 3, pkt 1.1

Det er ikkje opna for bygging av kraftverk eller delar av slike anlegg innafor landskapsvernområdet.

6.10 Kulturminne

6.10.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Ein del av kulturminna i området er dokumentert i "Jakt og fangst i Norddal" og "Setrar i Norddal" (Nemnda for byggeskikk i Norddal/Stordal/Stranda. 1998)

Området er rikt på kulturminne:

- Ledegjerde spreidd utover i utmarka
- Steinkvelvbru over Litlelangdalselva
- Bogestiller og fangstanlegg spreidd i heile området
- Herbør på Stigrøra, ved Alnesvatnet og i Alnesreset
- Steingard i Veslelangdalen, knytt til oksehamn
- Steinmurar som skil seterstølane frå utmarksbeite
- Steindalselvbrua
- Kulturlandskap knytt til tradisjonell landbruksdrift
- Trollstigveien
- Kløvstigen opp Trollstigen
- Kløvstigen opp Skarfjellenden
- Fjøset på Knuttsetra
- Bjørstadstølen - ruinar
- Herbøre på Bjørstadstølen – gjetarbu når bjørn i området?
- Høystein – stein som det vart lagre høgunder

6.10.2 Retningslinjer

Tema

Kulturminnevern § 3, pkt 1.1.

Kulturminne er verna mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne. Dette skal skje etter ein skjøtelsesplan for kulturminnet og i samråd med kulturminnestyresmakta.

6.11 Biologisk mangfald/verdifulle naturtypar

6.11.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

For opplysningar om raudlisteartar m.v. blir det vist til Direktoratet for naturforvaltning sin Naturbase.

Følgjande område er registert som viktige (B) eller svært viktige (A):

- Innfjorden: Berdalen, øvre del (B) - bjørkeskog med høgstaudeartar
- Istras våtmarkssystem (A) - kroksjøer, flomdammer og meanderende elveparti
- Øst for Knutesætra (B) - Rik edellauvskog
- Nord for Knutesætra (B) - Gråor-heggeskog
- Stigfossen (B) – Fossesprøytsone
- Steindalen (B) - verdifull naturtype med sørberg, kantkratt og rasmark



- Bispesvingen (B) - rik fjellvegetasjon på kalkhaldig grunn

Også andre område er viktige for det biologiske mangfaldet. Dette gjeld spesielt områda:

- Slettvikane
- Steindalstølen

I tillegg har nesten alt kulturlandskap i området høg grad av biologisk mangfald som følge av dei ekstensive driftsmåtane i landbruket.

6.11.2 Retningslinjer

Tema

Omsyn til område viktig for biologisk mangfald § 3. pkt 2.1, 2.2, 2.3, 3.1 og 3.2

Forvaltningsstyresmakta skal ta omsyn til område med verdifulle naturtypar og område med forekomst av raudlista artar ved prioritering av tilretteleggingar og søknader om tiltak i landskapet.



Alnesdalen. Foto: Vegard Lødøen



7 Romsdalen landskapsvernområde

7.1 Om området

Formål (jf. Forskrift av 24. nov. 2006 nr. 1303 § 2):

Formålet med opprettinga av Romsdalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet
- ta vare på innslag av kulturlandskap der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart
- ta vare på eit samanhengande naturområde varierende frå høgfjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til dalbotnen med Rauma elv
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer, der dei bratte fjellsidene mot Romsdalen utgjør eit særprega landskapselement i området.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Romsdalen landskapsvernområde omfattar eit areal på 136 km² for det meste i Rauma kommune og eit lite område innerst i Vermedalen i Norddal kommune. Området omfattar det meste av vestsida til Romsdalen, og på strekninga Foss – Monge er heile dalen med. I tillegg omfattar landskapsvernområdet både høgfjellsområde og sidedalane Brøstdalen og Vermedalen. Området består av både privat grunn og statsallmenning.

Det er fast busetting i Romsdalen. E 136 og Raumabanen går gjennom verneområdet.

Landskapsvernområdet er prega av ein dramatisk og variert natur med alpine tindar, store vassdrag, nasjonalt viktig kulturlandskap og eit stort artsmangfald. Området omfattar noko granskog, men består for det meste av furuskog og lauvskog.

7.2 Jordbruk, sætring og skogbruk

7.2.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Landskapsvernområdet har to bruk som er i sjølvstendig drift på vernetidspunktet. Desse bruka ligg på Skiri/Flatmark. I tillegg er det jord i drift både på Horgheim, Lyngheim, i Vermedalen og i Brøstdalen. Dette er jord som blir drive av gardsbruk som ligg utafor vernegrensa. All jord som er i bruk på vernetidspunktet, kan drivast vidare på same måte som det er naturleg også utafor landskapsvernområdet .

Landskapsvernområdet har fleire setrar og seterområde både i Vermedalen og Brøstdalen. Drift av setrane er alt frå aktive bruk med setring og slått, til setrar som er i ferd med å gro att. Det meste av området blir nytta til beite, i hovudsak for sau, men også for storfe og hest. Dei siste 10 åra har det vore store rovdyrtap i områda p.g.a. jerv.



Landbruksareala i sjølve Romsdalen ligg i sone B. Her gjeld eit anna regelverk for næringsutvikling og skogsdrift enn i sone A. Områda definert som sone B er dei områda som ligg under 200 m.o.h. frå og med all dyrka mark på Lyngheim og opp til Verma.

Romsdalen er eit nasjonalt viktig kulturlandskap der omsynet til biologisk mangfald og dei visuelle kulturlandskapselementa skal bli vektlagt.

Det er drivverdig skog i liene i hovuddalføret i Romsdalen og i Brøstdalen, men mykje av skogen er vanskeleg tilgjengeleg pga bratte lier. Skogen i sone A ligg ovafor verneskoggrensa. I sone B, som utgjer den delen av landskapsvernområdet som dekkjer dalbotnen i Romsdalen, skal hogst og skogskjøtsel skje i samsvar med forvaltningsplanen. I sone A, som m.a. dekkjer Brøstdalen og Vermedalen, skal eventuelle hogstflater ikkje vere større enn 3 daa, men flatehogst er ikkje ein ønskjeleg hogstform i område der hogsten ikkje har som mål å opne kulturlandskapet.

7.2.2 Retningsliner

Tema
Drift av eksisterande jordbruksareal og setervollar § 3, pkt 1.2, a.
Direkte heimla i verneforskrifta er drift av eksisterande dyrka mark. Dette inneber mellom anna at det på eksisterande dyrka mark er tillate med jordarbeiding, kalking, gjødsling, bruk av plantevernmiddel, grøfting av vassjuk jord, inngjerding av innmark samt andre tiltak som er nødvendige for fortsett drift når det ikkje er i konflikt med verneformålet, t.d. biologisk mangfald i verdifullt kulturlandskap.
Setervollar er rekna som aktive på vernetidspunktet dersom dei er inngjerda for å bli nytta til slått eller kontrollert beiting, eller dei blir nytta til aktiv setring. Setervollar som blir brukt berre av dyr på utmarksbeite, blir rekna som nedlagde.
Krav til bevaring av kulturlandskapet § 3, pkt 1.2 a. § 6
Krav til bevaring av kulturlandskapet gjeld alle eigedomar. Det er mellom anna forbod mot lukking av elvar, bekkar og opne grøfter, fjerning av steingjerde, særmerkte steinblokkar, åkerholmar og gamle rydningsrøyser, planering av jordbruksareal, inngrep i gamle ferdselsårer, sprøyting av kantsoner og åkerholmar.
Skjøtselstiltak som skal settast i gang bør vere ei oppfølging av tidlegare driftsformer og skjøtsel, t.d. ønskjeleg at gamle slåttemarker blir slått med lett reiskap framfor skjøtsel med beitedyr.
Beite § 3, pkt 2.3.
Beite er direkte heimla i verneforskrifta, og vernereglane gjev ingen restriksjonar. Beiting held i dag vedlike element i kulturlandskapet som gamle slåttemarker og setervollar. Den bidreg også til å oppretthalde eit ope landskap. Tiltak som kan føre til auka beiting, vil derfor vere positive.
Setrar og setervollar – oppattaking § 3, pkt 1.3, e.
Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta godkjenne oppattaking av seterdrift på nedlagde setervollar, då dette kan bidra til at kulturlandskapet og gamle stølår blir



brukt og vedlikehalde. Verdien av tiltaket må vegast opp mot eventuelt tap av gammel kulturmark og artar knytt opp mot dette, jfr. verneformålet.

Dersom jordbruksarealet har lege unytta i over 30 år, blir oppattaking av jordbruksdrift rekna som nydyrking og er også søknadspliktig etter forskrift om nydyrking.

Nydyrking / beitekultivering § 3, pkt 1.3, f.

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta godkjenne oppattdyrking/nydyrking. Ved vurdering av søknader om oppattdyrking og nydyrking skal forvaltningsstyresmakta leggje vekt på om det er tilgang på leigejord i området, som kan dekkje brukaren sitt behov for meir dyrka mark.

Dette er søknadspliktig, men er i utgangspunktet lite konfliktylt dersom det ikkje skadar kulturminne eller område som er viktige for biologisk mangfald.

Ved søknad om oppdyrking av område som ikkje ligg i tilknytning til eksisterande dyrka mark, skal ein i tillegg til kulturminne, vassdrag og biologisk mangfald, leggje særleg vekt på oppdyrkinga sin visuelle verknad i landskapsbiletet.

Skogbruk § 3, pkt 2.1, 2.2.

Med direkte heimel i verneforskrifta kan ein som før vernetidspunktet hogge ved og tømmer innafor landskapsvernområdet. Det er likevel sett grenser for flatestorleiken ved flatehogst. Det er forbod mot treslagskifte. Norske Standarder for berekraftig skogbruk skal følgjast og likeeins Vernskogbestemmelsene i skogbrukslova.

Med tømmer forstås ein her rundvirke for sal eller til eige bruk, uavhengig av treslag.

Forbodet mot endring i samansetnad av treslag omfattar mellom anna at ein ikkje kan plante gran, utanlandske treslag eller andre treslag som ikkje naturleg veks i området. Dette gjeld også der det har vore planta gran frå før.

Hogst § 3, pkt 2.2.

I sone A kan flater på inntil 3 dekar hoggast.

I sone B kan flater på inntil 5 dekar hoggast.

Når gjenveksten på ein flatehogst i gjennomsnitt er høgare enn 1,5 meter, reknast dette som skog, og ein kan hogge ei ny flate ved sida av den tidlegare flatehogsten. For at ein kan rekne to flatehogstar som skilte, må det mellom kvar hogstflate vere ein korridor på minimum 20 meter.

Hogstflater skal leggjast slik at dei blir minst mogleg skjemmaende visuelt. Det må leggjast vekt på naturlege avgrensingar, og at ein sikrar stormsterke hogstkantar. Ein bør unngå snaufletehogst på klimatisk utsette stader som til dømes knausar og åsryggar og der kaldlufta vil samle seg (bekkedrag o.l.) Det same gjeld der det er så bratt at det vil kunne oppstå fare for ras.

Forbodet mot felling av særmerkte og dekorative tre gjeld dei trea som er med på å prege landskapet og som er viktige for dyrelivet. Generelt skal ein ikkje felle tre som skil seg vesentleg ut i området, enten på grunn av alder, storleik, plassering eller



annan utsjånad.

I områda ovafor den produktive skogen må det berre hoggast enkelttre der forynginga alt er sikra. Den aller øvste delen av barskogen bør vere urørt.

Forynging § 3, pkt 2.2.

Skogkultur som kan utførast i landskapsvernområdet i samband med forynging:

- Planting av furu- eller lauvtreartar som naturleg veks i området.
- Som eit ledd i denne forynginga kan lauvtre innafor sone B stubbebehandlast.
- Normal ungskogpleie med rydding og tynning.
- Felles for alle plantingar er at ein ikkje skal plante tett og på rekkjer, men spreidd og tilpassa terrenget.

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til markbereding i landskapsvernområdet sone B. I slike tilfelle kan det berre blir gjeve løyve til flekkbereding med lett reiskap. Ein skal ved slike søknader leggje vekt på tiltaket sin forventa effekt på forynginga, registrert biologisk mangfald og tiltaket si verknad på landskapsbiletet.

7.3 Bygningar mm.

7.3.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

I Romsdalen er fleire aktive og nyleg nedlagde gardsbruk innafor landskapsvernområdet. Desse omfattar ei rekkje bygningar, både bustadhus og driftsbygningar. Det er fleire gamle seterområde innafor landskapsvernområdet. I Brøstdalen ligg seterområda Kabben, Horgheimsetra, Furuholen og Gammelgarden. I tillegg har vi m.a. Vermedalssætra i Vermedalen, der sætrane og seterstølen delvis ligg innafor landskapsvernområdet. Alle desse har framleis både setervollar og seterbygningar.

Kulturlandskap med seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk er eit av verneformåla i Romsdalen landskapsvernområde. Romsdalen er òg eit nasjonalt viktig kulturlandskap. I slike landskap er bygningar eit viktig element der byggjeskikken pregar husa. I setermiljøet, som i kulturlandskapet elles, utgjer bygningane eit vesentleg element. Vedlikehald av bygningane er derfor viktig som landskapspleie, kulturminnevern og for å sikre vidare drift av setra.

Byggjeskikken har utvikla seg over tid, og nyare bygg skil seg frå den lokale byggjeskikken når det gjeld

- | | |
|--------------------------------------|------------------------------------------------|
| ● Storleik, både høgde og grunnflate | ● Isolerte bygg |
| ● Material til taktekking | ● Ringmur eller såle i betong. |
| ● Ytterkledning | ● Bruk av nettinggjerde og impregnerte stolpar |
| ● Større glas og dører | |

Innafor verneområda, t.d. i Brøstdalen og Vermedalen, finst det ein del eksisterande hytter. Ved Sjugurgarden rett utafor landskapsvernområdet er det regulert eit mindre



hyttefelt. Også i sjølv Romsdalen er det bygningar, også tidlegare heilårsbustader, som blir brukt som fritidsbustader. Verneforskrifta viser til at forvaltningsplanen skal gje retningslinjer for tilbygg og utviding av desse. Ut frå verneformålet så er det ikkje formålstenleg å opne for vesentleg utviding av eksisterande hytter. Ein kan likevel sjå at det kan vere behov for mindre utvidingar i samband med tilpassing av bygg og behov for uthus.

7.3.2 Retningslinjer

Tema

Byggjeskikk § 3, pkt 1.2 b.

Alle nybygg, oppattbyggingar, tilbygg og restaureringar skal utførast i lokal byggjeskikk. Dette inneber at bygget så langt det er råd skal tilpassast eksisterande bygg i utforming, areal/volum, plassering, tilpassing til eksisterande hus og materialval. Forvaltningsstyresmakta kan stille vilkår når det blir gjeve løyve til slike tiltak.

Ved vurdering av søknader om nybygg skal ein vurdere bygget og bygget sin funksjon opp mot verneformålet og verneverdiane i området. Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemma i landskapet.

Vedlikehald § 3, pkt 1.2, b.

Med direkte heimel i verneforskrifta kan eksisterande bygningar og anlegg haldast ved like i den standarden dei hadde ved vernetidspunktet.

Vedlikehald av bygningar som skifte av kledning, nye glas tilsvarande dei som var i huset frå før, nytt tak i same materiale som før og andre tiltak som ikkje fører til endring av storleik eller fasade, er tillate utan søknad.

Det er tilstanden på taket som avgjer om arbeidet er å rekne som nybygg /oppattføring eller vedlikehald.

Utgangspunktet for vedlikehald av seterbygningar er å ta vare på den opphavlege bygningsmassen. Tidlegare seterbygningar som er omdisponert til fritidsformål, vil bli vurdert og behandla på same måte som tradisjonelle seterbygg.

Alle former for fasadeendringar som fører til endra bruk av bygget er søknadspliktige. Ved vurdering av om eit tiltak er ei fasadeendring, vil ein leggje vekt på om endringa fører til at bygget blir meir eksponert i forhold til omgjevnadene og om fasadeendringa vesentleg endrar bygget sin karakter.

Døme på slike endringar kan vere:

- Val av skarpe fargar til utvendig måling
- Endring av takmaterialen i forhold til det bygningen hadde frå før
- Plattingar
- Bordkledning av gamle tømmerhus

Nye bygg § 3, pkt 1.3, a, b, k, l.



Oppføring av nye bygg til formål nemnt i verneforskrifta kan godkjennast etter søknad. Det skal ikkje gjevast løyve til nybygg dersom dette strir mot verneformålet. Ein skal mellom anna vurdere om det aktuelle tiltaket kan endre landskapet sin art eller karakter. Ved søknader om nybygg skal ein leggje vekt på om det allereie finst bygningar som kan settast i stand eller byggjast om slik at dei dekkjer formålet med det ønskje nybygget.

Bygningar til jordbruks- og seterformål

Det kan etter søknad bli gjevne løyve til å setje opp bygningar til jordbruks- og sæterføremål som gjev rom for avlingar og husdyr, bygningar i hagebruket som veksthus og bygningar for reiskap som blir nytta i jordbruksdrifta. Ved søknad om å få setje opp bygg til desse formåla innafor sone A, skal ein leggje stor vekt på at byggjesskikk og plassering i høve verneverdiar i området.

Oppføring av nye bygningar og anlegg (gjerder, bruer og klopper) som er nødvendige til jordbruksføremål vil bli vurdert i kvart enkelt tilfelle. Det blir ikkje gjevne løyve til nye byggverk i ubebygde område.

Bustadhus og garasje/uthus på gardsbruk i sone B

Det kan etter søknad bli gjevne løyve til å setje opp bustadhus på gardsbruk innafor sone B. Dette omfattar også nødvendige bygningar som garasje/uthus i tilknytning til bustadhus. Ved søknader om å få setje opp nye bustadhus og garasje/uthus skal det leggjast vekt på at det bur / skal bu folk på bruket. Drifta på garden skal ikkje vektleggjast.

Bygningar til gardsturisme i sone B

Søknad om oppføring av bygningar til gardsturisme vil omfatte hus der garden gjev tilbod om mellom anna servering, overnatting eller oppleving. Det kan også gjevast løyve til oppsetting av jaktårn, permanente gapahukar og liknande dersom dei er ledd i slik næring. Det kan gjevast dispensasjon til å setje opp enkle bygg innafor 50 metersona frå vassdrag, dersom slike bygg er eit ledd i å utnytte elva i gardsturisme.

Bygningar til andre næringar i sone B

Det kan innafor sone B etter søknad gjevast løyve til å setje opp bygningar til andre næringar enn gardsturisme. Det ligg ikkje føre konkrete planar for slike tiltak, så det blir lagt til grunn at dette blir avklart gjennom ei konsekvensvurdering og ikkje strir mot verneformålet.

Bygningar til beitebruk i heile området

Ved vurdering av søknader om bygningar i samband med beitebruk og tilsyn, skal det leggjast vekt på om det er eksisterande hytter i området som kan dekkje behovet. Mellom anna har fjellstyret to hytter i området. Ein bør derfor så langt råd inngå avtalar om bruk av eksisterande bygg framfor å setje opp nybygg i området.

Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3, c

Det kan etter søknad gjevast løyve til ombygging og utviding av eksisterande bygningar. Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter.



Utviding og ombygging av bygg i sone B.

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til ombygging og tilbygg til eksisterande bygg i sone B til bruk i næring, dersom dette ikkje strir mot verneformålet. Det er ingen øvre grense for tilbygg til bustadhus for fastbuande eller for driftsbygningar og uthus i tilknytning til desse.

Utviding og ombygging av bygg i sone A

For landbruksbygg skal arealet tilpassast etter driftsmessige behov. For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta tillate ei utviding slik at samla areal ikkje overstig 75 m² (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks, maks. 3 bygningar. Ved vurdering av storleik på utvidinga skal forvaltningsstyresmakta ta omsyn til omgjevnaden og opprinneleg storleik på bygningen. Høve der det berre blir gjeve løyve til mindre utvidingar er:

- i sårbare område som snaufjell eller seterområde
- av omsyn til andre bygningar i nærleiken
- av andre omsyn der ein bygningsmasse på 75 m² ikkje er ønskeleg, t.d. tidlegare praksis, byggjeskikk.

Endra bruk av seterbygningar

Ein kan etter søknad gje løyve til ombygging av eldre bygningar i setermiljø dersom dette gjer at kulturlandskap, setervollar eller seterbygg blir halde ved like. Slik endring skal likevel ikkje føre til vesentleg endra utsjånad på bygget. Ein vil vere svært restriktiv med å tillate til dømes nye eller større glas, endra materialar eller kledning av gamle tømmerbygg. Dersom bygga er av historisk verdi, må fasadeendringar, opprusting og utviding skje i samråd med overordna kulturstyresmakt. For landbruksbygg skal arealet tilpassast driftsmessige behov.

Gjenoppføring av bygningar § 3, pkt 1.3, d

Etter søknad vil det normalt bli gjeve løyve til gjenreising av bygg som er gått tapt i brann eller ved annan naturskade. Bygget skal i utgangspunktet ikkje skilje seg vesentleg frå det bygget som gjekk tapt i utsjånad og funksjon. Ein kan likevel gje løyve til endringar i tråd med ny og forbetra kunnskap eller endringar som forbetrar utsjånaden til bygget i tråd med lokal byggjeskikk. Dersom bygget hadde ei uheldig plassering i forhold til verneverdiane, kan forvaltningsstyresmakta krevje at bygget blir sett opp andre stader enn der det stod tidlegare.

Ved oppattbygging av nedfalne bygningar som har kulturhistorisk verdi, skal overordna kulturminnevernstyresmakt vere med på å setja vilkår for utforminga.

Gjerding og sankekveer § 3, pkt 1.3, i.

Gjerding i samband med drift av eksisterande jordbruksareal og setervollar i aktiv drift er ikkje søknadspliktig.

Dersom beiting/drift opphøyrer etter ei periode, skal gjerdet takast ned eller det skal opnast slik at dyr på utmarksbeite kan ta i bruk setervollen for dermed å halde ved like kulturlandskapet innafor landskapsvernområdet.

Gjerding av hytter, seterhus og setervollar som ikkje er i aktiv bruk, kjem ikkje under løyve for gjerding.



Ein kan søkje om særskilt løyve til å gjerde i utmark. I sone B vil det normalt bli gjeve løyve til slik inngjerding for å ivareta omsynet til landbruket. I seterområde vil ein vere restriktiv med slike løyve med tanke på den endringa dette vil utgjere i eit særprega setermiljø. I enkelte område kan oppsetting av gjerde rundt seterstølane fremme verneformålet slik at kulturlandskapet blir oppretthalde. I slike område skal gjerding skje innafør lokal byggjeskikk.

Dersom det ikkje er til skade for verneverdiane, kan det bli gjeve løyve til oppsetting av sperregjerde, andre gjerde eller sankekveer som ledd i meir effektiv utnytting av utmarka og for å hindre skade på bufe.

Det blir ikkje opna for å gjerde inn hytter og buer.

Riving av seteranlegg § 3, pkt 1.3, h.

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til å rive bygning knytt til seteraktivitet. Dette gjeld i tillegg til sel, både fjøs, høyløer, buer og uthus, uansett teknisk stand. Forvaltningsstyresmakta skal hente inn fagleg råd frå kulturminnevernstyresmakta ved behandling av søknad. Forvaltningstyresmakta kan gje løyve til riving dersom bygningen ikkje inngår i nokon heilskap på plassen.

Ved riving for flytting og oppsetting på anna tomt utafør seterstulen, skal det ikkje gjevast løyve.

7.4 Friluftsliv

7.4.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Store delar av Rauma kommune generelt og området innafør Romsdalen landskapsvernområde spesielt er registrert som internasjonalt viktig friluftsområde. Denne vurderinga er basert på eit eineståande og særprega vakkert natur- og kulturlandskap.

Romsdalen har fleire internasjonalt kjende klatreruter og er utgangspunkt for annan ekstremспорт. Særleg kjent er Trolltindane og Trollveggen. I dalbotnen er det også grov blokkmark, og på Skiri er det eit buldrefelt som er internasjonalt kjent. Det er også relativt stor aktivitet knytt til isklating innafør landskapsvernområdet, m.a. Døntefossen og Skogagrova.

Rauma elv med ein variert vassdragsnatur har i lang tid vore kjend som ei svært god og attraktiv laks- og sjøaureelv, som også blir nytta til padling. Både elva og vassdragsnaturen er storslått og variert. Særleg Brøstdalen og i nokon grad Vermedalen er mykje nytta innfallsportar til Reinheimen nasjonalpark og Ålesund og Sunnmøre turistforening sitt rutenett (tabell 7) og hytter, jf kart nr 4, 5 og 10. Ulvåa blir også nytta til padling på strekninga Tunga – Kabben. Spreiing av lakseparasitten *gyrodaktylus salaris* kan skje via padlarar som reiser mellom ulike vassdrag. Teltning i utmark er ofte ein del av dei ulike friluftaktivitetane og er ikkje særleg regulert i verneområdet.



Brøstdalen er eit viktig treningsområde for hundekøyring om vinteren. Det blir køyrt innover Brøstdalen og Puttbudalen forbi Pyttbua og Vakkerstøylen, samt inn mot Mebotn.

Tabell 7. ÅST /DNT sine ruter. (Romsdalen landskapsvernområde), jf kart nr 4, 5 og 10.

Kode	Strekning	Merking	Årstid	Verneområde
sun32	Torsbu – Tunga	Umerka	Sommar	Romsdalen LVO / Reinheimen NP
sun43	Tunga – Pyttbua	T	Sommar	Romsdalen LVO / Reinheimen NP
sun44	Tunga – Vakkerstølen	T	Sommar	Romsdalen LVO / Reinheimen NP
sun42	Verma - Vakkerstølen	Umerka	Sommar	Romsdalen LVO / Reinheimen NP
sun43v	Pyttbua – Brøstdalen	Kvista	Vinter	Romsdalen LVO / Reinheimen NP

7.4.2 Retningslinjer

Vedlikehald og ny tilrettelegging § 3 pkt. 1.2, e, 1.3 j.

Direkte heimla i verneforskrifta og i samsvar med forvaltningsplanen er vedlikehald av merka stigar, løyper, bruer og skilt til den standarden som var på vernetidspunktet.

Tiltak som er nødvendig for å halde stigar og råk opne for ferdsel er tillate. Det omfattar å fjerne greiner og trær i og nær stigen, tilretteleggje for kryssing av bekkar og våte parti med materialar ein finn i området, vedlikehalde bruer og vedlikehalde merking.

Etter søknad kan gamle bruer byttast ut med bruer av tilsvarende storleik og funksjon.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til enkle tiltak som kan styrke friluftslivet eller ei næringsssatsing knytt til verneområdet eller som kan kanalisere ferdsla. Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til ny tilrettelegging. Nye skilt og informasjonstavler skal følgje skiltmal utarbeidd av Direktoratet for naturforvaltning. Det skal som hovudregel ikkje vere fleire skilt på same stad. Ved merking av stigane skal det ikkje målast på jordfast stein eller berg.

Tilretteleggingstiltak skal utførast med vekt på omsyn til naturmiljøet og tilpassing til landskapet gjennom materialval og utforming. Ein bør helst nytte stadeigne materialar som tre og stein, men ein kan avvike frå dette av omsyn til tryggleik og vedlikehald.

All tilrettelegging for friluftsliv i landskapsvernområdet, som merking av stigar, stikking av skiløyper og bygging av bruer og kløpper, skal vere i tråd med Direktoratet for naturforvaltning si handbok 27 *Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv, 2006* (Direktoratet for naturforvaltning 2006) og *Merkehåndboka, DNT mfl 2002* (DNT2002).

Ny tilrettelegging under skoggrensa

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til å rydde og merke både gamle og nye stigar dersom dette ikkje strir mot verneformålet.



Ny tilrettelegging over skoggrensa

Det kan etter søknad gjevast løyve til etablering av nye merka turstigar dersom desse ikkje strir mot verneformålet. Ein skal då spesielt leggje vekt på om auka aktivitet i høve slik merking vil vere til skade for eller forstyrre villrein og andre sårbare artar i området.

Det er ikkje høve til å oppgradere stigar, merke nye stigar, byggje bruer eller klopper eller på annan måte heve standarden eller leggje til rette for auka bruk av stigane, utan etter søknad.

Stikking av vinterløype § 3, 1.3. j.

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til stikking av vinterløyper. Slik stikking skal skje med kvist frå lokale treslag. Det kan bli stilt vilkår til slike løyve om stikking, mellom anna om når løypa kan stikkast og når stikkinga skal fjernast. Løyve til slik stikking kan gjevast for fleire år, men maksimalt 5 år. Det skal då bli stilt vilkår om at den som blir gjeve løyve, kontaktar forvaltningsstyresmakta før stikkinga kvart år for å avklare mellom anna forholdet til villrein og andre viltartar sin bruk av området.

Ferdsel § 3, pkt 4.1.

Organisert bruk av sykkel, hest og hundespenn er ikkje underlagt restriksjonar, med mindre bruken fører til slitasje på og utafor stigar slik at verneverdiar blir forringa.

Dersom slik ferdsel aukar i mengde til å bli ein trussel for verneverdiane, bør Direktoratet for naturforvaltning vurdere å regulere skadeleg ferdsel gjennom ei eiga forskrift.

All ferdsel skal skje med omsyn til landskap, naturmiljø eller kulturminne

7.5 Reiseliv

7.5.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Reiselivet i området er basert på aktivitetar knytt til friluftslivet, slik som fotturisme, klatring, jakt og fiske (jf. avsnitt 7.4 om friluftsliv). Natur- og kulturlandskapet har også nasjonale verdiar. Saman med stor ferdsel langs E 136 gjennom Romsdalen bør dette gi gode føresetnader for næringsutvikling innan reiseliv både i hovuddalføret og i Brøstdalen. Området blir marknadsført og brukt i samband med kommersielle aktørar på Åndalsnes.

Landskapsvernområdet skal ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap, kulturlandskap, kulturminne, geologiske førekomstar og eit samanhengande, variert naturområdet. Allmenta skal kunne oppleve dette gjennom eit tradisjonelt, enkelt friluftsliv med liten grad av tilrettelegging.

7.5.2 Retningslinjer

Tema

Aktivitetar § 3, pkt, 1.1, 1.2, 1.3, I, 4.1, 5.1.



For tilrettelegging for friluftsliv og friluftaktivitetar i samband med reiselivsverksemd, sjå avsnitt 7.4.

For motorferdsel i utmark gjeld retningslinene i avsnitt 7.7.

Oppstillingsplassar for campingvogner/campingbilar § 3, pkt 1.2 d, kart 10

Oppstilling av campingvogner og bubilar kan berre skje på stader som er avsett til dette i forvaltningsplanen. I Brøstdalen kan ein stille opp campingvogn eller parkere med campingbil for overnatting på parkeringsplassen ved Kabbebrua sør for Ulvåa og ved parkeringsplassen ved Tungebrua sør for Puttåa. Oppstilling/parkering for overnatting på desse plassane kan skje etter avtale med grunneigar.

Det kan bli gjeve løyve til å utvide plassane som er avsett til dette formålet for å dekkje parkeringsbehovet.

Det er ikkje høve til å nytte oppstillingsplassane for bubilar/caravans samanhengande over fleire år eller over vinteren.

Parkering for kortare opphald som ikkje inneber overnatting, kan skje langs vegar som er opne for motorferdsel.

Oppstilling ved hus, hytte, setrar

Det er høve til å stille opp campingvogn eller parkere med campingbilar etter avtale med grunneigar og inntil ei veke ved hus, hytte eller seter nedafor skoggrensa. Slik oppstilling kan skje under føresetnad av at det går bilveg heilt fram til hus/hytte/seter. Oppstillinga kan skje på innmark, på vegen eller på frå før opparbeidd plass ved vegen.

Oppstilling i sone B

Innafor sone B er det høve til å stille opp campingvogn eller parkere campingbil for overnatting, når dette skjer etter avtale med grunneigar.

Tiltak i sone B § 3, pkt 1.3 l.

Innafor sone B er det opna for næringsutvikling. Det kan også søkjast om oppføring av nye bygningar til gardsturisme som ikkje er i strid med verneformålet. Det ligg ikkje føre konkrete planar for slike tiltak, så det blir lagt til grunn at dette blir avklart gjennom ei konsekvensvurdering og slik vise at etableringa vil gje positive ringverknader og ikkje vere i konflikt med verneverdiane i området.

Anna kommersiell utnytting av området §3 pkt. 1.3 c

For tiltak på bygningar i både sone A og sone B gjeld retningslinene under pkt. 7.3 Bygningar.

7.6 Jakt og fiske

7.6.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Innafor Romsdalen landskapsvernområde er det opna for jakt på både rein, elg, hjort, rådyr og småvilt. Elg-, hjort- og rådyrjakta blir for ein stor del utført av lokale jegerar og grunneigarar. Det har likevel vore aukande aktivitet i høve kommersiell utnytting av jakta. Reinsjakta har dei siste åra vorte utført i andre delar av villreinområdet etter at grunneigarane har inngått jaktavtaler. Dette er gjort for å minske jaktpresset for å



leggje til rette for at reinen igjen skal bruke dei nordlege delane av leveområdet i større grad.

Rauma elv har lang tradisjon som ei mykje besøkt og nytta laks- og sjøaureelv. Sidan tidleg på 90-talet har elva vore påverka av lakseparasitten *gyrodactylus salaris*, som har redusert laksebestanden og følgjeleg laksefisket vesentleg. Det blir arbeidd for å fjerne parasitten og byggje opp att elva. Innafor området er det også ei rekkje fjellvatn som blir aktivt kultivert og brukt.

Det er peikt på at det er ørekyte i tjønner i Brøstdalen. Dette er ein uønska art, og det bør gjerast tiltak som hindrar spreiding og ev. bekjempar arten.

Området har vore skåna for problem med sur nedbør og fiskedød. Kalking har derfor fram til no ikkje vore aktuelt, men dersom det oppstår ein situasjon der fiskeressursane er i fare, kan kalking vere eit nødvendig tiltak.

7.6.2 Retningslinjer

Tema

Innføring av nye artar. § 3, pkt 3.1

Forbodet mot å innføre nye viltartar gjeld utsetting av individ eller grupper av individ av artar som ikkje naturleg finst i området frå før. Når det gjeld naturleg innvandring til området av artar som ikkje finst i området frå før, må viltstyresmaktene ta stilling til felling etter gjeldande lovverk.

Spreiding av lakseparasitten *gyrodactylus salaris* må bli via merksemd.

Utsetting av fisk § 3, pkt 3.1.

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til utsetting av fisk frå lokale fiskestammar i vatn der det tidlegare er sett ut fisk. Ei liste over desse vatna følgjer som vedlegg til forvaltningsplanen (vedlegg 7).

Jakt og fiske § 3, pkt 3.2, a og b.

Utøving av jakt og fiske er direkte heimla i verneforskrifta, og kan utøvast etter reglane i lakse- og innlandsfiskelova og naturmangfaldlova, såframnt dette ikkje er i strid med vernereglane og verneverdiane ikkje blir skadelidande.

Det vil likevel vere restriksjonar på oppsetting av til dømes jaktårn, naust og gapahukar i samband med hjortejakt og elvefiske. Reglane for oppsetting av slike byggverk går fram av kapittel 7.3.2 om bygg og anlegg.

Dersom det er behov for ekstraordinære tiltak i høve uønskete innvandra/innførte artar, bør forvaltningsstyresmakta opne for å gje dispensasjon til slike tiltak dersom dei ikkje strir mot verneformålet. Dette gjeld t.d. lakselusa og ørekyta.

7.7 Motorferdsel

7.7.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Rauma kommune har hatt ein streng praksis for å tillate motorferdsel i utmark. Kommunen har ein etablert leigekøyringsordning der kommunen er inndelt i



konsesjonsområde med eit gjeve tal leigekøyrarar i forhold til behovet. Kommunen har hatt få eller ingen årlege dispensasjonar til motorferdsel på barmark, slik ferdsel blir vist til leigekøyring om vinteren eller bruk av helikopter.

Om sommaren er området lett tilgjengeleg frå bilveg til hytter og setrar i Vermedalen og Brøstdalen og ved andre behov knytt til skogsdrift, tilsyn med beitedyr mm. Om vinteren blir det nytta leigekøyrar med snøscooter i samband med varetransport til hytter og setrar i Brøstdalen og Vermedalen. Dette er transport som følgjer faste traséar. Ved behov for varetransport til buer, hytter og fiskevatn i denne delen av nasjonalparken, har transporten ofte utgangspunkt i Brøstdalen.

7.7.2 Retningslinjer

Tema

Forbod § 3. pkt 5.1

All motorisert ferdsel i utmark og på islagte vassdrag og landing med luftfartøy er i utgangspunktet forbode. Transportar skal ha eit klårt nytteformål. Motorisert ferdsel som har preg av turkøyring skal ikkje skje.

Motorferdsel på vegar og innmark § 3, pkt 5.2, c, e, f.

Landbruk

All nødvendig ferdsel i samband med landbruksdrift på vegar og innmark er tillate. Dette omfattar også køyring på vegar i samband med tilsyn eller sanking av beitedyr.

Jernbane, offentleg veg, bustadveg

Det er ingen restriksjonar på ferdsel etter jernbane, offentleg bilveg eller vegar til og frå bustader.

Privat bruk av bomvegane i Brøstdalen og Vermedalen

I perioden frå 15. mai til 1. desember er det opna for køyring på vegane i Brøstdalen fram til parkeringsplassen ved Tungebrua og til Furuholen. I same periode er det opna for køyring på Vermedalsvegen fram til stigen til Vermevatnet tek av, jf kart nr 7.

Det skal ved behov vere høve til å føre tilsyn med Vermedalsvegen samt Brøstdalsvegen til parkeringsplassen på Tunga og til Furuholen, også i tida med ferdselsforbod på vegen. Vegstyret oppnemner tilsynsperson. Behovet for tilsyn i tida med ferdselsforbod skal meldast inn til forvaltningsstyresmakta på førehand. Forvaltningsstyresmakta kan forby eller stille vilkår ved slik ferdsel dersom den er i strid med verneformålet.

Skogsdrift § 5.2 d.

Motorferdsel i utmark i samband med skogsdrift er direkte heimla i verneforskrifta. Regelen om motorferdsel i utmark i samband med lovleg hogst gjeld for brukarar av eigedommar med minimum 5 daa jordbruksareal eller 25 daa produktivt skogsareal, som driv aktivt jord- eller skogbruk eller personar som på oppdrag frå skogeigar utfører hogst for denne (jfr. definisjonen i motorferdsellova).

Skogsdrift på beresvake marktypar som myr og sumpskog skal berre skje på frose mark



Felt elg og hjort § 3, pkt 5.2 g.

Ved uttransport av felt elg og hjort med lette beltekøretøy (type "elgtrekk"), ikkje ATV, under skoggrensa, må ein unngå køyreskadar ved ikkje å køyre på beresvake marker eller sårbar vegetasjon.

Løyve etter søknad

Øvingar m.m. § 3, pkt 5.3 a, jf. 5.2 a,

Operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, oppsyns- eller forvaltningsoppgåver er tillate. Som oppsyn og forvaltning reknar ein også fjellstyrets tilsyn med fjellstyret sine eigne hytter og oppsyn i samband med jakt og fiske. Det same gjeld kraftselskapa sitt vedlikehald og tilsyn med sine anlegg.

Søknader om motorferdsel i samband med forsvaret, andre offentlege etatar og hjelpekorps sine øvingar skal inngå som del av ein årleg plan for øvingsverksemda. Formålet med øvingane, talet på personar og køyretøy, bruk av anna utstyr og øvingsområde skal framgå av søknaden. For hjelpekorps gjeld at planen skal vere godkjend av politimeisteren slik det fylgjer av retningsliner frå Direktoratet for naturforvaltning (sjå brev frå Direktoratet for naturforvaltning til fylkesmennene av 01.03.99. (Vedlegg 8). Alle søknader om kjentmannsskøyting skal vurderast med omsyn til verneverdiane, omsynet til dyrelivet, friluftsliv og utskifting av folk i hjelpekorpsa. Hovudregelen er at ein skal gjere seg kjent i områda utan bruk av køyretøy, ved til dømes ski og fotturar. I samband med at hjelpekorps tek på seg kvisting av skiløyper bør ein nytte høvet til å gjere nye mannskaper kjent i områda.

Søknad om motorisert ferdsl under øvingar for Forsvaret skal vurderast strengt, og løyve vil normalt ikkje gjevast om ein kan bruke alternative øvingsområde. Dette skal vere vurdert i søknaden.

Vidare skal det etablerast rutiner med kontakt med oppsynet og villreinutvalet i samband med øvingane. Også motorisert ferdsl i samband med oppsyn og forvaltning bør skje planmessig med vekt på å redusere ferdsla til eit minimum.

Nødvendig transport av ved, material eller varar til buer og hytter med vidare § 3, pkt 5.3.

Motorisert ferdsl i utmark i Romsdalen landskapsvern-område skal haldast på eit nødvendig minimum. Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til transport på snødekt mark, av ved, materialar, utstyr, varer, proviant, bagasje og utkøyting av båt. Søknaden skal innhalde opplysningar om formål, trasé og tidsrom.

Motorferdsel i samband med slike løyve skal i regelen skje ved bruk av leigekøyrar med snøscooter eller ved bruk av helikopter.

For å sikre fleksibilitet og å unngå unødig behandling av søknader, skal løyve gjevast for ein aktuell periode. Leigekøyrar/transportør skal varsle oppsynet på førehand i forhold til den aktuelle dagen når transporten skal skje for å hindre moglege ulemper for villreinen og for å halde oversikt over motorferdsel i verneområdet. Det skal førast køyrebok som skal sendast forvaltningsstyresmakta innan 5. juni kvart år.

For kjende, faste transportformål kan det gjevast fleirårige løyve inntil 5 år med avgrensing i tal på turar.



Talet på turar skal normalt avgrensast, t.d. slik:

- på vinterføre 1 – 5 turar
- på barmark 1 – 3 turar
- i lufta 1 – 3 turar.

Køyring på snødekt mark skal normalt ikkje skje etter 20. april, ev. 3. påskedag om den er seinare.

Leigekøyraren har ikkje høve til å frakte personar. Dersom det ikkje medfører ekstra køyring kan likevel den som leiger leigekøyraren, sitte på med eller henge etter leigekøyraren på slik transport som nemnt ovafor.

Tiltakshavar eller transportør kan søkje om løyve. Avgjerande for behandling av søknaden er kva for formål det blir søkt om. Søknaden skal innhalde opplysningar om formål, trasé, tidsrom og antall turar.

I ekstremversituasjonar som gjer det naudsynt å føre tilsyn eller snømåking på hyttene, kan det etter søknad gjevast løyve for transport med snøscooter. Slikt tilsyn må som hovudregel skje i samband med anna køyring.

Etter søknad kan det gjevast dispensasjon for transport av varig rørslehemma til eiga hytte. Definisjon av rørslehemma følgjer av MD sitt rundskriv T-1/96, men personar som på grunn av alder eller mellombels sjukdom er rørslehemma blir ikkje rekna som varig rørslehemma i denne samanhengen.

Traséar § 3, pkt 5.3 b.

Transport etter verneforskrifta § 3, 5.3, b skal følgje desse traséane, jf kart nr 9:

- Vegtraséar frå vernegrensa i Vermedalen og inn til Langvassbua. For køyring til buer ved Vermevatnet og i Slettflybotn kortaste og mest tenleg trasé for snøscooter.
- Vegtrasé frå Brøste til Furuholen og vidare inn dalen til Restjøna.
- Vegtrasé frå Brøste til Tungebrua og vidare etter mest tenlege løype for snøscooter inn til utløpsosen for Ulvådalsvatnet og inn til grensa for nasjonalpark i Puttbudalen og oppe i lia mot Trollbua og Stovassbua.

Motorferdsel langs køyrespor § 3, pkt 5.3, d.

Barmarktransport til hytter

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til barmarkstransport av ved, materialar, varer og utstyr til hytter langs etablerte vegar og langs eksisterande køyrespor, jf kart nr 8:

- frå Evensetra til Restjøna.
- innafor parkeringsplassen på Tunga
- innafor der stigen går opp til Vermevatnet

Det følger ikkje parkeringsløyve med barmarktransportløyvet. Parkering skal begrensast til den tida som er knytt til sjølve transportoppdraget, og som er påkrevd for omlasting m.v. Dersom det er planlagt lengre opphald i området, skal køyretøyet returnerast.

Luffartøy § 3, pkt 5.3 b, jf 5.1 og 5.2

Vedlikehald av vegar og kraftanlegg



Landing med helikopter i samband med vedlikehald og drift av vegar og kraftanlegg, herunder anleggsvegar, luker og dammar, er tillate, men ein skal vise særleg omsyn til dyre- og friluftslivet i området. Forvaltningsstyresmakta kan krevje oversikt over når slike flygingar skal finne stad og kan gje retningsliner eller forby slik ferdsel ut frå omsynet til verneformålet.

Frakt av ved, varer m.m.

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til helikoptertransport av ved, materialar, utstyr, varer og proviant til setrar, buer eller hytter med meir. Søknader om lufttransport skal berre innvilgast ved særleg behov som samla gjev mindre motorferdsel.

Turflyging

Det er ikkje høve til å gje dispensasjon for landing med luftfartøy for tur- eller reiselivsformål.

Saltstein § 3, 5.3, c.

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til transport av saltstein på snødekt mark. Transporten skal skje i regi av beitelag. Løyvet skal avgrensast til eit tidsrom og normalt berre gjelde for eit avgrensa tal turar for det enkelte beitelag. Utkøyeringa skal skje ved leigekøyrar. Det bør vere ein oversikt for utkøyeringa av saltstein.

Skirennet Brøstdalen Rundt § 3, pkt 5.3, f.

Etter søknad opnast det for, motorisert preparering av løypetrasèen fram t.o.m. 20. april. Løyve skal gjevast for ein tur / veke. Dei siste tre dagane inklusive renndagen, kan det gjevast løyve for preparering av trasèen etter behov for å sikre ein tilfredsstillande gjennomføring av skirennet.

7.8 Vegar, køyrespor og masseuttak

7.8.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

I Romsdalen går både E 136 og Raumabanen gjennom landskapsvernområdet. Europavegen er mykje trafikkert heile året. Ein stor del av godstransporten frå regionen går med vogntog opp Romsdalen. I tillegg er det svært stor turisttrafikk i sommarhalvåret. Det er planar om å ruste opp vegen gjennom landskapsvernområdet.

I Brøstdalen ligg det to bilvegar innafor landskapsvernområdet, begge er private bomvegar som ikkje blir brøyta. Vegen inn til Kabben og Tunga er mest brukt med ein registrert trafikk i underkant av 2000 bilar, medan vegen til Furuholen blir brukt av nokre få hundre bilar for sesongen. I Vermedalen ligg det to bilvegar som går saman ved Storhaugen. Dette er også private vegar med avgrensa ferdsel. Den delen av vegen som ligg innafor Storhaugen er lite trafikkert.

7.8.2 Retningsliner

Tema



Vegvedlikehald § 3, pkt 1.2, b

Direkte heimla i verneforskrifta er vedlikehald av vegar til den standarden dei hadde på vernetidspunktet. Vedlikehold av den eksisterande vegen skal skje på ein slik måte at den har samme standard som på vernetidspunktet. Vegen kan grusast, eksisterande grøfter kan vedlikehaldast som før. Anlegg av nye grøfter er ikkje tillate. Når det gjeld grusing tenker ein i denne samanhengen kun på vedlikehald av bærelag/slitelag der dette finnes frå før.

Større mengder masse frå grøftereinsing kan ikkje deponerast i landskapsvern-området. Mindre mengder masse kan likevel plasserast på vegskuldra, dersom den jamnast ut over ei strekning og ikkje medfører at vegen si breidde aukar. Masse kan også deponerast ut i dei områda som er avsette til uttak av lausmasse i forvaltningsplanen, dersom dette ikkje fører til endring av landskapsbiletet.

Jernbane og europaveg § 3, pkt 1.3, m

Jernbana og europavegen må følge eksisterande trasé gjennom landskapsvern-området. Berre heilt nødvendige omleggingar og opprustingar for å tilfredsstille krav til sjølve vegen/jernbana eller for å unngå rasutsette område skal tillatast etter søknad. Det er spesielt viktig at ein tek omsyn til elveløpet og bevaring av dette jfr. verneformålet i sone B, og til at område utan større tekniske inngrep skal bli skjerna mot nye utbyggingar.

Rydding av skog og annan vegetasjon som er nødvendig ved planovergangane langs bane kan skje som løpande vedlikehald av eksisterande bane slik at standard og det tryggleiksnivå som gjeld i dag kan oppretthaldast.

Nye vegar § 3, pkt 1.1 og 1.3.

Det er ikkje opna for å byggje nye vegar i landskapsvernområdet. Det skal ikkje gjevast løyve til å byggje vegar eller etablere permanente køyrespor i samband med oppattbygging av bygg, endra bruk av eldre bygg eller andre formål knytt til eksisterande eller nye bygningar.

Tilrettelegging for transport av tømmer § 3, pkt 1.3, g, n.

Forvaltningsstyremakta kan gje løyve tyil omlegging og opprusting av vegar for jord- og skogbruksformål.

Tilrettelegging for vintervegar eller barmarktransport i Sone B.

Innafor sone B er det er opna for at forvaltningsstyremakta etter søknad kan gje løyve til noko meir tilrettelegging for vintervegar eller barmarktransport av tømmer. Slike tilretteleggingar skal likevel avgrensast til det som er nødvendig for å køyre ut tømmer med landbrukstraktor eller anna lettare transportutstyr.

Flytting av stein, stubbar med meir for å lette tilkomst ved tillaten skogsdrift kan skje utan søknad både i sone A og sone B.

Masseuttak § 3, pkt 1.2. c

Innafor landskapsvernområdet er det forbod mot uttak, mellomlagring og deponering av massar.

Innafor sone A er det avsett område for uttak og mellomlagring av lausmassar til vegvedlikehald i Brøstdalen og Vermedalen.



Dagens uttak er avmerkte på kart nr 3.

Det må godkjennast ein uttaksplan for kvart uttak. Grunneigarar skal i samarbeid med forvaltningsstyresmakta utarbeide uttaksplan for kvart masseuttak som skal nyttast før det kan takast masse frå desse. Uttaksplanen skal minimum innehalde avgrensing av område for masseuttak, tidsavgrensing, omfang, plan for utnyttinga av masseuttaket, plan for opprydding/planering og eventuelt gjenplanting. Det kan stillast vilkår til årleg volum og/eller totalvolum for slike masseuttak. Masseuttak i elv skal ikkje overstige 20 m³ per år.

Forvaltningsstyresmakta skal synfare masseuttaka i samband med godkjenning av uttaksplan og dokumentere statusen for masseuttaket.

- **Generelle vilkår for masseuttak.**

Uttaket skal gjerast slik at dei i minst mogleg grad blir eksponert for omgjevnadene. Mellom anna skal ein setje att vegetasjon rundt masseuttaket for å skjerme mot innsyn. Delar av masseuttak som ikkje blir nytta lenger og masseuttak som blir lagde ned, skal etterkvart tildekkjast og planerast slik at ein legg til rette for raskast mogleg attgroing av området. Ein skal ikkje plante att nedlagde grustak med framande planteartar.

- **Stenging av masseuttak.**

Forvaltningsstyresmakta kan vedta å stengje dei avsette masseuttaka for vidare bruk dersom ein vurderer uttaka til for store og skjemmaende eller ein av andre grunnar vurderer at dei strir mot verneformålet. Ein kan vurdere å gje løyve til etablering av nye masseuttak som erstatning for dei som blir lagt ned.

Masseuttak Sone B § 3, pkt 1.3, o

Innafor sone B er det sett av område for masseuttak jfr. vedlagde Temakart nr 1. Desse masseuttaka kan nyttast til vegvedlikehald når det er godkjent uttaksplan for kvart enkelt masseuttak og forvaltningsstyresmakta har godkjent denne.

Grunneigar skal i samarbeid med forvaltningsstyresmakta utarbeide uttaksplan for kvart masseuttak som skal nyttast før det kan takast masse frå desse. Uttaksplanen skal minimum innehalde avgrensing av område for masseuttak, tidsavgrensing, omfang, plan for utnyttinga av masseuttaket, plan for opprydding/planering og eventuelt gjenplanting. Det kan stillast vilkår til årleg volum og/eller totalvolum for slike masseuttak. Masseuttak i elv skal ikkje overstige 20 m³ per år.

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad peike ut og godkjenne stader for masseuttak innafor sone B til vedlikehald av eksisterande vegar i samband med godkjende byggje- og anleggstiltak eller andre tiltak. Det er ikkje krav om at masse frå slike masseuttak berre skal kunne nyttast innafor landskapsvernområdet.

Slike masseuttak skal plasserast slik at dei blir minst mogleg eksponert i forhold til omgjevnadene. Det kan også gjevast løyve til mellomlagring og deponering av masse på nærare utpeikte stader.

Der forvaltningsplanen innafor sone B har avsett område til uttak av masse til vegvedlikehald etter punkt 1.2 c, kan grunneigar også ta ut masse til andre lovlege



formål enn vegvedlikehald på eigen eigedom.

Det kan ikkje gjevast løyve til deponering, mellomagring eller masseuttak i eller like ved kulturminne. Det er heller ikkje høve til å deponere masse i vassdrag eller strandsona.

7.9 Kraftanlegg

7.9.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

I Vermedalen er både Vermevatnet og Langvatnet regulert gjennom kraftutbygging. I tillegg er det grave kanalar på Reset for å overføre meir av vatnet til Vermedalen. I tilknytning til dette er det mellom anna både dammar, luker og bygningar innafor området.

7.9.2 Retningslinjer

Tema

Nye anlegg § 3, pkt 1.1, 1.3, q.

Det er ikkje opna for bygging av kraftverk eller delar av slike anlegg innafor landskapsvernområdet. Etter søknad kan det likevel opnast for framføring av nye kraftliner.

Vedlikehald § 3, pkt 1.2, f.

Anlegg i tilknytning til vassdragsreguleringar i Vermevatnet og Langvatnet og andre eksisterande anlegg i samband med vasskraftreguleringa kan vedlikehaldast til den standard som var på vernetidspunktet.

Opprustning § 3, pkt 1.2, h, 1.3, p.

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til mindre opprustingar på dei eksisterande anlegga der dei ligg i dag. Ein kan ikkje gje løyve til flytting av inntaksdamm, nye overføringskanalar, nye vegar eller andre tekniske inngrep i samband med desse anlegga. Eventuelle vedlikehald/opprustingar på eksisterande anlegg skal ikkje medføre at anlegga blir meir eksponerte i landskapet.

7.10 Kulturminne

7.10.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Romsdalen er svært rik på kulturminne knytt til ferdsel og annan bruk av området.

- I Romsdalen er det gjort rike gravfunn. På Horgheimseidet ligg det ein øydegard frå jernalderen og eit gravfelt med meir enn 100 gravhaugar.
- Kors gamle kyrkjegard er eit nyare tids kulturminne som blir tilrettelagt for besøkande.
- Ved Vermevatnet er det funne restar etter fangstbuplassar frå steinalderen for ca. 10 000 – 8000 år sidan.
- Eit vaskehus/naust på Flatmark i Rauma er ivareteke. Dette er det einaste som er igjen av denne typen i området.
- Gamle vegfar er vanskeleg å tidfeste, men har lange tradisjonar. Romsdalen har vore ei viktig ferdselsåre mellom Aust- og Vestlandet



gjennom alle tider. Gjennom heile dalen er det restar etter gamle vegfar. Den gamle kongevegen gjekk oppover i dalen og er framleis tydeleg mange stader. Særleg er vegstykket oppi Bjørnekleiva kjent.

7.10.2 Retningslinjer

Tema

Vern av kulturminne § 3, pkt 4.2.

Kulturminne er verna mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne. Dette skal skje etter ein skjøtelsesplan for kulturminnet og i samråd med kulturminnestyresmakta.

7.11 Biologisk mangfald/verdifulle naturtypar

7.11.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

For opplysningar om raudlisteartar m.v. blir det vist til Direktoratet for naturforvaltning sin Naturbase.

Følgjande område er spesielt viktige for ulike raudlisteartar:

- Langodden-Alnes (B) - Kroksjøer, flomdammer og meandrerende elveparti
- Selen (B) – Rikmyr
- Selen (B) – rik sumpskog
- Selen, søre (B) – naturbeitemark
- Selen nordre (B) – slåttemark
- Ryggvatna (A) – gammal barskog
- Skiri (B) - gammal furuskog, truleg med ein god del tre eldre enn 100 år
- Skiri (B) - Kroksjøer, flomdammer og meandrerende elveparti
- ved Bjønnahølen (B) - Kroksjøer, flomdammer og meandrerende elveparti
- Skirimoen-Kyrkjeura (B) - Gammal lauvskog
- Døntefossen (B) – fossesprøytsone
- Nord for Fossbrua (A) – gammal barskog
- Brøstkampen-Borga (A) – Kalkrike område i fjellet
- Horgheimsetermoen (A) – gammal barskog
- Horgheimsetra (A) – naturbeitemark
- Furuholen (B) - naturbeitemark

I tillegg har nesten alt kulturlandskap i området høg grad av biologisk mangfald som følgje av dei ekstensive driftsmåtane i landbruket.

7.11.2 Retningslinjer

Tema

Omsyn til område viktig for biologisk mangfald § 3. pkt 2.1, 2.2, 2.3, 3.1 og 3.2

Forvaltningsstyresmakta skal ta omsyn til område med verdifulle naturtyper ved prioritering av tilretteleggingar og søknader om tiltak i landskapet.





Trollveggen. Foto: Øivind Leren.



8 Lordalen landskapsvernområde

8.1 Om området

Formål (jf. Forskrift av 24. nov. 2006 nr. 1308 § 2)

Formålet med Lordalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapets eigenart.
- ta vare på leveområde og trekkområde for villreinen, og anna biologisk mangfald som pregar landskapet.
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.
- ta vare på vakker vassdragsnatur.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Landskapsvernområdet dekkjer eit område på 21km² og ligg i Lesja kommune. Heile området høyrer med til Lordalen statsallmenning. Området er del av ein seterdal med 5 seterstular og aktivt utmarksbeite. Det blir drive småskala reislivsverksemd i tilknytning til ei seter. Området består av furuskog og fjellbjørkeskog, og det blir drive aktivt skogbruk. Vassdraget Lora er eit vesentleg element i landskapet. Landskapsvernområdet er rikt på kulturminne og blir nytta ein del i samband med jakt og anna friluftsliv.

8.2 Dyrka areal, sætervollar og skogbruk

8.2.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Det er ikkje fast busetting i Lordalen. Landbruksinteressene i Lordalen er derfor knytt til setrar, nydyrking, kulturbeite, utmarksbeite og skogbruk. Lesja fjellstyre er forvaltar av bruksretten. Allmenningstyret for Lordalen statsallmenning driv skogen, men Statskog SF utøver blinkeretten.

Lordalen har 5 seterstular:

- Nordstøl
- Nysæter
- Storsæter
- Bjøknesæter
- Ruste

Seterstulane er ei blanding av

- opphavleg struktur når det gjeld kveer, gjerde og bygningsmasse
- nydyrking, nye driftsbygningar og seterhus, gjerde og vegar

I tillegg er det etablert nye innlegg i tilknytning til eller utanom seterstulane.

Det har vore konflikhtar i forhold til villrein som har nytta setervollar til vårbeite. Nedbryting av gjerde og oppgraving av vollane for å få tak i næringsrike spirer, førte til konflikt med setereigarane. Denne konflikten er i seinare år betydeleg redusert fordi reinen har vorte meir sky, og fordi det er mindre aktiv drift på setrane.



Dyrka mark har i utgangspunktet eit sterkt vern gjennom gjeldande lovverk, både mot inngrep og vanhevd. Det er ikkje aktuelle trugsmål mot dyrka marka i Lordalen når det gjeld inngrep. Eit trugsmål kan vere at dyrka mark går ut av bruk som følgje av redusert aktivitet i landbruket.

I landskapsvernområdet er det forbod mot inngrep som vesentleg kan endre landskapet. Dyrka mark og anna innmark er ein vesentleg del av landskapet i Lordalen. Jordvernet blir såleis styrka gjennom vernet.

Innafor landskapsvernområdet i Lordalen er det (etter DMK (digitalt markslagskart)):

- 59 daa fulldyrka
- 30 daa overflatedyrka
- 29 daa gjødsla beite/andre innlegg

Nydyrkinga har gått sterkt attende etter at ordninga med statleg tilskott opphørde. Det kan likevel finnast lokale tilskottsordningar. Brukarar kan også starte nydyrking med eigne ressursar ut frå eit behov for å styrke ressursgrunnlaget på bruket. Nydyrking er eit vesentleg inngrep i landskapet som også krev løyve etter gjeldande lovverk.

I Lordalen er det vesentlege reserver med dyrkbar jord.

Attgroing av kulturlandskapet er ei utvikling som ikkje er i tråd med verneformålet. Beitekultivering med risknusing og gjødsling er med på å halde landskapet ope, samstundes som det betrar beiteressursen i området. Slike tiltak kan vere konfliktfylte i område som er verdifulle for biologisk mangfald.

Produktivt skogareal i Lordalen er 12000 daa. I tillegg er det rekna med 6800 daa uproduktiv skogsmark. Balansekvantumet er 200 – 300 m³. Heile landskapsvernområdet ligg over vernskoggrensa. Skogen i Lordalen har karakter av å vere fjellskog. I fjellskogen er frøsetting, frømodning, spiring, forynging og produksjon sterkt avgrensa av dei klimatiske vekstfaktorane, særleg vind og temperatur. Gjennomhogst er den dominerande foryngingsmetoden i Lordalen.

Gjerding kan vere nødvendig ut frå ulike behov:

- Hindre beitedyr å kome inn på dyrka mark m.v.
- hindre bufe å kome ut i utmark (kulturbeite)
- sperregjerde i utmark for å styre beitebruken
- hindre at beitedyr nyttar uteområdet kring setrar og hytter
- offentleg krav om innhegning av beitedyr i samband med forvaltning av freda rovvilt.

Inngjerding av hytter er konfliktfylt fordi det kan vere ei ulempe for beitebruk, fri ferdsel og landskapsforhold. Sanketrøer er det bruk for i samband med sanking og skilling av sau.

8.2.2 Retningslinjer

Tema



Drift av dyrka areal og sætervollar § 3, pkt 1.2, a

Drift av eksisterande dyrka mark er direkte heimla i verneforskrifta. Når det ikkje skadar verneformålet, t.d. biologisk mangfald i verdifullt kulturlandskap er det på eksisterande dyrka mark tillate med jordarbeiding, kalking, gjødsling, bruk av plantevernmiddel, grøfting av vassjuk jord, inngjerding av innmark samt andre tiltak som er nødvendig for fortsett drift.

Krav til bevaring av kulturlandskapet § 3, pkt 1.2 a. § 6

Krav til bevaring av kulturlandskapet gjeld alle eigedomar. Det er mellom anna forbod mot lukking av elvar, bekkar og opne grøfter, fjerning av steingjerde, særmerkte steinblokkar, åkerholmar og gamle rydningsrøyser, planering av jordbruksareal, inngrep i gamle ferdselsårer, sprøyting av kantsoner og åkerholmar.

Skjøtselstiltak som skal settast i gang bør vere ei oppfølging av tidlegare driftsformer og skjøtsel, t.d. ønskjeleg at gamle slåttemarker blir slått med lett reiskap framfor skjøtsel med beitedyr.

Oppattaking og nydyrking § 3, pkt 1.3, g

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til nydyrking og etablering av nye kulturbeiter. Ved søknader om oppattdyrking og nydyrking skal det gjerast greie for følgjande forhold:

- Tiltaket sin verknad på landskapet når det gjeld inngrep i andre landskapselement, eksponering og innsyn og biologisk mangfald.
- Om det er vurdert alternative areal
- Om det finst tilgjengeleg jord til leige eller for kjøp

Viss ein brukar har jordbruksareal der det er registrert kulturminne som er til ulempe for drifta, skal dette tale til fordel for søknad om nydyrking.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til opning av nye innlegg der det blir gjort beitekultivering i form av risknusing og gjødsling.

Skogbruk § 3, pkt 2.2.

Med direkte heimel i verneforskrifta er hogst tillate etter gjeldande verneskogforskrift, der det i tillegg blir lagt vekt på følgjande:

- Det skal takast særskilte landskapsmessige omsyn ved vurdering av innmeldte hogstar. Med landskapsmessige omsyn tenker ein her på å redusere eksponeringa av hogstflater, fristilling av horisontar og uthogging av område med vesentleg innslag av kraggfuru. Mot vassdrag og oppe myr bør det settast at urørte kantsoner på minst 6 meter.
- Skogsdrift på beresvake marktypar skal berre skje på frose mark. Beresvake marker er myr og sumpskog.
- Etablering av ny skog skal i regelen skje ved naturlig forynging. Ved behov kan suppleringsplanting nyttast. Sidan forynging skal skje naturleg, må ein kunne optimalisere forholda ved hogst av frøtrestillingar, og flekkmarkberedning.
- Foryngingshogstar bør gjerast som fjellskoghogst (gjennomhogst), der ein etter avverking av eit område har eit fleirsjiktet skogbiletet.
- Felling av særmerkte tre, felling av furu med brannlyrer eller gaddar og



daude tre som er med på å prege landskapet, er forbode. Det må takast omsyn til dette ved planlegging av den enkelte drift.

- Forvaltningsstyresmakta bør vurdere om det er mogleg å få til ein akseptabel landskapsmessig tilpassing av dei planlagde veganlegga i Lordalen. Viss vegane blir bygt, skal dei vere stengt for allmenn ferdsel med bom, jf kapittel om "Motorferdsel".

Beitebruk § 3, pkt 2.3

Med direkte heimel i verneforskrifta er beite tillate innafor heile området.

8.3 Bygningar mm.

8.3.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

I setermiljøet som i kulturlandskapet elles utgjer bygningane eit vesentleg element. Vedlikehald av bygningane er derfor viktig som landskapspleie, kulturminnevern og for å sikre vidare drift av sætra. Det er særleg tilstanden til taket som avgjer kor raskt forfallet skjer. Det har derfor vore gjennomført aksjonar der det blir gjeve tilskott til nytt tak for å hindre vidare forfall på verdifull bygningsmasse, utan at det er stilt særlege vilkår om utforming.

Endringar i bruksstrukturen i landbruket kan gje endringar i statusen for tilhøyrande setrar. Desse inngår likevel som del av bygningsmiljøet på seterstulane.

Heftet "Seterbygningene – verdier og utfordringer", utgitt av Fylkesmannen i Oppland (Fylkesmannen i Oppland. 2007), inneheld presentasjon av enkle prinsipp for istandsetting for bruk/endra bruk og vedlikehald av gammal seterbebyggelse med mange gode døme frå Gudbrandsdalen.

Dei tradisjonelle bygningane på setrane har vore:

- | | |
|------------|----------|
| ● Seterhus | ● Lyu |
| ● Fjøs | ● Ysthus |

Byggjeskikken har utgangspunkt i seterbusetnaden med følgjande særtrekk:

- | | |
|------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------|
| ● Turrmuring (ringmur) | ● Takåsar, taktrog, vindskier, vassbord og torv |
| ● Bruk av lafta tømmer | ● Småruta glas |
| ● Nyare hus kan ha bordkledning (over- og underliggar) | ● "Flate" dører utan speil eller profilert kledning |
| ● Gesimshøgde 2 m eller lågare | ● Ubehandla, tjrubreidde eller brunbeisa tømmer/kledning. |
| ● Saltak med takvinkel 22 ⁰ til 27 ⁰ | |

Gjerde har vore utført som

- | | |
|------------|---------------|
| ● Stakkitt | ● Steingjerde |
| ● Skigard | |

Byggjeskikken har utvikla seg over tid og nyare bygg skil seg frå den lokale byggjeskikken når det gjeld



- | | |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none"> ● Storleik, både høgde og grunnflate ● Materialar til taktekking ● Ytterkledning ● Større glas og dører | <ul style="list-style-type: none"> ● Isolerte bygg ● Ringmur eller såle i betong. ● Bruk av nettinggjerde og impregnerte stolpar |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

I Lordalen finst det i tillegg til setrane 11 private hytter og ei oppsynshytte som tilhører Lesja fjellstyre. Som for setrane kan restaurering og vedlikehald medføre ei utvikling som bryt med tradisjonell byggjeskikk og materialbruk og få uheldige konsekvensar for kulturlandskapet.

8.3.2 Retningslinjer

Tema

Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, b.

Ved nybygg, vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i

- Materialval
- Byggjeteknikk
- Utforming og farge

jf. opplistinga ovafor.

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemma i landskapet.

Vedlikehald § 3, pkt 1.2, b.

Direkte heimla i verneforskrifta er normalt innvendig og utvendig vedlikehald som skifte av kledning, glas og tak som ikkje fører til endring av storleik eller fasade.

Alle former for fasadeendringar og utvidingar er søknadspliktige i landskapsvern-området. Vedlikehald omfattar ikkje ombyggingar som fører til endra bruk av bygget.

Ved vurdering av om eit tiltak er ei fasadeendring vil ein leggje vekt på om endringa fører til at bygget blir meir eksponert i høve til omgjevnadene. Val av skarpe fargar til utvendig maling, blanke blikktak m.m. på bygningar som ikkje hadde dette frå før, er å rekne som fasadeendringar. Bordkledning av tømmerhus reknast som ei søknadspliktig fasadeendring.

Det er tilstanden på taket som avgjer om arbeidet er å rekne som nybygg /oppattføring eller vedlikehald.

Tidlegare seterhus som er omdisponert til fritidsformål og andre fritidshus skal bli vurdert og behandla på same måte som tradisjonell seterbyggnad, når det gjeld tilpassing til lokal byggjeskikk.

Tilsvarende gjeld for uthus og andre byggtypar.

Nye bygg for jordbruks- og sæterformål § 3, pkt 1.3, b.

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta tillate oppført nye bygg for jordbruks- og seterformål. Nødvendige nye bygg til jordbruks- og seterformål skal innafor ei forsvarleg økonomisk ramme, utformast i tråd med den tradisjonelle byggjeskikken,



men likevel tilpassast gjeldande byggtekniske krav, nyare driftsformer og tidsmessige krav til komfort.

Nye bygg skal plasserast i terrenget slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygnad eller verkar skjemma i landskapet.

Oppføring av nye bygningar og anlegg (gjerder, bruer og klopper) som er nødvendige til jordbruksføremål vil bli vurdert i kvart enkelt tilfelle. Det blir ikkje gjeve løyve til nye byggverk i ubebygde område.

Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3, c

Etter søknad kan det godkjennast tilbygg på og ombygging av eksisterande bygg. Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter.

For landbruksbygg og andre bygg som gjeld utøving av bruksrett skal arealet tilpassast etter driftsmessige behov.

Etter søknad kan det bli gjeve løyve til tilbygg og/eller ombygging av eksisterande bygningar i samband med etablering av anna småskala næringsverksemd knytt til setrane (jf. pkt. 8.5.2).

For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta tillate ei utviding slik at samla areal ikkje overstig 75 m² (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks. Ved vurdering av storleik på utvidinga skal forvaltningsstyresmakta ta omsyn til omgjevnaden og opprinneleg storleik på bygningen. Høve der det berre blir gjeve løyve til mindre utvidingar:

- i sårbare område som snaufjell eller seterområde
- av omsyn til andre bygningar i nærleiken
- av andre omsyn der ein bygningsmasse på 75 m² ikkje er ønskjeleg, t.d. tidlegare praksis, byggjeskikk.

Bygging av terrasse, veranda og plattung er framandelement i den lokale byggjeskikken og skal ikkje vere tillate.

Gjenoppføring av bygningar § 3, pkt 1.3. e.

Etter søknad skal ein normalt få løyve til å setje opp att bygningar som har gått tapt ved brann eller naturskade. Som hovudregel skal den nye bygningen settast opp på same plassen og ha om lag same utsjånad som bygget det skal erstatte. Ein kan likevel gje løyve til endringar i tråd med ny og forbetra kunnskap eller endringar som forbetrar utsjånaden til bygget i tråd med rettleiaren for lokal byggjeskikk. Bygg som blir bygd opp etter dette punktet skal ha same funksjon som det bygget som gjekk tapt. Dersom bygget hadde ei uheldig plassering i høve til verneverdiane, kan forvaltningsstyresmakta krevje at bygget blir sett opp andre stader enn der det stod tidlegare.

Riving av sæteranlegg § 3, pkt 1.3, d.

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til å rive bygning knytt til



seteraktivitet. Dette gjeld i tillegg til sel, både fjøs, høyløer, buer og uthus, uansett teknisk stand. Forvaltningsstyresmakta skal hente inn fagleg råd frå kulturminnevern- styresmakta med behandling av søknad. Forvaltningstyresmakta kan gje løyve til riving dersom bygningen ikkje inngår i nokon heilskap på plassen.

Ved riving for flytting utafør seterstulen, skal det ikkje gjevast løyve.

Gjerde- og sanketrøer § 3, pkt 1.3, j, jf 1.2, a

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta godkjenne gjerding i utmark i den grad det er nødvendig for landbruksdrifta eller skjøtsel av kulturlandskapet. Gjerding skal kunne skje med tradisjonelle gjerdetypar som skigard, stakitt eller steingjerde. Det skal også kunne nyttast nettinggjerde eller straumgjerde.

Sanketrøer bør plasserast innåt anna inngjerd område.

Det blir ikkje opna for å gjerde inn hytter og buer.

8.4 Friluftsliv

8.4.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Lordalen er eit attraktivt område for friluftsliv, både området i seg sjølv og som utgangspunkt for friluftsliv i dei kringliggande fjellområda. Lordalen har stor verdi som område for lokalt friluftsliv. Innbyggjarane i Lesja utgjer etter det ein kan sjå den største brukargruppa. Området er verdifullt også for andre enn lokale brukargrupper, men talet på besøkande frå område utafør Lesja ser ut til å vere lågt.

Området har ein låg tilretteleggingsgrad, og kjensla av ro og harmoni er noko som slår mange som bruker området. Dette kan ha samband med at tilretteleggings- graden er moderat, besøkstala er låge og at landskapet har eit opphavleg preg. Området kan ikkje nåast direkte med offentlege transportmiddel.

Viktige friluftaktivitetar i Lordalen er jakt, fiske, turgåing til fots om sommaren og på ski om vinteren og rafting i Lora. Lordalsvegen er godt eigna for sykling. Utfluktar med rasting og opphald i friluft er ein viktig aktivitet i området, og fleire plassar langs Lordalsvegen er eigna for dette. Gråhøe (2014 moh), den einaste 2000-m-toppen i Reinheimen-området, er tilgjengeleg frå Lordalen.

Det har også vorte vanleg med elvepadling i Lordalen. Elva er mindre krevjande enn dei mest kjente padleelvane. Det er mykje utanlandske grupper. Padleaktiviteten er også ofte knytt til telting i området.

Løvegen er ei gammal ferdselsåre mellom Lom og Skjåk og Romsdalen. Råket kjem over frå Aursjoen og ned til Nysætra i Lordalen og fortsett vidare til Grøndalen og Lesjaskog. (Jf kart nr 6)

Ved Nysætra finst parkeringsplass med oppstilling for caravans/bubilar, bål plass og bord/benkar og do. Det er sett i gang arbeid med å utvide tilrettelegginga i området



med eit informasjonspunkt, snuplass for buss, korte natur-/kulturstigar, gapahuk og betre tilrettelagt rasteplass.

Å sikre område for friluftsliv er derfor eit delmål i området.

Villreinen nyttar dei lågareliggande delar av Lordalen som vårbeiteområde, og mykje ferdsel i området i mai og byrjinga av juni, kan få uheldige følgjer for dyra sine behov for ro og næringsrikt beite. Dette gjeld særleg kalveførande simler.

Verneforskrifta tek spesielt opp forholdet til landskap, naturmiljø og dyreliv.

I Lordalen landskapsvernområde bør ein arbeide for å behalde den profilen friluftslivet hadde ved vernetidspunktet, med låg tilretteleggingsgrad, men med gode forhold for familieaktivitetar og haustingsbasert friluftsliv.

8.4.2 Retningslinjer

Tema

Vedlikehald og ny tilrettelegging § 3, pkt 1.2 c, 1.3, k.

Med direkte heimel i verneforskrifta og i samsvar med forvaltningsplanen kan det gjerast vedlikehald av eksisterande stigar med varding, bruer og klopper (Jf kart nr 4 og 5)

Tiltak som er tillate omfattar å fjerne greiner og trær i og nær stien, tilretteleggje for kryssing av bekkar og våte parti med materialar ein finn i området og vedlikehalde merking.

Løvegen kan vedlikehaldast med varding, fargemerking og skilting. (Jf kart nr 6)

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til oppgradering eller anna endring av standard på tilrettelegging i forhold til vernetidspunktet eller opparbeiding og merking av nye stigar og løyper når det ikkje skadar verneverdiane. Dette gjeld og bygging av nye klopper og bruer.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til enkle tiltak som kan styrke friluftslivet eller ei næringsssatsing knytt til verneområdet eller som kan kanalisere ferdsla. Med enkle tiltak er det her tenkt på:

- Stutte merka ruter evt. med førar (car walks)
- Naturstigar
- Småskala reiselivsutvikling i seterområda
- Tilrettelegging av enkelte kulturminne for formidling av historia knytt til bruken av området.

Det kan arbeidast vidare med planar om ein naturstig og ulike tilretteleggingstiltak ved Nysætre.

Ved vurdering av aktuelle tilretteleggingstiltak som opparbeiding og merking av nye turstigar og løyper, skal ein ta omsyn til landskap, naturmiljø og dyreliv slik at

- Fysiske tilretteleggingstiltak ikkje blir skjemma for omgjevningane
- Det ikkje blir lagt til rette for ferdsel som kan medføre unødig slitasje på terrenget



- Det ikkje blir lagt til rette for ferdsel som kan vere i konflikt med viktige viltområde som parings- og hekkeplassar.

All tilrettelegging for friluftsliv i landskapsvernområdet, som merking av stigar, stikking av skiløyper og bygging av bruer og klopper, skal vere i tråd med Direktoratet for naturforvaltning si handbok 27 *Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv, 2006* (Direktoratet for naturforvaltning 2006) og *Merkehåndboka, DNT mfl 2002* (DNT2002).

Tilretteleggingstiltak skal utførast med vekt på omsyn til naturmiljøet og tilpassing til landskapet gjennom materialval og utforming. Ein bør helst nytte stadeigne materialar som tre og stein, men ein kan avvike frå dette av omsyn til tryggleik og vedlikehald.

Ferdsel § 3, pkt 4.1, 4.2.

Organisert bruk av sykkel, hest og hundespenn er ikkje underlagt restriksjonar, med mindre bruken kan vere forstyrrande for dyrelivet, t.d. villreinen eller fører til slitasje på og utafor stigar slik at verneverdiar blir forringa.

Dersom slik ferdsel aukar i mengde til å bli ein trussel for verneverdiane, bør Direktoratet for naturforvaltning vurdere å regulere skadeleg ferdsel gjennom ei eiga forskrift.

All ferdsel skal skje med omsyn til landskap og naturmiljø.

8.5 Reiseliv

8.5.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Infrastruktur og etablert reiseliv i Lordalen

I Lordalen fins det ein grunnleggjande infrastruktur:

- Lordalsvegen (standard for lastebil og buss)
- Bygningsmasse: setrar, buer og hytter på 5 seterstular
- 3 små campingplassar
- Råk
- Kart
- Allment sal av jakt- og fiskekort (statsallmenning).

Den einaste verksemda i Lordalen som baserer seg noko på turisme, er Brenden seter på Storsetra der matserving (kaffe, rømme og "seterkost") er kombinert med tradisjonell seterdrift. Enkelte seterhus og hytter blir leigd ut i tilknytning til jakt på hjortevilt og småvilt.

Området er ikkje tilrettelagt med elektrisitetsforsyning eller fasttelefon. Dekning for mobiltelefon er varierende. Infrastrukturen gjev at området har eit potensiale for reiseliv, men vegen gjennom Lordalen er ingen gjennomfartsveg, og turiststraumen vil truleg aldri bli stor.

Det finst i Noreg i dag mange døme på at tidlegare seterlandskap er endra til hytte- og turistutbyggingsområde. I næringsssamanheng har dette ofte vore vellukka. I forhold til formålet med å bevare kulturlandskapet har det nok ofte vore øydeleggande. Ei omfattande utbygging av turistverksemder med tilbod om



overnatting og andre fasilitetar i Lordalen vil ikkje vere i samsvar med formålet med landskapsvernet.

Andre verdiar

Området har store natur- og kulturverdiar og kan derfor ha appell i eit marknadssegment som etterspør natur- og kulturbaserte reiselivsprodukt. Lesja fjellstyre har lagt til rette for camping/cararvan ved Nysætre, Kvannbekkmyre og ved Nybrue.

Potensialet

Området har 29 setrar, som ved tilrettelegging kan gje ein viss overnattingskapasitet. Overnatting kan kombinerast med aktivitetar. Området er likevel av ein slik kvalitet at ein kan få ein del gjestedøgn utan tilrettelagde aktivitetar. Med utgangspunkt i gjestar frå andre verksemder (også utafor området) eller dei som reiser på eiga hand kan enkelte setrar også drive meir besøksorientert ved at ein

- sel opplevingar i setermiljøet på dags- og kveldsarrangement
- sel seterprodukt.

Utleige på åremål kan også vere eit alternativ. Verksemder utafor området kan også utnytte friluftsverdiane i Lordalen.

Padle- og raftingmiljøet som er i ferd med å etablere seg i Lora elv er ein aktivitet forvaltningsstyresmakta må merke seg. Elva er ikkje av dei mest utfordrande for denne aktiviteten, den må vel kunne kallast ei "nybyrjar- eller opplæringselv". Padling/rafting er ein relativt ny aktivitet i dette området, og det må vel kunne stillast spørsmål om kor grensa for organisert aktivitet og den frie ferdselsretten går, når større grupper, for det meste utanlandske utøvarar, tek i bruk elva til dette formålet. Eit generelt problem her er smittefaren ved flytting av kanoar/kajakkar/flåtar mellom vassdrag, ofte over landegrensar. Det blir her vist til krav om desinfisering av fiskeutstyr som har vore nytta i andre vassdrag.

Ved revisjon av forvaltningsplanen vil truleg forvaltningsstyresmakta ha meir erfaring og større kunnskapar om utviklinga av denne aktiviteten og følgjeleg grunnlag for å utarbeide tenlege retningslinjer. Forvaltningsstyresmakta bør arbeide for at reiselivsutviklinga i området blir natur- og kulturbasert med ein profil for formidling av kunnskap og opplevingar knytt til verdiane i området.

Tålegrense

Naturen si tålegrense i forhold til bruk kan ikkje uttrykkast ved eit absolutt målbart kriterium. Det er også avhengig av kva for mål ein har for forvaltninga av området. Under føresetnad av at bygningsmasse og kulturlandskap ikkje endrar karakter som følgje av ei viss reiselivsutvikling, vil sjølve Lordalen vere robust i forhold til auka bruk. Leveområda for villrein, representert ved dei høgareliggande fjellområda kring Lordalen, vil vere meir sårbare for auka ferdsel. Kulturminne kan også bli meir utsett ved auka ferdsel.

Tilretteleggingstiltak

Gjennom bestillingsdialogen mellom forvaltningsstyresmakta og SNO er det finansiert og sett i gang arbeid med oppføring av informasjonstavler ved Nyseter. Området blir også tilrettelagd med parkering og bord og benkar.



8.5.2 Retningslinjer

Tema
Oppstillingsplassar § 3, pkt 1.2, d
Med direkte heimel i verneforskrifta kan camping/caravanplassane ved Nysætre, Kvannbekkmyre og Nybrue drivast og vedlikehaldast som før vernetidspunktet.
Parkering for kortare opphald som ikkje inneber overnatting, kan skje langs vegar som er opne for motorferdsel.
Tilrettelegging § 3, pkt 1.3, c.
Området kan etter søknad opnast for småskala reiselivsutvikling i tilknytning til eksisterande bygningsmasse. Bygningsmassen kan byggast om for: <ul style="list-style-type: none"> ● overnatting ● servering ● sanitære formål ● lager. <p>I tillegg kan det tilretteleggjast for parkering.</p> <p>I forhold til formålet om å bevare kulturlandskapet gjennom aktiv seterdrift, må sal av overnatting, seterprodukt, kurs, utleige m.v. sjåast på som eit positivt element. Reiselivsutvikling må også skje innafor dei rammer som blir gjeve i verneforskrifta og av fjellstyret og kommunen.</p> <p>For tiltak på bygningar gjeld retningslinjer under pkt. 8.3 Bygningar.</p>
Ferdsel § 3, pkt 4.1 og 4.2
Ferdsel i Lordalen landskapsvernområde skal skje etter verneforskrifta. Forvaltningsstyresmakta må vurdere verknaden av ei eventuell reiselivsutvikling i Lordalen opp mot: <ul style="list-style-type: none"> ● Målet om å ta vare kulturlandskapet og setermiljøet ● Målet om å sikre leveområdet for villrein ● Vern av kulturminne ● Oppretthalde ein aktiv beitebruk <p>For tilrettelegging for friluftsliv sjå avsnitt 8.4.</p>

8.6 Jakt- og fiske

8.6.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Det er eit mål å ivareta dei rike vilt- og fiskebestandane ein har i landskapsvernområdet, og vidareføre gjeldande bruk til jakt og fiske.

8.6.2 Retningslinjer

Tema
Fiske og jakt § 3, 3.2 a, b
Utøving av jakt og fiske er direkte heimla i verneforskrifta, og kan utøvast etter reglane i lakse- og innlandsfiskelova og naturmangfaldlova





Lortjønn. Foto: Stig Aaboen

8.7 Motorferdsel

8.7.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Aktuell motorferdsel i Lordalen er:

- På veg
- På innmark
- I utmark / på islagte vassdrag
- Start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m

Motorferdsel på Lordalsvegen er ein viktig føresetnad for drift av landbruksareala i området. Transporten gjeld beitebruk, setring og hausting av dyrka areal. Vegen er vidare viktig for transport av tømmer og ved. Friluftslivet og forvaltninga dreg også stor nytte av vegen.

Motorferdsel på innmark gjeld vanleg jordbruksdrift.

Motorferdsel i utmark (også snødekt mark) og på islagte vassdrag gjeld:

- Skogsdrift
- Oppsyn
- Vitskaplege undersøkingar
- Transport av ved og utstyr til buer og hytter
- Tilsyn med setrar



- Transport av båtar
- Transport av saltsteinar

Motorferdsel om vinteren med snøscooter følgjer i stor grad eksisterande vegtraséar innover dalen. Det er etablert leigekøyringsordning etter Nasjonal forskrift om motorisert ferdsel i utmark og på islagte vassdrag § 5 a.

8.7.2 Retningslinjer

Tema
Forbod § 3, 5.1.
I Lordalen landskapsvernområde er motorisert ferdsel i utgangspunktet forbode og særleg konfliktfylt fordi landskapsvernområdet skal vere skjerma for unødvendig støy og uro. Transportar skal ha eit klårt nytteformål. Motorisert ferdsel som har preg av turkøyting skal ikkje skje.
Hogst § 3, pkt 5.2, c.
Motorferdsel i samband med lovleg hogst er direkte heimla i verneforskrifta. For slik transport skal det leggst vekt på å unngå terrengskadar, vegetasjonsslitasje og forstyrring av dyrelivet.
Felt elg og hjort § 3, pkt 5.2 e.
Ved uttransport av felt elg og hjort med lette beltekøyretøy (type "elgtrekk"), ikkje ATV, under skoggrensa, må ein unngå køyreskadar ved ikkje å køyre på beresvake marker eller sårbar vegetasjon.
Løyve etter søknad
Øvingar m.m. § 3, pkt 5.3 a, jf. 5.2 a.
Søknader om motorferdsel i samband med forsvaret, andre offentlege etatar og hjelpekorps sine øvingar skal inngå som del av ein årleg plan for øvingsverksemda. Formålet med øvingane, talet på personar og køyretøy, bruk av anna utstyr og øvingsområde skal framgå av søknaden. For hjelpekorps gjeld at planen skal vere godkjend av politimeisteren slik det fylgjer av retningslinjer frå Direktoratet for naturforvaltning (sjå brev frå Direktoratet for naturforvaltning til fylkesmennene av 01.03.99. Vedlegg 8). Alle søknader om kjentmannsskøyting skal vurderast med omsyn til verneverdiane, omsynet til dyrelivet, friluftsliv og utskifting av folk i hjelpekorpsa. Hovudregelen er at ein skal gjere seg kjent i områda utan bruk av køyretøy, ved til dømes ski og fotturar. I samband med at hjelpekorps tek på seg kvisting av skiløyper bør ein nytte høvet til å gjere nye mannskaper kjent i områda.
Søknad om motorisert ferdsel under øvingar for Forsvaret skal vurderast strengt, og løyve vil normalt ikkje gjevast om ein kan bruke alternative øvingsområde. Dette skal vere vurdert i søknaden.
Vidare skal det etablerast rutiner med kontakt med oppsynet og villreinutvalet i samband med øvingane. Også motorisert ferdsel i samband med oppsyn og forvaltning bør skje planmessig med vekt på å redusere ferdsla til eit minimum.
Nødvendig transport av ved, material eller varar til buer og hytter med vidare



§ 3, pkt 5.3.

Motorisert ferdsl i utmark i Lordalen landskapsvernområde skal haldast på eit nødvendig minimum. Motorferdsl i samband med løyve etter verneforskrifta § 3, pkt 5.3. skal i regelen skje ved bruk av leigekøyrar. (jf Nasjonal forskrift om motorisert ferdsl i utmark og på islagte vassdrag 5 a.).

For å sikre fleksibilitet og å unngå unødige behandling av søknader, skal løyve gjevast for ei aktuell periode. Leigekøyrar/transportør skal varsle oppsynet på førehand i forhold til den aktuelle dagen når transporten skal skje for å hindre moglege ulemper for villreinen og for å halde oversikt over motorferdsl i verneområdet. Det skal førast køyrebok som skal sendast forvaltningsstyrmakta innan 5. juni kvart år.

For kjende, faste transportformål kan det gjevast fleirårige løyve for inntil 5 år med avgrensing i tal på turar.

Talet på turar skal normalt avgrensast, t.d. slik:

- på vinterføre 1 – 5 turar
- på barmark 1 – 3 turar
- i lufta 1 – 3 turar.

Køyring på snødekt mark skal normalt ikkje skje etter 20. april, ev. 3. påskedag om den er seinare.

Tiltakshavar eller transportør kan søkje om løyve. Avgjerande for behandling av søknaden er kva for formål det blir søkt om. Søknaden skal innhalde opplysningar om formål, trasé, tidsrom og antal turar.

Etter søknad kan det gjevast dispensasjon for transport av varig rørslehemma til eiga hytte. Definisjon av rørslehemma følgjer av MD sitt rundskriv T-1/96, men personar som på grunn av alder eller mellombels sjukdom er rørslehemma blir ikkje rekna som varig rørslehemma i denne samanhengen.

Traséar § 3, pkt 5.3, b.

Transport med snøscooter skal, utanom nødvendige avstikkarar til målet for transporten, følgje Lordalsvegen, jf kart nr 9. I den grad transport skjer utanom Lordalsvegen bør tur og retur skje etter same trasé.

- Lordalsvegen fram til Nysætre
- Rånå - Herrahøtjønn

Luffartøy § 3, pkt 5.3, b.

Søknader om lufftransport skal berre innvilgast ved særleg behov som samla gjev mindre motorferdsl.

Det er ikkje høve til å gje dispensasjon for landing med luffartøy for tur- eller reiselivsformål.

Saltstein § 3, 5.3, c.

Forvaltningsstyrmakta kan etter søknad gje løyve til transport av saltstein på snødekt mark. Transporten skal skje i regi av beitelag. Løyvet skal avgrensast til eit tidsrom og normalt berre gjelde for eit avgrensa tal turar for det enkelte beitelag.



Utkøyringa skal skje ved leigekøyrar. Det bør vere ein oversikt for utkøyringa av saltstein.

8.8 Vegar, køyrespor og masseuttak

8.8.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Lordalsvegen er ca 20 km lang frå Lora til Nyseter, der ca 10 km ligg innafør landskapsvernområdet. Veggen er bygd som landbruksveg, men er også vurdert å ha verdi for friluftslivet. Veggen har ein standard som gjer den farbar med personbil, buss og lastebil.

Statskog SF har ønskje og planar om bygging av to vegparsellar av type enkel traktorveg, (vegklasse 8) i området. Den eine er planlagt frå Bjøknesætra og 1800 m innover dalen langs høgdekote 850. Den andre vil ta av frå Lordalsvegen i området ved Veslefelling, krysse Lora elv og fordele seg på to armar med ein total lengde på 3 – 400 m.

8.8.2 Retningslinjer

Tema

Vedlikehald § 3, pkt 1.2, b.

Direkte heimla i verneforskrifta er løpande vedlikehald av Lordalsvegen. Vedlikehold av den eksisterande veggen skal skje på ein slik måte at den har samme standard som på vernetidspunktet. Veggen kan grusast, eksisterande grøfter kan vedlikehaldast som før. Anlegg av nye grøfter er ikkje tillate. Når det gjeld grusing tenker ein i denne samanhengen kun på vedlikehald av bærelag/slitelag der dette finnes frå før.

Nye vegar § 3, pkt 1.1 og 1.3.

Det er ikkje opna for å byggje nye vegar, utover landbruksvegar, i landskapsvernområdet. Det skal ikkje gjevast løyve til å byggje vegar eller etablere permanente køyrespor i samband med oppattbygging av bygg, endra bruk av eldre bygg eller andre formål knytt til eksisterande eller nye bygningar.

Bygging av nye landbruksvegar, § 3, pkt 1.3, i.

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til bygging av nye landbruksvegar. Ved eventuell etablering av nye veganlegg må omsynet til naturlandskapet vektleggjast i stor grad, både i val av vegtrasé og ved gjennomføringa av byggjearbeidet. Nye veganlegg skal ikkje vere opne for allmenn ferdsel med motorkøyrerøy, og skal derfor vere fysisk stengt med bommar. Utanom landbruksdrift skal vegane kunne nyttast til framkøyring av elg og hjort i samband med jakt.

Omlegging og opprusting av vegar for jord- og skogbruksformål § 3, pkt 1.3, h.

Etter søknad kan vegar som eksisterer på vernetidspunktet leggst om over kortare strekningar eller rustast opp til ein høgare standard for å imøtekomme nye behov på grunnlag av endra driftsmåtar og nye maskiner/reiskap. Inngrepa skal likevel avgrensast til det som er nødvendig for å oppnå ønska standard, og det skal vere eit reelt behov for endringa.



Med omleggingar over kortare strekningar meiner ein til dømes omleggingar for å unngå eit blautområde, betre kurvaturen på vegen eller unngå bratte stigningar. Slike omleggingar skal gjerast kortast mogleg i høve til det som krevjast for å oppnå ønska forbetring. Opprusting kan også vere grusing for at vegen skal tåle høgare fart eller tyngre utstyr eller auka breidde for å kunne bruke større maskiner i høve endra driftsformer og driftsutstyr.

Det er berre vegar som på vernetidspunktet er fysisk opparbeidd til jord- og skogbruksformål som blir omfatta av denne regelen. Køyrespor blir ikkje omfatta av regelen og kan følgjeleg ikkje rustast opp.

Motorferdsel i samband med lovleg hogst er tillate. I samband med skogsdrift er det høve til flytting av stein og stubbar for å lette tilkomsten. Tiltak utover dette må det søkjast om løyve for.

Masseuttak § 3, pkt 1.1

Masse til vedlikehald må takast i område utafor landskapsvernområdet.

8.9 Kulturminne

8.9.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Lordalen er rik på kulturminne etter gammal fangstkultur, setring, ferdsel og annan bruk. Innanfor landskapsvernområdet er det særleg setrane som pregar området, og det er registrert mange bygningar og bygningsmiljø av spesiell verdi i Lordalen. Det store talet på fangstminne som ligg i Lordalen, ligg for det meste innafor nasjonalparken, men nokon ligg innafor landskapsvernområdet. Eit sentralt område er fangstanlegg og buplassar ved Nordstøl og Nysetre. Fangstanlegga i Lordalen er godt beskrive i Mølmen (1986).

8.9.2 Retningslinjer

Tema

Vern av kulturminne § 3, pkt 4.2.

Kulturminne er verna mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne. Dette skal skje etter ein skjøtelsesplan for kulturminnet og i samråd med kulturminnestyresmakta.

8.10 Biologisk mangfald/verdifulle naturtypar

8.10.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Direktoratet for naturforvaltning si naturbase trekkjer fram følgjande område som viktige (B) eller svært viktige (A):

- Kvannbekkmyre (A) – naturbeitemark
- Storåe (A) – bekkekløft og bergvegg
- Søråe i yttergrensa av verneområdet (A) – bekkekløft og bergvegg



I tillegg har eit større område ved Storsætre-Bjøknesætre gammal barskog som er lokalt viktig (C).

Området har gjennom århundrar vore hardt utnytta i samband med setringa og er derfor prega av av driftsmåtane i landbruket som beiting, slått og hogst i utmarka og hausting og beite på innmark.

For opplysningar om raudlistearter m.v. blir det vist til Direktoratet for naturforvaltning sin Naturbase.

8.10.2 Retningslinjer

Tema

Omsyn til område viktig for biologisk mangfald § 3. pkt 2.1, 2.2, 2.3, 3.1 og 3.2

Forvaltningsstyresmakta skal ta omsyn til område med verdifulle naturtypar ved prioritering av tilrettelegging og søknader om tiltak i landskapet.



Finndalen. Foto: Harald Klæbo.



9 Finndalen landskapsvernområde

9.1 Om området

Formål (jf. Forskrift av 24. nov. 2006 nr. 1307 § 2):

Formålet med Finndalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- ta vare på leveområde og trekkområde for villreinen, og anna biologisk mangfald som pregar landskapet.
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.
- ta vare på vakker og særpreget vassdragsnatur.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Landskapsvernområdet dekkjer eit område på 34 km² og ligg i Lom og Vågå kommunar, men med vesentlege brukarinteresser også knytt til Skjåk kommune. Heile området høyrer med til Finndalen statsallmenning. Området er ein seterdal med 4 seterstular og aktivt utmarksbeite. Det blir drive aktivt skogbruk. Det meste av området ligg under skoggrensa. Av barskog finn ein både furu og gran. I tillegg er det fjellbjørkeskog mot fjellet. Vassdraget Finna er eit viktig element i landskapet med både forgreina og meandrerande løp. Området er rikt på kulturminne og blir nytta ein del i samband med friluftsliv. Brettingsmoen naturreservat med 5,75 km² ligg innafør vernegensene for Finndalen.

9.2 Dyrka areal, sætervollar og skogbruk

9.2.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Finndalen har 4 seterstular:

- Gjerdingodden (3 setrar)
- Breistulen (11)
- Sterringen (9)
- Vangen (9)

Seterstulane er ei blanding av

- opphavleg struktur når det gjeld kveer, gjerde og bygningsmasse
- nydyrking, nye driftsbygningar og seterhus, gjerde og vegar.

I tillegg er det etablert nye innlegg i tilknytning til eller utanom seterstulane.

I Finndalen er det

- 202 daa fulldyrka
- 6 daa overflatedyrka
- 84 daa gjødsla beite /andre innlegg

I Finndalen er det registrert vel 3000 daa dyrkbar jord.



Attgroing av kulturlandskapet er eit vesentleg problem som gjev ei utvikling som ikkje er i tråd med verneformålet. Beitekultur med risknusing og gjødsling er med på å halde landskapet ope, samstundes som det betrar beiteressursen i området. Slike tiltak kan vere konfliktfylte i område som er verdifulle for biologisk mangfald.

Seterdrifta i Finndalen har også hatt innslag av vatningsjordbruk. T.d. er det kjende vassvegar frå Finna, Rååkåe og Stula. Det har vore lause planar om å restaurere enkelte vassvegar. I dag blir det teke vatn i røyr frå aktuelle vassdrag.

Sanketrøer er det bruk for i samband med sanking og skilling av sau.

Produktivt skogareal i Finndalen er 3886 daa. I tillegg er det rekna med 6800 daa uproduktiv skogsmark. Årleg avverking er 100 – 150 m³. Heile landskapsvernområdet ligg over vernskogsgrensa. Skogen i Finndalen har karakter av å vere fjellskog. I fjellskogen er frøsetting, frømodning, spiring, forynging og produksjon sterkt avgrensa av dei klimatiske vekstfaktorane, særleg vind og temperatur. Gjennomhogst er den dominerande foryngingsmetoden i Finndalen.

9.2.2 Retningslinjer

Tema

Drift av dyrka mark og sætervollar § 3, pkt 1.2, a.

Drift av eksisterande dyrka mark er direkte heimla i verneforskrifta. Når det ikkje skadar verneformålet, t.d. biologisk mangfald i verdifullt kulturlandskap, er det på eksisterande dyrka mark tillate med jordarbeiding, kalking, gjødsling, bruk av plantevernemiddel, grøfting av vassjuk jord, inngjerding av innmark samt andre tiltak som er nødvendig for fortsett drift.

Krav til bevaring av kulturlandskapet § 3, pkt 1.2 a. § 6

Krav til bevaring av kulturlandskapet gjeld alle eigedomar. Det er mellom anna forbod mot lukking av elvar, bekkar og opne grøfter, fjerning av steingjerde, særmerkte steinblokkar, åkerholmar og gamle rydningsrøyser, planering av jordbruksareal, inngrep i gamle ferdsselsårer, sprøyting av kantsoner og åkerholmar.

Skjøtselstiltak som skal settast i gang bør vere ei oppfølging av tidlegare driftsformer og skjøtsel, t.d. ønskjeleg at gamle slåttemarker blir slått med lett reiskap framfor skjøtsel med beitedyr.

Oppattaking og nydyrking § 3, pkt 1.3, g

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til nydyrking og etablering av nye kulturbeiter. Ved søknader om oppattdyrking og nydyrking skal det gjerast greie for følgjande forhold:

- Tiltaket sin verknad på landskapet når det gjeld inngrep i andre landskapselement, eksponering og innsyn og biologisk mangfald
- Om det er vurdert alternative areal
- Om det finst tilgjengeleg jord til leige eller for kjøp

Viss ein brukar har jordbruksareal der det er registrert kulturminne eller vatningsanlegg som er til ulempe for drifta, skal dette tale til fordel for søknad om nydyrking.



Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til opning av nye innlegg der det blir gjort beitekulturivering i form av risknusing og gjødsling.

Vassforsyningsanlegg i fjellet § 3, pkt 1.2, b.

Det skal framleis kunne takast ut vatn frå aktuelle vassdrag til vatningsvatn, drikkevatn for bufe og drikkevatn for setrane i området.

Vedlikehald

Vatningsanlegga må vedlikehaldast av omsyn til

- Drift av anlegga
- Kulturminnevern

Ein skal kunne nytte nyare materialar som plast, aluminium, impregnert treverk, men i regelen på ein måte som ikkje endrar det historisk visuelle inntrykket ved anlegget. Tiltak må avklarast med kulturminnvernstyresmaktene.

Eit spesielt drifts- eller vedlikehaldstiltak er molding. Tiltaket gjeld spreining av mold eller liknande langs vassvegen for å påskunde snøsmeltinga. Tiltaket kan førebyggje tilstopping av vassvegen og betre vassforsyninga til jordbruket i ei kritisk fase i vekstsesongen.

Gamle vassvegar blir kartlagt i samband med skjøtselsplanar for den einskilde seterstul.

Skogbruk § 3, pkt 2.2.

Hogst i Finndalen landskapsvernområde er tillate etter gjeldande verneskogforskrift, der det i tillegg blir lagt vekt på følgjande:

- Det skal takast særskilte landskapsmessige omsyn ved vurdering av innmeldte hogstar. Med landskapsmessige omsyn tenker ein her på å redusere eksponeringa av hogstflater, fristilling av horisontar og uthogging av område med vesentleg innslag av kraggfuru. Mot vassdrag og ope myr bør det settast at urørte kantsoner på minst 6 meter.
- Skogsdrift på beresvake marktypar skal berre skje på frose mark. Beresvake marker er myr og sumpskog. Slike marker finn ein særleg i baksida, austover og vestover frå Sterringen og Kvitgrovmarkje.
- Etablering av ny skog skal i regelen skje ved naturlig forynging. Ved behov kan suppleringsplanting nyttast. Sidan forynging skal skje naturleg, må ein kunne optimalisere forholda ved hogst av frørestillingar og flekkmarkberedning.
- Foryngingshogstar bør gjerast som fjellskoghogst (gjennomhogst), der ein etter avverking av eit område har eit fleirsjiktet skogbiletet.
- Felling av særmerkte tre, felling av furu med brannlyrer eller gaddar og daude tre som er med på å prege landskapet, er forbode. Det må takast omsyn til dette ved planlegging av den enkelte drift.
- Hogst av vindfelte tre med grønt bar er tillate.

Beitebruk § 3, pkt 2.6

Med direkte heimel i verneforskrifta er beite tillate innafor heile området.



9.3 Bygningar mm.

9.3.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

I setermiljøet som i kulturlandskapet elles utgjør bygningane eit vesentleg element. Vedlikehald av bygningane er derfor viktig som landskapspleie, kulturminnevern og for å sikre vidare drift av setra. Det er særleg tilstanden til taket som avgjer kor raskt forfallet skjer. Det har derfor vore gjennomført aksjonar der det blir gjeve tilskott til nytt tak for å hindre vidare forfall på verdifull bygningsmasse, utan at det er stilt særlege vilkår om utforming.

Tabell 8. Oversikt over bygningsmasse på setrar i Finndalen landskapsvernområde (Kjelde: Seterregisteret for Finndalen)

	Seterhus	Fjøs	Løe	Andre bygg	Sum
Gjeringodden	3	4	3	4	14
Breistulen	14	8	5	9	36
Sterringen	8	8	6	5	27
Vangen	10	4	3	2	19
Sum	35	24	17	20	96

I Finndalen finst det berre eit fåtal bygningar som er ikkje høyrer med til ei seter, (tabell 8). Endringar i bruksstrukturen i landbruket kan gje endringar i statusen for tilhøyrande setrar. Desse inngår likevel som del av bygningsmiljøet på seterstulane.

Heftet "Seterbygningene – verdier og utfordringer" (2007), utgitt av Fylkesmannen i Oppland (Fylkesmannen i Oppland 2007), inneheld presentasjon av enkle prinsipp for istandsetting for bruk/endret bruk og vedlikehald av gammal seterbebyggelse med mange gode døme frå Gudbrandsdalen.

Dei tradisjonelle bygningane på setrane har vore:

- | | |
|------------|----------|
| ● Seterhus | ● Løe |
| ● Fjøs | ● Ysthus |

Byggjeskikken har utgangspunkt i setrane med følgjande særtrekk:

- | | |
|------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------|
| ● turrmuring (ringmur) | ● takåsar, taktrog, vindskier, vassbord og torv |
| ● bruk av lafta tømmer | ● småruta glas |
| ● skut i stav og laft | ● "flate" dører utan speil eller profilert kledning |
| ● nyare hus kan ha bordkledning (over- og underliggar) | ● ubehandla, tjyrubreidde eller brunbeisa tømmer/utkledning. |
| ● gesimshøgde 2 m eller lågare | |
| ● saltak med takvinkel 22 ⁰ til 27 ⁰ | |

Gjerde har vore utført som

- | | |
|------------|---------------|
| ● stakkitt | ● einergjerde |
| ● skigard | ● steingjerde |



Byggjeskikken har utvikla seg over tid, og nyare bygg skil seg frå den lokale byggjeskikken når det gjeld

- | | |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none"> ● Storleik, både høgde og grunnflate ● Material til taktekking ● Ytterkledning ● Større glas og dører | <ul style="list-style-type: none"> ● Isolerte bygg ● Ringmur eller såle i betong. ● Bruk av nettinggjerd og impregnerte stolpar |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

Kulturlandskapet blir også prega av bygningar som er i forfall.

9.3.2 Retningslinjer

Tema

Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, b og 1.3, b og c.

Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i

- Materialval
- Byggjeteknikk
- Utforming og farge,

jf. opplistinga ovafor.

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemma i landskapet.

Vedlikehald § 3, pkt 1.2, b.

Med direkte heimel i verneforskrifta kan det gjerast normalt innvendig og utvendig vedlikehald som skifte av kledning, dører, glas og tak som ikkje fører til endring av storleik eller fasade.

I landskapsvernområdet er alle former for fasadeendringar og utvidingar søknadspliktige Vedlikehald omfattar ikkje ombyggingar som fører til endra bruk av bygget.

Ved vurdering av om eit tiltak er ei fasadeendring vil ein leggje vekt på om endringa fører til at bygget blir meir eksponert i høve til omgjevningane. Val av skarpe fargar til utvendig maling, blanke blikktak m.m. på bygningar som ikkje hadde dette frå før er å rekne som fasadeendringar. Bordkledning av gamle tømmerhus reknast som ei søknadspliktig fasadeendring.

Det er tilstanden på taket som avgjer om arbeidet er å rekne som nybygg /oppattføring eller vedlikehald.

Tidlegare seterhus som er omdisponert til fritidsformål og andre fritidshus skal bli vurdert og behandla på same måte som tradisjonell seterbygning når det gjeld tilpassing til lokal byggjeskikk.

Tilsvarende gjeld for uthus og andre byggetypar.

Nye bygg for jordbruks- og seterformål § 3, pkt 1.3, b

Bygg for jordbruks- og seterformål omfattar dei formål og bygningar som til kvar tid inngår i gjeldane seterforskrift til fjellova.



Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta tillate oppført nye bygg for jordbruks- og seterformål. Nye bygg for jordbruks- og seterformål skal innafor ei forsvarleg økonomisk ramme, utformast i tråd med den tradisjonelle byggjeskikken, men likevel tilpassast gjeldande byggtekniske krav og nyare driftsmessige behov.

Nye bygg skal plasserast i terrenget slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemmaende i landskapet.

Oppføring av nye bygningar og anlegg (gjerder, bruar og klopper) som er nødvendige til jordbruksføremål vil bli vurdert i kvart enkelt tilfelle. Det blir ikkje gjeve løyve til nye byggverk i ubebygde område.

Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3, c

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta godkjenne tilbygg på og ombygging av eksisterande bygg. Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter.

For landbruksbygg og andre bygg som gjeld utøving av bruksrett skal arealet tilpassast etter driftsmessige behov.

Etter søknad kan det bli gjeve løyve til tilbygg og/eller ombygging av eksisterande bygningar i samband med etablering av småskala næringsverksemd knytt til setrane (jf. pkt. 9.6.2).

For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta tillate ei utviding slik at samla areal ikkje overstiger 75 m² (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks, maks 3 bygningar. Ved vurdering av storleik på utvidinga skal forvaltningsstyresmakta ta omsyn til omgjevningen og opprinneleg storleik på bygningen. Høve der det berre blir gjeve løyve til mindre utvidingar er:

- i sårbare område som snaufjell eller seterområde
- av omsyn til andre bygningar i nærleiken
- av andre omsyn der ein bygningsmasse på 75 m² ikkje er ønskjeleg, t.d. tidlegare praksis, byggjeskikk.

Bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggjeskikken og skal ikkje vere tillate.

Gjenoppføring av bygningar § 3, pkt 1.3. d.

Etter søknad skal forvaltningsstyresmakta normalt gje løyve til å setje opp att bygningar som har gått tapt ved brann eller naturskade. Som hovudregel skal den nye bygningen settast opp på same plassen og ha om lag same utsjånad som bygget det skal erstatte. Ein kan likevel gje løyve til endringar i tråd med ny og forbetra kunnskap eller endringar som forbetrar utsjånaden til bygget i tråd med rettleiaren for lokal byggjeskikk. Bygg som blir bygd opp etter dette punktet skal ha same funksjon som det bygget som gjekk tapt. Dersom bygget hadde ei uheldig plassering i høve til verneverdiane kan forvaltningsstyresmakta krevje at bygget blir sett opp andre stader enn der det stod tidlegare.



Riving av seteranlegg § 3, pkt 1.3, f

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til å rive bygning knytt til seteraktivitet. Dette gjeld i tillegg til seterhus, både fjøs, høyløer, buer og uthus, uansett teknisk stand. Forvaltningsstyresmakta skal hente inn fagleg råd frå kulturminnevernstyresmakta med behandling av søknad. Forvaltningstyresmakta kan gje løyve til riving dersom bygningen ikkje inngår i nokon heilskap på plassen. Ved riving for flytting og oppsetting på anna tomt utafør seterstulen, skal det ikkje gjevast løyve.

Gjerde- og sanketrøer § 3, pkt 1.3, h, jf 1.2, a.

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til gjerding i utmark i den grad det er nødvendig for landbruksdrifta eller skjøtsel av kulturlandskapet. Gjerding skal kunne skje med tradisjonelle gjerdetypar som skigard, stakitt, steingjerde eller einergjerde. Det skal også kunne nyttast nettinggjerde eller straumgjerde.

Sanketrøer bør plasserast innåt anna inngjerd område.

Det blir ikkje opna for å gjerde inn hytter og buer.

9.4 Kraftanlegg

9.4.1 Retningslinjer

Tema

Kraftline § 3, pkt 1.2, d, e.

Med direkte heimel i verneforskrifta kan 132 kV kraftline som går mellom Øyberget kraftverk og Vågåmo gjennom Finndalen landskapsvernområde vedlikehaldast etter gjeldande konsesjon for anlegget.

9.5 Friluftsliv

9.5.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Finndalen er eit attraktivt område for friluftsliv, både området i seg sjølv og som utgangspunkt for friluftsliv i dei kringliggande fjellområda. Innbygarane i Vågå, Lom og Skjåk utgjer etter det ein kan sjå den største brukargruppa. Området er verdifullt også for andre enn lokale brukargrupper, men talet på besøkande frå område utafør Ottadalen ser ut til å vere lågt, men aukande. Området har ein låg tilretteleggingsgrad, og kjensla av ro og harmoni er noko som slår mange som bruker området. Dette kan ha samanheng med at tilretteleggingsgraden er moderat, besøkstala er låge og at landskapet har eit opphavleg preg. Området kan ikkje nåast direkte med offentlege transportmiddel.

I Finndalen landskapsvernområde bør ein arbeide for å behalde den profilen friluftslivet har i dag, med låg tilretteleggingsgrad, men med gode forhold for familieaktivitetar og haustingsbasert friluftsliv.

Bruken av Finndalen er knytt til jakt, fiske og turgåing til fots om sommaren og på ski om vinteren. Tilgang om vinteren er begrensa ved at vegen inn i dalen til vanleg ikkje



er brøyta. Elva Finna renn roleg i den flate dalbotnen og er eigna til familieaktivitetar med kajakk og kano. Vegen inn Finndalen er eigna for sykling. Utfluktar med rasting og opphald i friluft er viktige aktivitetar i området.

Finndalen bruksrettslag har planar om tilrettelegging knytt til

- merking av sykkelstigar
- aktivitet i tilknytning til vassdraget, kano m.v.
- naturstigar, t.d. "Vangsrunde"
- merking av stig til Klympen

9.5.2 Retningslinjer

Tema

Vedlikehald og ny tilrettelegging § 3, pkt 1.2 b, c, 1.3, i.

Med direkte heimel i verneforskrifta og i samsvar med forvaltningsplanen kan det gjerast vedlikehald av eksisterande stigar med varding, bruer og klopper (Jf kart nr 4 og 5)

Tiltak som er tillate omfattar å fjerne greiner og trær i og nær stigen, tilretteleggje for kryssing av bekkar og våte parti med materialar ein finn i området og vedlikehalde merking (Jf kart nr 6)

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta godkjenne oppgradering eller anna endring av standard på tilrettelegging i forhold til vernetidspunktet og opparbeiding og merking av nye stigar og løyper når det ikkje skadar verneverdiane. I den grad det er nødvendig for trygging av ferdsla kan forvaltningsstyresmakta gje løyve for bygging av nye klopper og bruer. Dette gjeld særleg råket mellom Vangen og Råå vest for Rååå.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til enkle tiltak som kan styrke friluftslivet eller ei næringsssatsing knytt til verneområdet eller som kan kanalisere ferdsla. Med enkle tiltak er det her tenkt på:

- Stutte merka ruter evt. med førar (car walks)
- Naturstigar
- Småskala reiselivsutvikling i seterområda
- Tilrettelegging av kulturminne for formidling av historia knytt til bruken av området.

Ved vurdering av opparbeiding og merking av nye turstigar og løyper skal ein ta omsyn til forholda for landskap, naturmiljø og dyreliv slik at

- fysiske tilretteleggingstiltak ikkje blir skjemmande for omgjevnadene
- det ikkje blir lagt til rette for ferdsel som kan medføre unødige slitasje på terrenget
- det ikkje blir lagt til rette for ferdsel som kan vere i konflikt med viktige viltområde som parings- og hekkeplassar.

All tilrettelegging for friluftsliv i landskapsvernområdet, som merking av stigar, stikking av skiløyper og bygging av bruer og klopper, skal vere i tråd med Direktoratet for naturforvaltning si handbok 27 *Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv, 2006* (Direktoratet for naturforvaltning 2006) og *Merkehåndboka, DNT mfl 2002*



(DNT2002).

Tilretteleggingstiltak skal utførast med vekt på omsyn til naturmiljøet og tilpassing til landskapet gjennom materialval og utforming. Ein bør helst nytte stadeigne materialar som tre og stein, men ein kan avvike frå dette av omsyn til tryggleik og vedlikehald.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til rydding av fiskeplassar der det ligg til rette for det.

Ferdsel § 3, pkt 4.1, 4.2.

Organisert bruk av sykkel, hest og hundespenn er ikkje underlagt restriksjonar, med mindre bruken fører til slitasje på og utafor stigar slik at verneverdiar blir forringa.

Dersom slik ferdsel aukar i mengde til å bli ein trussel for verneverdiane, bør Direktoratet for naturforvaltning vurdere å regulere skadeleg ferdsel gjennom ei eiga forskrift.

All ferdsel skal skje med omsyn til landskap og naturmiljø.

9.6 Reiseliv

9.6.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

I Finndalen er det ikkje etablert noko omfattande reiselivsverksemd, men det finst enkelte enkle serverings- og opplevingstilbod i tilknytning til eit par setrar på høvesvis Gubhagesætre på Breistulen og Sterringen.

Det finst ein grunnleggjande infrastruktur:

- Finndalsvegen
- Bygningsmasse: setrar, buer og hytter
- Fjellcamplass (Vadestedet; utedo, benkar og eldstad)
- Råk
- Kart
- Allment sal av jakt- og fiskekort (statsallmenning).

I tilknytning til jakt på hjortevilt og småvilt blir enkelte seterhus og hytter leigd ut. Finndalen fjellstyre har opna for organisert bruk av hest frå Finndalen til Råkåvatnet.

Området er ikkje tilrettelagt med elektrisitetsforsyning eller fasttelefon. Dekning for mobiltelefon er varierende. Infrastrukturen gjev at området har eit potensiale for reiseliv. I Finndalen er 32 setrar med overslagsvis:

- 35 seterhus
- 24 fjøs
- 17 løe
- 20 andre bygg.

Andre verdiar

Området har store natur- og kulturverdiar og kan derfor ha appell i eit marknadssegment som etterspør natur- og kulturbaserte reiselivsprodukt. Finndalen



fjellstyre har tilrettelagt ein camping/caravanplass ved Vadestedet aust for brua over Finna aust for Vangen.

Potensialet

Området har 32 setrar, som ved tilrettelegging kan gje ein viss overnattingskapasitet. Overnatting kan kombinerast med aktivitetar. Området er likevel av ein slik kvalitet at ein kan få ein del gjestedøgn utan tilrettelagde aktivitetar. Enkelte setrar kan også drive meir besøksorientert ved at gjester frå andre verksemder, også utafor området, kan kome for å oppleve setermiljøet på dags- og kveldsarrangement. Verksemder utafor området kan også utnytte friluftsverdiane i Finndalen. Utleige av hus på åremål kan også vere eit alternativ. Det er og potensiale for utleige i samband med jakt på hjortevilt og småvilt.

Tålegrense

Naturen si tålegrense i forhold til bruk kan ikkje uttrykkast ved eit absolutt målbart kriterium. Det er også avhengig av kva for mål ein har for forvaltninga av området. Under føresetnad av at bygningsmasse og kulturlandskap ikkje endrar karakter som følge av ei viss reiselivsutvikling, vil sjølve Finndalen vere robust i forhold til auka bruk. Leveområda for villrein, representert ved dei høgareliggande fjellområda kring Finndalen, vil vere meir sårbare for auka ferdsel. Også i forhold til utmarksbeite kan det oppstå konflikstar i forhold til ei auka reiselivsverksemd.

Kulturminne kan bli meir utsett ved auka ferdsel.

Forvaltningsstyresmakta bør arbeide for at reiselivsutviklinga i området blir natur- og kulturbasert med ein profil for formidling av kunnskap og opplevingar knytt til verdiane i området. I forhold til formålet om å bevare kulturlandskapet gjennom aktiv seterdrift, må sal av overnatting, seterprodukt, kurs, utleige m.v. sjåast på som eit positivt element.

Tilretteleggingstiltak

Gjennom bestillingsdialogen mellom forvaltningsstyresmakta og SNO er det finansiert og sett i gang arbeid med oppføring av informasjonstavler ved Gjerdingje. Ved Vadestedet er det like eins finansiert tilrettelegging med parkering og bord og benkar.

9.6.2 Retningsliner

Tema
Tilrettelegging § 3, pkt 1.3, c.
Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta opne for småskala reiselivsutvikling i tilknytning til eksisterande bygningsmasse. Bygningsmassen kan byggast om for <ul style="list-style-type: none">● overnatting● servering● sanitære formål● lager. I tillegg kan det tilretteleggjast for parkering.
For tiltak på bygningar gjeld retningsliner under pkt. 9.3 Bygningar.
Det kan arbeidast vidare med forslag frå Finndalen bruksrettslag som i eit



utviklingsprosjekt m.a. har føreslege:

- merking av sykkelstigar
- aktivitet i tilknytning til vassdraget, kano m.v.
- naturstigar, t.d. "Vangsrunde"
- merking av stig til Klympen
- sjølvhogst av ved.

For tilrettelegging for friluftsliv i samband med reiselivsverksemd, sjå avsnitt 9.5.

Reiselivsutvikling må også skje innafor dei rammer som blir gjeve i verneforskriften og av fjellstyret og kommunen, og vurderast opp mot verneformålet.

Oppstillingsplassar § 3, pkt 1.2, g

Camping/caravanplassane ved Vadestedet kan drivast og vedlikehaldast som på vernetidspunktet.

Parkering for kortare opphald som ikkje inneber overnatting, kan skje langs vegar som er opne for motorferdsel.

Ferdsel § 3, pkt 4.1 og 4.2.

Ferdsel i Finndalen landskapsvernområde kan skje etter føresegnene i verneforskrifta. Forvaltningsstyresmakta må vurdere verknaden av ei eventuell reiselivsutvikling i Finndalen opp mot:

- Målet om å ta vare kulturlandskapet og setermiljøet
- Målet om å sikre leveområdet for villrein
- Vern av kulturminne
- Oppretthalde ein aktiv beitebruk

9.7 Jakt- og fiske

9.7.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Det er eit mål å ivareta dei rike vilt- og fiskebestandane ein har i landskapsvernområdet, og vidareføre gjeldande bruk til jakt og fiske.

9.7.2 Retningsliner

Tema

Fiske og jakt § 3, 3.2 a, b.

Utøving av jakt og fiske er direkte heimla i verneforskrifta, og kan utøvast etter reglane i lakse- og innlandsfiskelova og naturmangfaldlova

9.8 Motorferdsel

9.8.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Aktuell motorferdsel i Finndalen er:

- På veg
- På innmark
- I utmark / på islagte vassdrag
- Start og landing med luftfartøy, lågtflyging under 300 m



Motorferdsel på Finndalsvegen er ein viktig føresetnad for drift av landbruksareala i området. Transporten gjeld beitebruk, setring og hausting av dyrka areal. Vegen er vidare viktig for transport av tømmer og ved. Friluftslivet og forvaltninga dreg også stor nytte av vegen.

Motorferdsel på innmark gjeld vanleg jordbruksdrift.

Motorferdsel i utmark (også snødekt mark) og på islagte vassdrag gjeld:

- Skogsdrift
- Oppsyn
- Vitskaplege undersøkingar
- Transport av ved og utstyr til buer og hytter
- Tilsyn med seter
- Transport av båtar
- Transport av saltsteinar
- Tilsyn med kraftanlegg og snømålingar.

Motorferdsel om vinteren følgjer faste traséar frå Skjåk. Det er etablert leigekøyringsordning etter Nasjonal forskrift om motorisert ferdsel i utmark og på islagte vassdrag § 5 a.

9.8.2 Retningslinjer

Tema
Forbod § 3, 5.1.
I Finndalen landskapsvernområde er motorisert ferdsel i utgangspunktet forbode og særleg konfliktskyld fordi landskapsvernområdet skal vere skjerma for unødvendig støy og uro. Transportar skal ha eit klårt nytteformål. Motorisert ferdsel som har preg av turkøyting skal ikkje skje.
Hogst § 3, pkt 5.2, c.
Motorferdsel i samband med lovleg hogst er direkte heimla i verneforskrifta. For slik transport skal det leggjast vekt på å unngå terrengskadar, vegetasjonsslitasje og forstyrring av dyrelivet.
Felt elg og hjort § 3, pkt 5.2 e.
Ved uttransport av felt elg og hjort med lette beltekøyretøy (type "elgtrekk"), ikkje ATV, under skoggrensa, må ein unngå køyreskadar ved ikkje å køyre på beresvake marker eller sårbar vegetasjon.
Løyve etter søknad
Vedlikehald av vatningsanlegg § 4, jf naturmangfaldlova § 48.
Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av motorisert transport og maskinar ved vedlikehald av vatningsanlegg.
Øvingar m.m. § 3, pkt 5.3 a, jf. 5.2 a.
Søknader om motorferdsel i samband med forsvaret, andre offentlege etatar og hjelpekorps sine øvingar skal inngå som del av ein årleg plan for øvingsverksemda. Formålet med øvingane, talet på personar og køyretøy, bruk av anna utstyr og



øvingsområde skal framgå av søknaden. For hjelpekorps gjeld at planen skal vere godkjend av politimeisteren slik det fylgjer av retningsliner frå Direktoratet for naturforvaltning (sjå brev frå Direktoratet for naturforvaltning til fylkesmennene av 01.03.99. Vedlegg). Alle søknader om kjentmannsskøyting skal vurderast med omsyn til verneverdiane, omsynet til dyrelivet, friluftsliv og utskifting av folk i hjelpekorpsa. Hovudregelen er at ein skal gjere seg kjent i områda utan bruk av køyretøy, ved til dømes ski og fotturar. I samband med at hjelpekorps tek på seg kvisting av skiløyper bør ein nytte høvet til å gjere nye menneskaper kjent i områda.

Søknad om motorisert ferdsel under øvingar for Forsvaret skal vurderast strengt, og løyve vil normalt ikkje gjevast om ein kan bruke alternative øvingsområde. Dette skal vere vurdert i søknaden.

Vidare skal det etablerast rutiner med kontakt med oppsynet og villreinutvalet i samband med øvingane. Også motorisert ferdsel i samband med oppsyn og forvaltning bør skje planmessig med vekt på å redusere ferdsla til eit minimum

Nødvendig transport av ved, material eller varar til buer og hytter med vidare § 3, pkt 5.3

Motorisert ferdsel i utmark i Finndalen landskapsvernområde skal haldast på eit nødvendig minimum. Motorferdsel i samband med løyve etter verneforskrifta § 3, pkt 5.3. skal i regelen skje ved bruk av leigekøyrar. (jf Nasjonal forskrift om motorisert ferdsel i utmark og på islagte vassdrag 5 a.)

For å sikre fleksibilitet og å unngå unødig behandling av søknader, skal løyve gjevast for ei aktuell periode. Leigekøyrar/transportør skal varsle oppsynet på førehand i forhold til den aktuelle dagen når transporten skal skje for å hindre moglege ulemper for villreinen, og for å halde oversikt over motorferdsel i verneområdet. Det skal førast køyrebok som skal sendast forvaltningsstyrmakta innan 5. juni kvart år.

For kjende, faste transportformål kan det gjevast fleirårige løyve for inntil 5 år med avgrensing i tal på turar.

Talet på turar skal normalt avgrensast, t.d. slik:

- på vinterføre 1 – 5 turar
- på barmark 1 – 3 turar
- i lufta 1 – 3 turar.

Køyting på snødekt mark skal normalt ikkje skje etter 20. april, ev. 3. påskedag om den er seinare.

Tiltakshavar eller transportør kan søkje om løyve. Avgjerande for behandling av søknaden er kva for formål det blir søkt om. Søknaden skal innhalde opplysningar om formål, trasé, tidsrom og antal turar.

Etter søknad kan det gjevast dispensasjon for transport av varig rørslehemma til eiga hytte. Definisjon av rørslehemma følgjer av MD sitt rundskriv T-1/96, men personar som på grunn av alder eller mellombels sjukdom er rørslehemma blir ikkje rekna som varig rørslehemma i denne samanhengen.

Traséar § 3, pkt 5.3, b.



Transport med snøscooter skal, utanom nødvendige avstikkarar til målet for transporten, følgje Finndalsvegen eller trasé frå Krossen-Honnsjoen-Vangen eller Åslie-Honnsjoen-Vangen, dessutan trasé frå Vangen inn i nasjonalparken, jf kart nr 9. I den grad transport skjer utanom Finndalsvegen bør tur og retur skje etter same trasé.

Luffartøy § 3, pkt 5.3, b.

Søknader om lufttransport skal berre innvilgast ved særleg behov som samla gjev mindre motorferdsel.

Det er ikkje høve til å gje dispensasjon for landing med luffartøy for tur- eller reiselivsformål.

Saltstein § 3, 5.3, c.

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til transport av saltstein på snødekt mark. Transporten skal skje i regi av beitelag. Løyvet skal avgrensast til eit tidsrom og normalt berre gjelde for eit avgrensa tal turar for det enkelte beitelag. Utkøyringa skal skje ved leigekøyrar. Det bør vere ein oversikt for utkøyringa av saltstein.

9.9 Vegar, køyrespor og masseuttak

9.9.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Finndalsvegen er ca 13 km lang frå statsallmenningsgrensa ved Skårvangen til Vangen. Veggen er bygt som landbruksveg, men er også vurdert å ha verdi for friluftslivet. Veggen har vore bygt i to trinn. Dei siste 5 kilometrane er derfor av ein annan standard når det lineføring, vegkropp og grøfter.

Veggen har no ein standard som gjer den farbar med personbil, buss og lastebil. Ny bru på Sterringen gjer at området no kan nåast med dyretransport og tankbil.

På Vangen er det etablert køyrespor til setrane Skrindøygard, Nedre Bakken, Øvre Bakken, Nordre Bakken og Me Ramstad.

Lom kommune har godkjent reguleringsplan for masseuttak ved Lauva sitt utløp i Finna og langs Finndalsvegen ved Measæterøye.

Kommunen ønskjer å finne ei betre løysing som erstattar parkeringsplassen ved Vangen innerst i Finndalen. Det er og planlagt ein mindre parkeringsplass ved Breistulen.

9.9.2 Retningslinjer

Tema

Vedlikehald § 3, pkt 1.2,b

Direkte heimla i verneforskrifta er løpande vedlikehald av Finndalsvegen. Vedlikehold av den eksisterande veggen skal skje på ein slik måte at den har same standard som på vernetidspunktet. Veggen kan grusast, eksisterande grøfter kan vedlikehaldast som før. Anlegg av nye grøfter er ikkje tillate. Når det gjeld grusing tenker ein i denne



samanhengem kun på vedlikehald av bærelag/slitelag der dette finnes frå før.

Nye vegar § 3, pkt 1.1 og 1.3.

Det er ikkje opna for å byggje nye vegar i landskapsvernområdet. Det skal ikkje gjevast løyve til å byggje vegar eller etablere permanente køyrespor i samband med oppattbygging av bygg, endra bruk av eldre bygg eller andre formål knytt til eksisterande eller nye bygningar.

Omlegging og opprusting av vegar for jord- og skogbruksformål § 3, pkt 1.3, g.

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta godkjenne omlegging av vegar som eksisterer på vernetidspunktet over kortare strekningar eller rustast opp til ein høgare standard for å imøtekomme nye behov på grunnlag av endra driftsmåtar og nye maskiner/reiskap. Inngrepa skal likevel avgrensast til det som er nødvendig for å oppnå ønska standard, og det skal vere eit reelt behov for endringa.

Med omleggingar over kortare strekningar meiner ein til dømes omleggingar for å unngå eit blautområde, betre kurvaturen på vegen eller unngå bratte stigningar. Slike omleggingar skal gjerast kortast mogleg i høve til det som krevjast for å oppnå ønska forbetring. Opprusting kan også vere grusing for at vegen skal tåle høgare fart eller tyngre utstyr eller auka breidde for å kunne bruke større maskiner i høve endra driftsformer og driftsutstyr.

Det er berre vegar som på vernetidspunktet er fysisk opparbeidd til jord- og skogbruksformål som blir omfatta av denne regelen. Køyrespor blir ikkje omfatta av regelen og kan følgjeleg ikkje rustast opp.

I samband med skogsdrift er det høve til flytting av stein og stubbar for å lette tilkomsten. Tiltak utover dette må det søkjast om løyve for.

Masseuttak § 3, pkt 1.3 a

Masse til vegvedlikehald kan etter søknad takast i område med godkjente reguleringsplanar ved Measæterøye og i Finna nedafor Lauva sitt utløp. (Jf kart nr 3)

9.10 Kulturminne

9.10.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Finndalen er rik på kulturminne etter gammal fangstkultur og setring. Innanfor landskapsvernområdet er det særleg setrane som pregar området med svært verdifulle setrar og setermiljø. Området har flotte bygningsmiljø, kulturlandskap, tufter og gravhaugar (Finstad og Skauen 2003).

9.10.2 Retningslinjer

Tema

Vern av kulturminne § 3, pkt 4.2.

Kulturminne er verna mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne. Dette skal skje etter ein skjøtelsesplan for kulturminnet og i



samråd med kulturminnestyresmakta.

9.11 Biologisk mangfold/verdifulle naturtypar

9.11.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Direktoratet for naturforvaltning si naturbase trekkjer fram følgjande område som viktige (B) eller svært viktige (A):

- Finndalen, dalbotnen (A) – kroksjøer, flomdammer og meandrerande elveparti
- Nord for Skaihøe, i utkanten av verneområdet (A) – sørvendt berg og rasmakar
- innafor Brettingsmoen naturreservat er det lokalt viktige (C) område med gammal barskog

Området har gjennom århundrar vore hardt utnytta i samband med setringa og er derfor prega av av driftsmåtane i landbruket som beiting, slått og hogst i utmarka og hausting og beite på innmark.

For opplysningar om raudlistearter m.v. blir det vist til Direktoratet for naturforvaltning sin Naturbase.

9.11.2 Retningslinjer

Tema

Omsyn til område viktig for biologisk mangfold § 3. pkt 2.1, 2.2, 2.3, 3.1 og 3.2

Forvaltningsstyresmakta skal ta omsyn til område med verdifulle naturtypar ved prioritering av tilrettelegging og søknader om tiltak i landskapet.

9.12 Om forholdet til reguleringsplanar etter plan- og bygningslova

9.12.1 Vedtekne reguleringsplanar

I Finndalen landskapsvernområde gjeld det 3 reguleringsplanar:

Reguleringsplan for Measæterøye (gjeld masseuttak)

Reguleringsplan for Lauva (gjeld masseuttak)

Reguleringsplan for 132 kV kraftline melleom Øyberget og Vågåmo.

9.12.2 Retningslinjer

Tema

Forholdet til eldre reguleringsplanar

Reguleringsplan vedteke i Lom kommunestyre den 21.09.99 for området *Measæterøye* går foran vernereglane ved motstrid.

Reguleringsplan vedteke i Lom kommunestyre den 12.03.98 for området *Lauva* går foran vernereglane ved motstrid.



Reguleringsplan vedteke i Lom kommunestyre den 01.11.2001 for området 132 kV kraftline mellom Øyberget og Vågåmo går foran vernereglane ved motstrid.



10 Ottadalen landskapsvernområde

10.1 Om området

Formål (jf. Forskrift av 24. nov. 2006 nr. 1306 § 2)

Formålet med Ottadalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta naturlandskap som del av eit samanhengande høgfjellsområde
- ta vare på det biologiske mangfaldet i området, med særleg vekt på villreinstammen i Ottadalen nord
- ta vare på kulturminne mellom anna knytt til vatningsanlegg.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Landskapsvernområdet dekkjer eit område på ca 229 km² og ligg i Skjåk, Lom og Vågå kommunar. Området ligg i Skjåk allmenning og Finndalen statsallmenning. Areal under 1080 m.o.h. i Skjåk er privat. Strekinga frå Lom grense til Brua er utskifta. Området mellom Brua og Aura er uskifta. Området er utan innmark, men det blir utøvd eit aktivt utmarksbeite. Vatningsanlegg i fjellet er utgangspunkt for avgrensing av landskapsverneområdet. Området ligg i det heile over skoggrensa, og er ein del av leveområdet for villrein. Jakt, fiske og friluftsliv er viktige brukarinteresser. Området er rikt på kulturminne knytt til vatningskultur og fangstkultur.

10.2 Beite

10.2.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Ottadalen landskapsvernområde er eit høgareliggende fjellområde utan infrastruktur. Det er ikkje fast busetting, setrar eller anna innmark i Ottadalen landskapsvernområde. Landbruksinteressene i Ottadalen er derfor knytt til utmarksbeite og vatning.

Gjerding kan vere nødvendig ut frå ulike behov:

- Sperregjerde i utmark for å styre beitebruken
- Offentleg krav om innhegning av beitedyr i samband med forvaltning av freda rovvilt

Inngjerding av hytter er konfliktfylt fordi det kan vere ei ulempe for beitebruk, fri ferdsel og landskapsforhold.

Beitebruken kan skje i tråd med gjeldande rettar og lovverk. Der er registrert til dels store tap til freda rovvilt på sau og lam.

10.2.2 Retningslinjer

Tema

Beite § 3, pkt 2.2

Med direkte heimel i verneforskrifta er beite er tillate i heile området.



10.3 Vatningsanlegg i fjellet

10.3.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Vatningsjordbruket i Ottadalen er eit særmerkt fenomen som ein finn parallellar til m.a. i Italia og Sveits. Med svært små nedbørsmengder i hovuddaleføret er behovet for vatningsvatn stort i Ottadalen. Sjølv om det i seinare år er bygt ein del pumpeanlegg med inntak frå Otta, er jordbruket i Ottadalen framleis avhengig av vatningsanlegg i fjellet. Dei fleste vatningsanlegga har framleis stor bruksverdi, samstundes som dei er verdifulle for kulturminnevernet. Bruken av anlegga fremmar i denne samanhengen både jordbruksinteressene og kulturminnevernet.

Element i anlegga

Vatningsanlegga i Ottadalen (tabell 9-11) består av følgjande element:

- Dammar (teppingar). Dammane er bygt som fyllingsdammar. Eldre anlegg kan også ha tørrmur som ein del av konstruksjonen.
- Vassvegar (vassveiter). Vassvegane går som små kanalar gjennom landskapet. Vassvegane er godt tilpassa landskapet, og kan vere vanskeleg å sjå for eit framandt auge. Vassvegane er imponerende konstruksjonar, både når det gjeld lengde og korleis fallet er utnytta. Det finst døme på vassvegar som kryssar kvarandre i to plan.
- Luker. Det er luker i dammane for å regulere tappinga. Det er også sett inn luker i vassvegane for å distribuere vatnet etter sedvane og behov.
- Trotak. I blant kryssar vassvegen søkk eller bekkar i terrenget. Her er det bygt såkalla trotak, som i prinsippet er ein akvadukt.

Vedlikehald

Vatningsanlegga må vedlikehaldast av omsyn til

- Drift av anlegga
- Kulturminnevern

Tradisjonelt har det vore nytta stein, torv og tre. I seinare år er anlegga vedlikehalde og utbetra også med bruk av nye materialar som grove plastrøyr, aluminiumsplater og impregnert treverk m.v. Vedlikehaldstiltak vil i blant krevje bruk av gravemaskin og annan motorisert transport i utmarka. Eit spesielt drifts- eller vedlikehaldstiltak er molding. Tiltaket gjeld spreining av mold eller liknande langs vassvegen for å påskunde snøsmeltinga. Tiltaket kan førebyggje tilstopping av vassvegen og betre vassforsyninga til jordbruket i ei kritisk fase i vekstsesongen.

Oppgradering

Vatningsanlegga er utvikla over lang tid slik at systemet er stabilt og tilpassa behovet i kvar grend. I enkelte tilfelle kan det likevel vere behov for oppgradering av anlegg som kan medføre forsterking av dam, høgding av damkrone, nye dammar, reinsking og omlegging av vassvegar m.v.



Tabell 9. Vatningsanlegg i Skjåk.

Kjelde (Dam)	Vassveg i landskapsvernområdet
Billingen, bekk frå Ljomaren	Sætergrov – Billingen seterstul
Stamåtjønn	Stamåe
	Grov Stamsæter
	Hovdegrove
	Gjøinge/Heggeå
Heggeå	Øybergsvassvegen
	Heggebottsæter
Tjønn – Grønhø	Stutar - Karigrove
Krokåtetjønn	Myrkløkgrove
	Veslgrove
	Storurdgrove
	Langleitsvassvegen
Åflåttjønn/Skriugrove	Storgrove
Lykretjønn	Vassveg frå Lykretjønn
Snogjel	Bøvre
	Marlosveite
	Brandsargrove
	Kummegrove
Døkte/Torholet	Torhol – Honnsjogrove
	Døktavassvegen (Gardane Øvre Hjeltar+ nedre Hove)
	Døktavassvegen
Pullain -	(2 Bustad + 2 Ramstadgardar)
Brudemmingje	Brua
Fjellåkkertjønn	Honnsjogrove
	Bosmegrove - Skrindvassvegen

Tabell 10. Vatningsanlegg i Lom.

Teppingar	
Teppingar (dammar)	Svarttjønn Midtre
Nyrneskampen	Svarttjønn Nedre
Øvre Teppinge (Vågå)	Kampetjønn (Sjutapptjønn)
Nedre Teppinge	Øvre Grjotheimtjønn
Rundhaugtjønn	Nedre Grjotheimtjønn
Blåfuruhaugen	Nedre Bergetjønn
Veslteppinge	Øvre Kverngrovtjønn
Storteppinge	Nedre Kverngrovtjønn
Åsteppinge	Småtjønnen
Nordre Veslteppinge	Øvre Teppingen (Stavåsen)
Nordre Storteppinge	Nedre Teppingen (Stavåsen)
Svarttjønn Øvre	
Vassvegar	
Øvre og nedre Teppingstjønnen – Nyrnes	Søre Storteppinge (Gaukstadteppinge)
Nedre Rundhaugstjønn – Vikateppinge	Martinvassvegen



Tabell 11. Vatningsanlegg i Vågå.

Kjelde (Dam)	Vassveg i landskapsvernområdet
Nørdre Tverråde, Søre Tverråde	Valbjørsvassvegen
Nørdre Grønlibekken	Fellesveita
Diptjønne	Storveita
	Vassveg til Nørdre Nistingen

10.3.2 Retningslinjer

Tema

Vedlikehald § 3, pkt 1.2, a.

Vedlikehald av vassvegar er direkte heimla i verneforskrifta.

Vedlikehald av vassvegar gjeld m.a. molding, reinsk av dammar og vassvegar, skifte av treverk i vassvegar og trog, skifte av luker, forsterking av eksisterande vassvegar og fyllingsdammar.

Ein skal kunne nytte nyare materialar som plast, aluminium, impregnert treverk, men i regelen på ein måte som ikkje endrar det historisk visuelle inntrykket ved anlegget. Tiltak må avklarast med kulturminnvernstyresmaktene.

Det bør utarbeidast vedlikehaldsplanar for det einskilde anlegg som viser lokalisering, utforming og konstruksjon og behov for vedlikehald.

Gjennom ein vedlikehaldsplan bør ein peike ut enkelte anlegg som berre blir vedlikehalde på tradisjonelt vis med bruk av jord, stein og tre. Dette bør gjerast for å dokumentere historiske anlegg og bevare kunnskapen om gamle arbeidsmetodar, jf verneformålet.

Utbetring § 3, pkt 1.3, e.

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til utbetring av vassvegar når det gjeld flytting av fyllingsdam, endring av høgde på damkrona, endring eller etablering av ny trasé for vassveg når det er nødvendig for drift av anlegget og for vassforsyninga, og tiltaket ikkje medfører vesentleg endring av landskapet eller reduserer verdien for kulturminnevernet.

10.4 Bygningar mm.

10.4.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

I landskapsvernområdet er det meir enn 30 husvere av ulik standard. Bygningane er spreidd over store delar av området og knytt til tradisjonell bruk som jakt, fiske og beitetilsyn. Husvera er for det meste i privat eige, men nokre er fellesbuer og buer eigd og drive av Skjåk bygdeallmenning og Finndalen fjellstyre.

Bygningane i verneområdet ligg i ope og sårbart høgfjell. I slike område vil det derfor vere strenge restriksjonar på utviding/tilbygg og bygging av uthus.

Området i Ottadalen landskapsvernområde er svært spreidd utbygt, så det kan vere vanskeleg å gjere greie for ein eins byggjeskikk.



I fjellet finn ein ulike bygningsformer

- innsmogo (automatisk freda kulturminne)
- buer som er innbygt i bakken med ein framvegg av stein
- reine steinbuer
- små lafta buer

- bord- / plankebuer
- nyare husvere med bindingsverk / bordkledning
- naust
- garnkasser.

Byggjeskikken har utvikla seg over tid og nyare bygg skil seg frå den lokale byggjeskikken når det gjeld

- Storleik, både høgde og grunnflate
- Material til taktekking
- Ytterkledning
- Større glas og dører

- Isolerte bygg
- Ringmur eller såle i betong.
- Bruk av nettinggjerde og impregnerte stolpar

10.4.2 Retningslinjer

Tema

Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, a og 1.3, a, b.

Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i

- Materialval
- Byggjeteknikk
- Utforming og farge,

jf. opplistinga ovafor.

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemma i landskapet.

Nye bygg § 3, 1.1.

Nye bygg tillatast ikkje oppført.

Vedlikehald § 3, pkt 1.2, a.

Direkte heimla i verneforskrifta er normalt innvendig og utvendig vedlikehald som skifte av kledning, dører, glas og tak som ikkje fører til endring av storleik eller fasade er tillate utan søknad.

Alle former for fasadeendringar og utvidingar er søknadspliktige i landskapsvern-området. Vedlikehald omfattar ikkje ombyggingar som fører til endra bruk av bygget.

Ved vurdering av om eit tiltak er ei fasadeendring vil ein leggje vekt på om endringa fører til at bygget blir meir eksponert i høve til omgjevnadene. Val av skarpe fargar til utvendig maling, blanke blikktak m.m. på bygningar som ikkje hadde dette frå før er å rekne som fasadeendringar. Bordkledning av tømmerhus reknast som ei søknadspliktig fasadeendring.

Det er tilstanden på taket som avgjer om arbeidet er å rekne som nybygg /oppattføring eller vedlikehald.



Tilbygg og ombygging § 3, pkt 1.3, a.

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til tilbygg og ombygging av eksisterande bygningar. Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter.

Verneforskrifta viser til at forvaltningsplanen skal gje retningslinjer for tilbygg og utviding av eksisterande bygningar. Ut frå verneformålet er det ikkje formålstenleg å opne for vesentleg utviding av eksisterande hytter. Ein kan likevel sjå at det kan vere behov for mindre utvidingar i samband med tilpassing av bygg og behov for uthusfunksjonar.

For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta etter søknad tillate ei mindre utviding av bygningen på inntil 30 % av eksisterande areal på vernetidspunktet, men likevel slik at samla areal ikkje overstiger 75 m² (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks. Det vil ikkje bli gjevne løyve til å byggje uthus/do for ei enkeltstående hytte.

For landbruksbygg skal arealet tilpassast driftsmessige behov.

Gjerde- og sanketrøer § 3, pkt 1.3, c

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til gjerding i utmark og bygging av sankekveer der det er nødvendig i samband med husdyr på utmarksbeite. Det blir ikkje opna for å gjerde inn hytter og buer.

Gjerding og bygging av sanketrøer innafor landskapsvernområdet er lite aktuelt i dag. Dersom eit behov for gjerde eller sanketrå skulle oppstå, må ein leggje til grunn at slike tiltak er til ulempe for villreinen og derfor skal avgrensast til eit minimum.

Gjenoppføring av bygningar § 3, 1.3 b.

Etter søknad skal det normalt gjevast løyve til gjenoppføring av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade. Gjenoppføringa skal skje på same tomt som, og i tråd med den tapte bygningen sin funksjon, ytre mål og utforming.

Garnkasser § 4, jf naturmangfaldlova § 48.

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje dispensasjon for oppsetting av garnkasser. Som for nasjonalparken bør det gjelde at garnkasser er tillate sett opp i Skjåk allmenning. Dei skal ha følgjande utforming og bruk:
Kasser for utstyr og proviant skal ikkje overstige 1 m³. Største høgde skal ikkje overstige 0,8 m. Kasser for utstyr og proviant skal plasserast minst mogleg skjemmaende og framtrødande i terrenget. Kassene skal plasserast inntil naturleg forhøgdingar som t.d. fjellknauser, større steinblokker og liknande. Synlege flater skal tildekkjast med naturlege materialar i området.

Fleire kasser må ikkje koplast saman, når formålet er å skape bueiningar.



10.5 Kraftanlegg

10.5.1 Retningslinjer

Tema

Kraftline § 3, pkt 1.2, c, d, e.

Med direkte heimel i verneforskrifta kan 132 kV kraftline som går mellom Øyberget kraftverk og Vågåmo gjennom Ottadalen landskapsvernområde vedlikehaldast etter gjeldande konsesjon for anlegget.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve for framføring av nye kraftliner.

10.6 Friluftsliv

10.6.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Ottadalen landskapsvernområde er eit attraktivt område for friluftsliv, både området i seg sjølv og sett i samanheng med dei kringliggande fjellområda og Finndalen.

Området har stor verdi som område for lokalt friluftsliv. Innbyggerane i Vågå, Lom og Skjåk utgjer etter det ein kan sjå den største brukargruppa. Området er verdifullt også for andre enn lokale brukargrupper, men talet på besøkande frå område utafor Ottadalen ser ut til å vere lågt, men aukande. Området har ein låg tilretteleggingsgrad, og kjensla av ro og harmoni er noko som slår mange som bruker området. Dette kan ha samanheng med at tilretteleggingsgraden er moderat, besøkstala er låge og at landskapet har eit opphavleg preg.

Løvegen er ei gammal ferdselsåre mellom Lom og Skjåk og Romsdalen. Råket kjem over frå Aursjoen og ned til Nysætre i Lordalen og fortsett vidare til Grøndalen og Lesjaskog. (Jf kart nr 6) Utover dette er det ikkje merka turstigar innafor landskapsvernområdet, og det er heller ikkje registrert ønskjer om denne type tilrettelegging. Gråhøe (2014 moh), den einaste 2000-m-toppen i Reinheimen-området, er tilgjengeleg frå Billingen. Verneområdet kan nåast direkte med offentlege transportmiddel berre ved Billingen.

Frå bygda er det bratt skogsli fram til verneområdet. Det går ikkje bilvegar inn i eller inn til verneområdet, men det går skogs- og anleggsvegar og veger fram til særtrar utafor landskapsvernområdet. Om vinteren er berre korte strekningar av enkelte av desse vegane brøyta. Tilkomsten til verneområdet er derfor relativt krevjande både sommar og vinter. Bruken av området er knytt til jakt, fiske og turar til fots og på ski. Noko av ferdsla i området er knytt til bruken av hytter og buer i området.

I Ottadalen landskapsvernområde bør ein arbeide for å behalde den profilen friluftslivet har i dag, med låg tilretteleggingsgrad, men sett i samanheng med tilliggande område, med gode forhold for tradisjonelt friluftsliv og haustingsbasert friluftsliv.

Ferdsla i området (her også meint organisert ferdsel) har ikkje eit så stort omfang at det utgjer eit trugsmål for naturmiljøet. Utviklinga må likevel følgjast nøye slik at ferdsel og ferdselsformer som er til skade for naturmiljøet ikkje får utvikle seg.



10.6.2 Retningslinjer

Tema

Vedlikehald og ny tilrettelegging § 3, pkt 1.2, b, 1.3, d.

Vanleg vedlikehald av eksisterande turstigar (jf. opplisting i forvaltningsplanen) er direkte heimla i verneforskrifta. Løvegen kan vedlikehaldast med varding, fargemerking og skilting. (Jf kart nr 4 og 5)

Vedlikehald av varding, bruer og klopper kan skje. I den grad det er nødvendig for trygging av ferdsla kan forvaltningsstyresmakta gje løyve for bygging av nye klopper og bruer.

Ved vurdering av søknader om aktuelle tilretteleggingstiltak skal ein ta omsyn til landskap, naturmiljø og dyreliv slik at

- fysiske tilretteleggingstiltak ikkje blir skjemma for omgjevnadene
- det ikkje blir lagt til rette for ferdsel som kan medføre unødige slitasje på terrenget
- det ikkje blir lagt til rette for ferdsel som kan vere til ulempe for villreinen eller kome i konflikt med viktige viltområde som parings- og hekkeplassar.

All tilrettelegging for friluftsliv i landskapsvernområdet, som merking av stigar, stikking av skiløyper og bygging av bruer og klopper, skal vere i tråd med Direktoratet for naturforvaltning si handbok 27 *Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv, 2006* (Direktoratet for naturforvaltning 2006) og *Merkehåndboka, DNT mfl 2002* (DNT2002).

Tilretteleggingstiltak skal utførast med vekt på omsyn til naturmiljøet og tilpassing til landskapet gjennom materialval og utforming. Ein bør helst nytte stadeigne materialar som tre og stein, men ein kan avvike frå dette av omsyn til tryggleik og vedlikehald.

Organisert ferdsel og ferdselsformer som er til skade § 3, pkt 4.1, 4.2.

Det er ikkje restriksjonar på organisert turverksemd til fots så lenge dette ikkje er til skade for naturmiljøet. All ferdsel skal skje med omsyn til landskap og naturmiljø.

Organisert ferdsel er ferdsel der person, lag, firma eller liknande planlegg, koordinerer eller arrangerer turen, og det er tale om verksemd med grupper av deltakarar, ein aktivitet som blir gjenteke eller der aktiviteten er kunngjort på førehand. Utsetting av postar for turorientering, topptrim, trimpostar og liknande innafør landskapsvernområdet kjem også inn under organisert ferdsel.

Det er søknadsplikt for organisert ferdsel og andre ferdselsformer som kan skade naturmiljøet. Guiding på villrein (utanom jaktguiding) vil direkte påverke villreinen sin bruk av leveområdet og vere til skade for villreinen og er ikkje tillate.

Organisert bruk av sykkel, hest og hundespenn er ikkje underlagt restriksjonar, med mindre bruken fører til slitasje på og utafør stigar slik at verneverdiar blir forringa.

Dersom slik ferdsel aukar i mengde til å bli ein trussel for verneverdiane, må



forvaltningsstyresmakta vurdere bruk av søknadsplikt og tiltak som kan avbøte dette.

10.7 Reiseliv

10.7.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Infrastruktur i Ottadalen landskapsvernområde

I Ottadalen landskapsvernområde er det ikkje etablert infrastruktur utover:

- Råk
- Kart
- Allment sal av jakt- og fiskekort (statsallmenning).

Landbruks- og anleggsvegar er ført fram like utafor grensa for landskapsvernområdet

- | | |
|---------------|-----------------|
| ● i Finndalen | ● til Aursjoen |
| ● i Nordherad | ● ved Billingen |
| ● i Lia | ● Bøjelie |

I tilknytning til jakt på villrein er det i dei seinare år utvikla jaktpakker med guide, overnatting, servering og kløving. Området er ikkje tilrettelagt med elektrisitetsforsyning eller fasttelefon. Dekning for mobiltelefon er god.

Andre verdiar

Området har store natur- og kulturminneverdiar og kan derfor ha appell i eit marknadssegment som etterspør natur- og kulturbaserte reiselivsprodukt. Ein vil særleg trekkje fram vatningsanlegga. Området har også høg verdi for jakt og fiske. Området er ein del av Ottadalen villreinområde og har dessutan gode bestandar av småvilt, særleg rype.

Potensialet

Potensialet for området i reiselivssamanheng er avhengig av korleis verksemder som er etablert i tiliggande område greier å utnytte området til sal

- Kulturhistoriske vandringar i tilknytning til vatningsanlegga – andre kulturminne
- Jakt og jaktpakker
- Fiske og fiskepakker.

Tålegrense

Naturen si tålegrense i forhold til bruk kan ikkje uttrykkast ved eit absolutt målbart kriterium. Det er også avhengig av kva for mål ein har for forvaltninga av området. Under føresetnad av at vatningsanlegg og landskap ikkje endrar karakter som følgje av ei viss reiselivsutvikling, vil Ottadalen landskapsvernområde vere robust i forhold til auka bruk. Området sin funksjon som leveområde for villrein, vil vere sårbar for auka ferdsel. Kulturminne kan også bli meir utsett ved auka ferdsel.

10.7.2 Retningslinjer

Tema

Tilrettelegging § 3, pkt 1.3, d, e.

Området kan etter søknad tilretteleggast med merking av stigar og informasjonstavler for enkelte av vatningsanlegga og andre kulturminne.



Planar om tilrettelegging for reiselivsutvikling kan behandlast i vedlikehaldsplanane for vatningsanlegga og i tillegg ha godkjenning av forvaltningsstyresmakta. Reiselivsutvikling må også skje innafor dei rammer som blir gjeve av allmenningsstyret eller fjellstyret og av kommunen.

Forvaltningsstyresmakta bør arbeide for at reiselivsutviklinga i området blir natur- og kulturbasert med ein profil for formidling av kunnskap og opplevingar knytt til verdiane i området.

For tilrettelegging for friluftsliv i samband med reiselivsverksemd, sjå avsnitt 10.6.

Ferdsel § 3, pkt 4.1 – 4.3

Ferdsel i Ottadalen landskapsvernområde kan skje etter verneforskrifta, jf. pkt. 10.6.

Forvaltningsstyresmakta må vurdere verknaden av ei eventuell reiselivsutvikling i Ottadalen landskapsvernområde opp mot:

- Trugsmål mot verneformålet
- Målet om å ta vare på vatningsanlegga i området.
- Målet om å sikre leveområdet for villrein
- Vern av andre kulturminne

Dersom ferdsel som eit resultat av t.d. kommersiell verksemd, aukar i mengde til å bli ein trussel for verneverdiane, må forvaltningsstyresmakta vurdere bruk av søknadspått og tiltak som kan avbøte dette.

Viss det kan dokumenterast at auka ferdsel er til ulempe for villreinen sin bruk av området, kan Direktoratet for naturforvaltning innføre ferdselsregulering.

Omsyn § 3, pkt 1.3

For å ta omsyn til viktige trekkruiter for villrein skal det uansett ikkje opnast for tilrettelegging av kulturminne i området Vangen – Honnsjoen – Liafjellet.

10.8 Jakt- og fiske

10.8.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Det er eit mål å ivareta dei rike vilt- og fiskebestandane ein har i landskapsvernområdet, og vidareføre gjeldande bruk til jakt og fiske. Honnsjoen, Lokkartjønn, Fjellokkartjønn og Stor-Lusa er viktige fiskevatn.

10.8.2 Retningsliner

Tema

Utsetting av fisk § 3, pkt 3.1

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til utsetting av fisk med opphav i lokale stammar i vatn der det tidlegare er sett ut fisk. Ei liste over desse vatna følgjer som vedlegg til planen (vedlegg 7).

Fiske og jakt § 3, pkt 3.2, a, b



Utøving av jakt og fiske er direkte heimla i verneforskrifta, og kan utøvast etter reglane i lakse- og innlandsfiskelova og naturmangfaldlova

10.9 Motorferdsel

10.9.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Det er ikkje bilvegar i landskapsvernområdet, så all motorferdsel er å rekne som motorferdsel i utmark. Aktuell motorferdsel i Ottadalen er:

- I utmark / på islagte vassdrag
- Start og landing med luftfartøy.

Motorferdsel i utmark (også snødekt mark) og på islagte vassdrag gjeld:

- Oppsyn
- Vitskaplege undersøkingar
- Transport av ved og utstyr til buer og hytter
- Transport av båtar og spesielt garnkasser i Skjåk allmenning
- Transport av saltsteinar
- Tilsyn med kraftanlegg og snømålingar.

Det er etablert leigekøyringsordning etter Nasjonal forskrift om motorisert ferdsl i utmark og på islagte vassdrag § 5 a.

10.9.2 Retningsliner

Tema

Forbod § 3, pkt 5.1.

I Ottadalen landskapsvernområde er motorisert ferdsl i utgangspunktet forbode og særleg konfliktfylt fordi landskapsvernområdet skal vere skjerna for unødvendig støy og uro. Transportar skal ha eit klårt nytteformål. Motorisert ferdsl som har preg av turkøyring skal ikkje skje.

Løyve etter søknad

Øvingar m.m. § 3, pkt 5.3, a.

Søknader om motorferdsel i samband med forsvaret, andre offentlege etatar og hjelpekorps sine øvingar skal inngå som del av ein årleg plan for øvingsverksemda. Formålet med øvingane, talet på personar og køyretøy, bruk av anna utstyr og øvingsområde skal framgå av søknaden. For hjelpekorps gjeld at planen skal vere godkjend av politimeisteren slik det fylgjer av retningsliner frå Direktoratet for naturforvaltning (sjå brev frå Direktoratet for naturforvaltning til fylkesmennene av 01.03.99. Vedlegg). Alle søknader om kjentmannsskøyring skal vurderast med omsyn til verneverdiane, omsynet til dyrelivet, friluftsliv og utskifting av folk i hjelpekorpsa. Hovudregelen er at ein skal gjere seg kjent i områda utan bruk av køyretøy, ved til dømes ski og fotturar. I samband med at hjelpekorps tek på seg kvisting av skiløyper bør ein nytte høvet til å gjere nye mannskaper kjent i områda.

Søknad om motorisert ferdsl under øvingar for Forsvaret skal vurderast strengt, og løyve vil normalt ikkje gjevast om ein kan bruke alternative øvingsområde. Dette skal vere vurdert i søknaden.

Vidare skal det etablerast rutiner med kontakt med oppsynet og villreinutvalet i



samband med øvingane. Også motorisert ferdsel i samband med oppsyn og forvaltning bør skje planmessig med vekt på å redusere ferdsla til eit minimum.

Nødvendig transport av ved, material eller varar til buer og hytter med vidare § 3, pkt 5.3

Motorisert ferdsel i utmark i Ottadalen landskapsvernområde skal haldast på eit nødvendig minimum. Det kan gjevast løyve for motorferdsel for vedlikehald og utbetring av vatningsanlegg. Dette er aktuelt ved bruk av gravemaskin for arbeid på anlegga, transport av masse og materialar med traktor og hengar, eventuelt snøscooter, i samband med molding, vedlikehald og oppgradering.

For kjende, faste transportformål kan det gjevast fleirårige løyve for inntil 5 år med avgrensing i tal på turar.

Talet på turar skal normalt avgrensast, t.d. slik:

- på vinterføre 1 – 5 turar
- på barmark 1 – 3 turar
- i lufta 1 – 3 turar.

Køyring på snødekt mark skal normalt ikkje skje etter 20. april, ev. 3. påskedag om den er seinare.

Tiltakshavar eller transportør kan søkje om løyve. Avgjerande for behandling av søknaden er kva for formål det blir søkt om. Søknaden skal innhalde opplysningar om formål, trasé, tidsrom og antal turar.

Etter søknad kan det gjevast dispensasjon for transport av varig rørslehemma til eiga hytte. Definisjon av rørslehemma følgjer av MD sitt rundskriv T-1/96, men personar som på grunn av alder eller mellombels sjukdom er rørslehemma blir ikkje rekna som varig rørslehemma i denne samanhengen.

Motorferdsel i samband med løyve etter verneforskrifta § 3, pkt 5.3. skal i regelen skje ved bruk av leigekøyrar. (jf Nasjonal forskrift om motorisert ferdsel i utmark og på islagte vassdrag 5 a.) For å sikre fleksibilitet og å unngå unødig behandling av søknader, skal løyve gjevast for ei aktuell periode. Leigekøyrar/transportør skal varsle oppsynet på førehand i forhold til den aktuelle dagen når transporten skal skje for å hindre moglege ulemper for villreinen og for å halde oversikt over motorferdsel i verneområdet.

Det skal førast køyrebok som skal sendast forvaltningsstyrmakta innan 5. juni kvart år.

Ved akutte brot på vassvegar som medfører tap av vatningsvatn eller fare for flomskadar, kan ein nytte motoriserte transportmiddel og maskinar for å bøte på dette. Dette er søknadspliktig.

Traséar § 3, pkt 5.3, b.

Transport med snøscooter skal normalt følgje følgjande traséar, jf kart nr 9:

- Liasætrin – Saubue.
- Åslie – Honnsjoen
- Honnsjoen – Døktahytta – Råkåhytta
- Krossen – Honnsjoen
- Aursjoen – Sveinbu
- Aursjoen – Leirungsvatnet - Storhøhytta



Luffartøy § 3, pkt 5.3, b.

Søknader om lufttransport skal berre innvilgast ved særleg behov som samla gjev mindre motorferdsel.

Det er ikkje høve til å gje dispensasjon for landing med luffartøy for tur- eller reiselivsformål.

Saltstein § 3, pkt 5.3, c.

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til transport av saltstein på snødekt mark. Transporten skal skje i regi av beitelag. Løyvet skal avgrensast til eit tidsrom og normalt berre gjelde for eit avgrensa tal turar for det enkelte beitelag. Utkøyringa skal skje ved leigekøyrar. Det bør vere ein oversikt for utkøyringa av saltstein.

Garnkasser § 4, jf naturmangfaldlova § 48.

Forvaltningsstyresmakta kan for område i Skjåk almenning gje løyve til transport av garnkasser på snødekt mark. Etter søknad kan garnkassene bli flytta mellom vatn. Transporten skal skje med leigekøyrar. Transport for oppfylling av garnkasser er ikkje tillate.

10.10 Kulturminne

10.10.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Ottadalen landskapsvernområde er rik på kulturminne etter tidlegare fangstkultur og leing av vatningsvatn for jordbruket til bygdene i Ottadalen.

Av registrerte kulturminne kan nemnast:

- Gamle buer og krypinn som ligg vidt rundt i fjellet som var brukt under jakt, fangst og fiske.
- Skaihøe med med mange hundre bågåstelle. Området er typisk for den type fangst.
- Vassvegane i Lom og Skjåk er nærast unike i landssamanheng.

10.10.2 Retningslinjer

Tema

Vern av kulturminne § 3, pkt 4.2.

Kulturminne er verna mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne. Dette skal skje etter ein skjøtelsesplan for kulturminnet og i samråd med kulturminnestyresmakta.

10.11 Biologisk mangfald/verdifulle naturtypar

10.11.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Direktoratet for naturforvaltning si naturbase trekkjer fram følgjande område som viktige (B) eller svært viktige (A) for det biologiske mangfaldet i landskapsvernområdet:



- Nordheringsfjellet (B) – kalkrike område i fjellet
- Nord for Skaihøe (A) – kalkrike område i fjellet

I tillegg har Gaarder, G (2001) registrert fleire område som er lokalt viktige (C).

10.11.2 Retningslinjer

Tema

Omsyn til område viktig for biologisk mangfold § 3. pkt 2.1, 2.2, 3.1 og 3.2

Forvaltningsstyresmakta skal ta omsyn til område med verdifulle naturtypar, villrein og raudlista artar, t.d. fuglar, ved søknader om tiltak.

10.12 Om forholdet til reguleringsplanar etter plan- og bygningslova

10.12.1 Vedtekne reguleringsplanar

I Ottadalen landskapsvernområde gjeld det 3 reguleringsplanar:

Reguleringsplan for 132 kV kraftline melleom Øyberget og Vågåmo.

10.12.2 Retningslinjer

Tema

Forholdet til eldre reguleringsplanar

Reguleringsplan vedteke i Lom kommunestyre den 01.11.2001 for området *132 kV kraftline mellom Øyberget og Vågåmo* går foran vernereglane ved motstrid.

Reguleringsplan vedteke i Skjåk kommunestyre den 24.10.2001 for området *132 kV kraftline mellom Øyberget og Vågåmo* går foran vernereglane ved motstrid.



11 Forvaltning, oppsyn og informasjon

11.1 Forvaltning

11.1.1 Mål og utfordringer

Kommunane med areal i verneområda har fått delegert forvaltningsansvaret for landskapsvernområde og nasjonalparken, jf. vedlegg 3. Brev frå Direktoratet for naturforvaltning 13.08.2007 Delegering av forvaltningsmynde. Forvaltninga av verneområda er organisert slik at forvaltningsstyresmakta har ansvaret for saksbehandling og planlegging.

Gjennom bestillingsdialogen mellom Statens naturoppsyn og forvaltningsstyresmaktene for verneområda, dvs. kommunane, blir det kvart år fordelt økonomiske tilskott som blir avsett til tiltak i verneområda. Forvaltningsstyresmakta utarbeider ei prioritert liste over tiltak og arbeidsoppgåver som er planlagt gjennomført det kommande året, og som ein treng tilskott eller bistand til. Kontaktutvalet prioriterer mellom tiltaka i dei ulike kommunane. Liste med prioriterte tiltak blir sendt SNO tidleg i desember og tildelinga skjer i løpet av mars påfølgjande år. Alt arbeidet med bestillingsdialogen skjer i eit nært samarbeid mellom kommunane i Reinheimen og i samarbeid med lokalt SNO.

Sidan villreinen er eit av hovudverneformåla i verneområda i Reinheimen, er organiseringa av villreinforvaltninga viktig for den generelle forvaltninga av området. Forvaltningsstyresmakta og oppsynet må i arbeidet sitt samarbeide med dei formelle villreinorgana for området. Villreinorgana i området er:

- Ei felles villreinnemnd for heile Ottadalsområdet (oppnemnt av Direktoratet for naturforvaltning)
- Eit villreinutval (representantar for jaktrettshavarane) for heile Ottadalsområdet, som omfattar eit større område enn Reinheimen
- Villreinforskninga er ein viktig aktør i høve til å ta vare på villreinen på ein god måte.

11.1.2 Retningslinjer

Tema

Forvaltningsmodell §§ 6 og 7, Direktoratet for naturforvaltning sitt delegeringsvedtak (vedlegg 3)

Om forholdet til Naturmangfoldlova

Den 1. juli 2009 trådte naturmangfoldloven i kraft og naturvernloven ble opphevet. Selv om naturvernloven er opphevet, gjelder verneforskrifter vedtatt i medhold av den inntil Kongen bestemmer noe annet, jf naturmangfoldloven § 77 første punktum. I de tilfelle det søkes om dispensasjon etter den generelle dispensasjonsbestemmelsen i verneforskriftens § 4, skal disse likevel vurderes etter naturmangfoldlovens dispensasjonsbestemmelse, jf naturmangfoldlova § 48 jf § 77 annet punktum. Verneforskriftens generelle dispensasjonsbestemmelse er satt ut av kraft. Det er viktig å være oppmerksom på at dersom det gis dispensasjon etter



naturmangfaldlova § 48 skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette, jf naturmangfaldlova § 48, 4. ledd siste punktum.

Forholdet til bruksretten og privat eigedom

Nasjonalparken og landskapsvernområda omfattar område med ulik status når det gjeld bruksrett og eigedomsstatus. Tiltak kan ikkje gjennomførast før tiltaket er avklart i forhold til bruksretten og grunneigarretten, vere seg om det er privat eller statleg grunn.

Forvaltningsstyresmakta har heimel for å på eige initiativ å setje i gang tiltak for å fremme verneformålet. Berørte grunneigarar skal få høve til å uttale seg før slike tiltak blir sett i verk. Det skal leggjast vekt på å føre dialog med berørte partar og å få til omforeinte løysingar.

Kommunane er forvaltningsorgan for sine område

Miljøverndepartementet har i brev, dagsett 14.12.09, komme med tilbud om lokal forvaltning til kommunar med nasjonalpark og større verneområde. Her er det lagt til grunn at det skal opprettast eit nasjonalpark-/verneområdestyre som skal stå for forvaltninga. Ein statleg tilsett nasjonalparkforvaltar skal vere sekretariat for verneområdestyret. I tillegg skal det etablerast eit fagleg rådgjevande utval.

- Forvaltninga skal vere effektiv når det gjeld
 - Tiltakshavar sender søknad til forvaltningsstyresmakta. Forvaltningsstyresmakta sørgjer for nødvendig behandling i berørte forvaltningsorgan før det sjølv fattar vedtak.
 - Saksbehandlingstid, jf forvaltningslova. Ein tiltakshavar skal innan tre veker motta eit førebels svar med opplysningar om forventa saksbehandlingstid og vidare prosess for sin søknad.
- Forvaltninga skal vere fagleg basert. Forvaltningsorganet må ha fagleg kompetanse når det gjeld verneverdiane og kunne vurdere konsekvensen av ulike tiltak for verneverdiane.
- Enkeltvedtak skal i regelen vere skriftleg førebudd og grunngjeve, jf forvaltningslova.
- Forvaltningsstyresmakta skal med bakgrunn i forvaltningsplanen og godkjente skjøtselsplanar foreslå prioritering av ressursbruken til oppsyn, informasjon og skjøtsel. I denne samanhengen er det viktig å få til eit godt samspel mellom forvaltningsstyresmakta, Statens naturoppsyn og lokale brukarinteresser. Grunnlaget for eit slikt samarbeid og for prioritering av ressursar skal leggast i årsplanar for verneområda.
- Det skal kvart år framleggast årsmelding og rekneskap for forvaltninga.
- Staten skal fullt ut dekkje utgiftene til forvaltning av verneområda.

Forholdet til villreininteressene

Saker som kan kome i konflikt med villreininteressene eller virke inn på villreinen skal leggjast fram for villreinnemnda og villreinutvalet for uttale.



11.2 Saksbehandlingsrutiner

11.2.1 Mål og utfordringar

Med 6 kommunar innafor verneområda er det viktig å sørge for effektiv og lik saksbehandling. Det er lagt eit godt og eintydig grunnlag i samarbeidsavtala om Kontaktutvalet for Reinheimen, men for å ivareta informasjonsflyt og behovet for eit felles arkiv bør ein ha ei felles rutine for saksbehandling.

11.2.2 Retningslinjer

Tema
<p>Sjekkliste ved saksbehandling § 6, Revidert rundskriv om forvaltning av verneforskrifter (DN 23.11.09)</p>
<p>Forberedende behandling</p>
<ul style="list-style-type: none"> - er søknaden fullstendig eller er det behov for å be søkkjar sende inn ytterlegare dokumentasjon? - når kan søknaden forventast ferdigbehanda? Send førebels svar dersom ei sak ikkje kan behandlast innan tre veker.
<p>Saksbehandling</p>
<ul style="list-style-type: none"> - er saka godt nok opplyst, eller er det behov for å belyse saka ytterlegare? - er det behov for å varsle andre enn parten, og eventuelt gje ein frist for uttale? - er det behov for å innhente uttale/opplysningar frå andre myndigheitsorgan? - ligg det føre heimel for å innvilge dispensasjon? - kva for konsekvensar får ein dispensasjon for verneverdiar og verneføremål? - kan saka skape presedens? - er dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova kap. 2 vurdert, jf. naturmangfaldlova § 7?
<p>Vedtaket</p>
<ul style="list-style-type: none"> - fremgår det av vedtaket kva for heimel som er nytta? - er vedtaket tilstrekkeleg begrunna? - fremgår det av vedtaket kva for verknader vedtaket har for verneverdiar og verneføremål, og eventuelt kva for vekt det er lagt på dette? - er det aktuelt å sette vilkår til et positivt vedtak som kan avgrense eventuelle skadeverknader? - er det i vedtaket opplyst om klagerett, klageinstans, klagefrist og framgangsmåte ved klage? - er det i vedtaket opplyst om retten til innsyn i dokument i saka? - dersom saka gjeld fleire partar og gjennomføring av tiltaket før eventuell klagebehandling medfører skade for den andre parten – er det opplyst om adgang til å be om utsatt iverksetting av vedtaket? - er det i vedtaket opplyst om at det også kan være nødvendig å innhente løyve til tiltaket frå andre myndigheiter? - bør det sendes kopi til andre aktuelle myndigheiter og andre enn parten? - er det sendt kopi til Direktoratet for naturforvaltning?
<p>Klagebehandling</p>
<ul style="list-style-type: none"> - oppfyller klaga vilkåra for klage (er avgjerda det er klaget på eit enkeltvedtak, ligg det føre klagerett, er klagefrist oppfylt, oppfyller klaga formkrava)? - er merknader i klaga vurdert? - fremgår det av vedtaket hvordan forvaltningsmyndigheita har vurdert merknader i klaga?



- er det hensiktsmessig at det ligg føre ei samla utgreiing for tidligare saksgang i oversending til klageinstansen?
- er alle dokument i saka oversendt klageinstansen?

11.2.3 Tiltak

Tema

Opplæringsprogram § 7

Ved etablering av verneområde skal forvaltningsmyndigheita gje kommunar og andre berørte forvaltningsorgan tilbod om eit opplæringsprogram som skal ta for seg:

- Rutinar for saksbehandling og planlegging etter naturvernlova
- Grenser og verneforskrifter
- Retningslinjer i forvaltningsplan

Andre aktuelle tiltak i verneområda

- Informasjonstiltak; informasjonsplan, tavler, skilt, kart, brosjyrer, internett.
- Utarbeide skjøtselsplanar i tråd med forvaltningsplanen.
- Gjennomføre skjøtselstiltak i verneområda.
- Ferdelsregistrering.
- Tilrettelegging og kanalisering av ferdsel.
- Kulturminneregistrering og tilrettelegging av utvalde kulturminne.
- Registrering av biologisk mangfald – forslag til skjøtselstiltak.

11.3 Bevaringsmål

11.3.1 Mål og utfordringar

Mål for forvaltning av verneområde

Det overordna målet med forvaltning av verneområda er å sikre verneføremålet og verneverdiane, slik dei er definert i vernevedtaket, mot uønska inngrep og aktivitet. Verneføremålet for større verneområde er ofte samansett og formulert i overordna og generelle ordelag. Forvaltningsplanen er såleis eit verkty for å utdjupe og konkretisere forvaltninga.

Direktoratet for naturforvaltninga har no teke inn i Forvaltningshandboka eit nytt omgrep: bevaringsmål. Nedanfor gjev vi att DN si forklaring av omgrepet.

Det er sett i gang eit arbeid med å utvikle innhaldet i og bruken av bevaringsmål i forvaltning av verneområda. Deriblant gjennomfører DN fleire pilotprosjekt. Samtidig har forvaltningsmyndigheita ei svært viktig rolle i å bidra til ei slik utvikling, og å teste ut nye metodar i sitt arbeid med forvaltnings- og skjøtselsplanar. Det er såleis naturleg å følgje opp Forvaltningsplanen for Reinheimen med eit nytt vedlegg som fastsett bevaringsmål for verneområda her.

Frå Forvaltningshandboka (DN-Handbok nr 17):

"Bevaringsmål

Bevaringsmål definerer den tilstanden en ønsker en naturkvalitet i verneområdet skal ha. Bevaringsmål skal være målbare. Det vil si at de skal presiseres gjennom mål for



areal, nødvendige strukturer/prosesser og/eller forekomst av bestemte arter osv, jf. Forvaltningshandboka kap. 5.7.4.

Alle naturkvaliteter i et verneområde skal ha et definert bevaringsmål. Til sammen beskriver disse målene kva som er den ønskede tilstanden i verneområdet. Et bevaringsmål skal være målbart og fungere i praksis. Det er derfor viktig at bevaringsmålet ikke stiller for store eller urealistiske krav til innsats og målemetode. Hvert bevaringsmål kan uttrykkes gjennom et sett med egenskaper. For arter kan det f. eks. være populasjonsstørrelse, habitatkrav og fordeling. For en naturtype kan slike egenskaper f.eks. være mål for areal, forekomst av nødvendige strukturer/prosesser og forekomst av bestemte arter.”

Kvar eigenskap skal gis ein verdi som definerer ein god tilstand. Naturen er ofte i endring. Slike verdier bør derfor si noko om kor mykje endring vi kan godta, og samtidig oppretthalde ein god tilstand. Viss ein naturkvalitet blir endra slik at tilstanden fell utanfor den verdien som er sett, er dette eit varsel om at ein bør undersøke forholdet nærare eller sette i verk tiltak.

11.3.2 Tiltak

Bevaringsmål Forvaltningshandboka

Det blir sett i gang arbeid med fastsetting av bevaringsmål for verneområda i Reinheimen. Det ferdige dokumentet blir lagt til forvaltningsplanen som et vedlegg.

11.4 Planar, skjøtsel og tilrettelegging

11.4.1 Mål og utfordingar

Skjøtselsbehovet i området er stort og prioriterte område er:

- Kulturlandskap
- Villreinforvaltning
- Vatningsanlegg
- Kulturminne

Før skjøtselstiltak blir iverksett, bør det bli utarbeida skjøtselsplan. Oppsett og innhald i slike planar er godt beskrive i Direktoratet for naturforvaltning si forvaltningshandbok (Direktoratet for naturforvaltning 2001).

11.4.2 Tiltak

Planar, skjøtsel og tilrettelegging § 6

Ved den årlege virksomheitsplanlegginga blir det prioritert mellom områda der det skal utarbeidast skjøtselsplanar.

Ut frå dette vil det bli utarbeidd skjøtselplanar for ulike tema og for den enkelte seterstul i landskapsvernområda.

Skjøtselsplanane skal leggje til rette for:

- Bruk og vern av seterstulane med kulturhistorisk verdifull innmark og



bygningssmasse. Opning av landskapet på setervangane.

- Bruk og vern av verdifulle område for biologisk mangfald.
- Bruk og vern av vatningsvegar i verneområda der ein gjer greie for teknisk status, verneverdi og behov for vedlikehald.
- Bruk og vern av kulturminne i verneområda.
- Bruk og vern av skogareal i landskapsvernområda med vekt på skogen som ressurs for skogeigarar/bruksretthavarar, som del av landskapet, som leveområde for vilt og for bevaring av biologisk mangfald. Tilpassing av kantsoner til vassdraget, retteleiande breidde på 2 meter.
- Vedlikehald og varding av råk med bruer og klopper.
- Rettleiarar for byggjeskikk.

11.5 Oppsyn

11.5.1 Oppsynsaktørar

Statens naturoppsyn (SNO)

SNO har det overordna ansvaret for statleg naturoppsyn i alle naturvernområde, jf lov om statlig naturoppsyn. SNO er tillagt myndigheit til oppsyn etter naturmangfaldlova, friluftsløva, lakse- og innlandsfiskeløva, viltlova, motorferdsellova, kulturminneløva og delar av forureiningslova.

SNO sine kjerneoppgåver er å ivareta nasjonale miljøverdiar, forebyggje miljøkriminalitet og drive kontroll, veiledning og informasjon. I tillegg til desse oppgåvene kan statleg naturoppsyn drive skjøtsel, registrering, dokumentasjon og tilrettelegging. Prioritering av forvaltningsoppgåver skal bli gjort i samarbeid med forvaltnings-styresmakta, samt at forvaltningsstyresmakta årleg bestiller gjennomføring av konkrete oppdrag.

SNO har to stillingar tilknytt Reinheimen med kontorplassering i høvesvis Skjåk og Rauma kommunar.

Politiet

Politiet har det overordna ansvaret for å bekjempe alle typar kriminalitet. Politiet kan tildele avgrensa politimynde for miljølovene, og oppsynet er underlagt politiet ved utøving av denne mynde.

Skjåk allmenning

Skjåk allmenning har ansett ein skogbruksleiar/oppsynsmann som har ettersyn med utmark i allmenningen. Allmenningen utfører også oppsyns-, registrerings- og dokumentasjonsoppgåver for SNO. Avtale mellom SNO og Norsk Allmenningsforbund, dagsett 30.05.05, skal leggjast til grunn for samverke mellom SNO og allmenningen sine oppsynsfolk.

Fjellstyra

Finndalen, Vågå, Lom og Lesja fjellstyre har oppsynsressursar som fører tilsyn med dei respektive statsalmenningar. Utgreiinga frå arbeidsgruppa for rolleavklaring Fjelloppsyn/SNO, dagsett 20.10.00 skal leggjast til grunn for samverke mellom SNO og fjellstyra sine oppsynsfolk.



Oppsyn under villreinjakta

Det gjeld ei eiga samarbeidsavtale mellom jaktrettshavarane for oppsyn i villreinjakta. Det er avtalt at politiet skal vere øvste ansvarleg for villreinoppsynet. Jaktoppsynet kan og føre oppsyn med andre forhold enn jakt.

11.5.2 Mål og utfordringar

Med vernevedtak følgjer behov for å føre kontroll med verneforskrifta og at eventuelle dispensasjonsvedtak blir halde. Det vil også være viktig å følgje med utviklinga i området, både når det gjeld naturtilstanden og bruken av området.

Viktige oppgåver for oppsynet vil vere:

- Føre kontroll med at vernereglane blir følgd
- Dokumentasjon og registrering av naturtilhøve og bruk
 - Ferdsel med brukartal, bruk av ulike område, råk og stigar, leirområde, forsøpling osv – systematisk registrering for å kunne følgje utviklinga over tid.
 - Villrein – arealbruk og bestandsregistreringar
 - Rovdyr - arealbruk og bestandsregistreringar
 - Hekkeplassar for rovfugl og våtmarksfugl
 - Anna overvaking av biologisk mangfald
 - Kulturminne – registrering av lokalitetar og enkeltminne i utmark, kulturlandskap og bygningsmiljø
 - Garnkasser i Skjåk allmenning
- Informasjon i samarbeid med forvaltningsstyresmakta og aktuelle informasjonsentra.
- Skjøtsel*
- Delta i planlegging av skjøtels- og oppsynsaktiviteten i samarbeid med forvaltningstyresmakta
- Rapportering til forvaltningsstyresmakta og KUR

*skjøtselstiltak i aktive jordbruksområde bør i størst mogleg grad leggast inn som del av jordbruksdrifta

11.5.3 Retningslinjer

Oppsyn

- Det skal gjennomførast oppsyn etter gjeldande lovverk.
- SNO samordnar oppsynsverksemda i landskapsvernområda. Det bør opprettast avtaler om tenestekjøp med fjellstyra og Skjåk allmenning.
- Det skal haldast fokus på fagleg kvalitet og vidareutvikling av dagens naturoppsyn.
- Oppsynet skal samarbeide med andre etatar, herunder grunneigarar, rettshavarar, brukarar, forvaltningsstyresmakt og politi.
- Utvikle gode bestillings- og rapporteringsrutiner med forvaltningsstyresmakta slik at ein i felleskap kan prioritere aktuelle oppgåver for oppsynet.
- Oppsynet skal ha kopi av eventuelle dispensasjonsvedtak frå vernereglane. På denne måten kan oppsynet følgje opp vedtak gjennom kontroller i felten.
- Det må utviklast ein lik praksis for reaksjonsmønster i hele området for



brot på vernereglane.

- Brot på vernereglar skal anmeldast.

11.6 Informasjon

11.6.1 Mål og utfordringar

Reinheimen nasjonalpark med tilliggande landskapsvernområde er eit stor område med mange innfallsportar. Sjølv om ferdsla i området ikkje har noko stort omfang er mange ulike brukragerupper med ulike interesser til stades i verneområda. Ein kan heller ikkje sjå bort frå at ferdsla kan kome til å auke i framtida. For å ta vare på verneverdiane og oppretthalde ein berekraftig bruk som ikkje er i strid med verneformåla er det såleis eit stort informasjonsbehov og behov for å gje informasjon om mange tema og i ulike former.

Rollefordelinga innan informasjon om verneområde er (Direktoratet for naturforvaltning 2001):

- *Forvaltningsstyresmakta* (i Reinheimen er det kommunane) – er ansvarleg for vurdering av behov for informasjonsarbeid og strategi for kvart verneområde, er også ansvarleg for utarbeiding og praktisk gjennomføring av informasjonstiltak.
- *SNO* – har m.a. ansvaret for informasjon til brukarane av verneområda gjennom personleg kontakt med t.d. informasjon om natur- og kulturminneverdiar i området og nærare utdjuping av verneforskrifter og lovverk knytt til bruken av områda.
- *Nasjonalparksentret* (Norsk Fjellmuseum i Lom har autorisasjon som nasjonalparksenter for Reinheimen) - skal formidle informasjon om norsk natur, kultur og friluftsliv gjennom utstillingar og andre aktivitetar. Nasjonalparksenterane skal samarbeide med forvaltningsstyresmakta om aktuelle tiltak og oppgåver knytt til verneområda.

11.6.2 Tiltak

Tema

Informasjonstiltak § 6

Det skal utarbeidast ein informasjonsplan og ein informasjonsstrategi for heile verneområdet som omfattar tema for informasjonen, aktørar, informasjonsmedia, brukargrupper og informasjonspunkt i terrenget.

God informasjon om verneområda er avhengig av godt og nært samarbeid mellom dei ulike aktørane som har oppgåver innan informasjon om Reinheimen.

Ved utarbeiding av informasjonsmateriell skal det så langt råd nyttast nasjonal informasjonsprofil utarbeidd av Direktoratet for naturforvaltning. For informasjon frå kommunane i Oppland skal denne tilpassast informasjonsprofilen for "Nasjonalparkriket". SNO kan gjennomføre den praktiske delen av informasjonstiltak i verneområda.

Nasjonalparksenteret for Reinheimen i Norsk Fjellmuseum i Lom har viktige



oppgåver innan informasjonsformidling overfor brukarane av verneområda både gjennom nettet og ved direkte kontakt med brukarane.

Det skal utarbeidast brosjyre til husstandane i kommunane med ein populæromtale av verneverdiane, vernereglane og kart. Informasjonen skal vere praktisk og ta opp tilhøve som vedkjem innbyggjarane i kommunane (t.d. regelverk knytt til motorferdsel i utmark, utviding/tilbygg/nybygg av bygningar, landbruk, næringsutvikling osv.)

Det må settast opp tavler og skilt med informasjon om verneområda ved aktuelle innfallsportar.

Det skal opprettast ei inettside for Reinheimen for å spreie informasjon om forvaltninga av verneområda.

Det skal arbeidast for ei samordning av informasjon på internett om verneområde over større geografisk område enn berre Reinheimen.

Forvaltningsstyresmakta må utarbeide eit informasjons- og opplæringsprogram i nært samarbeid med reiselivsaktørane, som sikrar at dei som tilbyr organiserte opplevingsprodukt i nasjonalparken har kunnskap om vernereglar og verneverdiar i området.



Litteratur - Kjelder

1. Bevanger, K., Hanssen, K. og Jordhøy, P. 2007. *Villreinen i Ottadalsområdet*. NINA Rapport 227/2007.
2. Direktoratet for naturforvaltning; *Naturbase*.
3. Direktoratet for naturforvaltning 2001. Håndbok 17 *Områdevern og forvaltning*. 2001. Revidert 2008
4. Direktoratet for naturforvaltning 2006. Håndbok 27 *Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv*.
5. DNT m.fl. 2002. *Merkehåndboka*
6. Finstad, E. og Skauen, I. Oppland fylkeskommune, 2003. *Innspill til konsekvensutredning for Reinheimen-området. Kulturminner og kulturmiljøer i Lesja, Vågå, Lom og Skjåk*.
7. Fylkesmannen i Oppland / Møre og Romsdal fylke; Rapport 2004:01, *Verneplan for Reinheimen*.
8. Fylkesmannen i Oppland. 2007. *Seterbygningene – verdier og utfordringer*.
9. Fylkesmannen i Buskerud / Fylkesmannen i Sogn- og fjordane / Fylkesmannen i Hordaland; *Forvaltningsplan for Hallingskarvet nasjonalpark og Finse biotopvernområde*.
10. Fylkesmannen i Møre og Romsdal. 1998. *Villrein, inngrep og forstyringer i Ottadalen villreinområde*. Rapport 2/98
11. Gaarder, G. 2001. *Botaniske tilleggsundersøkelser i Reinheimen Oppland fylke*. Miljøfaglig Utredning, rapport 2001:12
12. Jordhøy, P. 1997. *Villreinen*, s 50 – 57
13. Mølmen, Ø. 1986. *Jakt og fangst i Lesja*. Lesja kommune.
14. Nemnda for byggeskikk i Norddal/Stordal/Stranda. 1998. *Byggeskikk og estetikk. Råd om planlegging*.
15. Norsk ornitologisk forening v/Jon Opheim. 2001. *Verneplanområdet Reinheimen. Sammendrag av ornitologisk registreringsarbeid innenfor Oppland fylke*.
16. Norsk ornitologisk forening avd. Oppland 1998; *Fugler i Oppland*.
17. Sollid og Sørbel. 1981. *Kartlegging av skred i Møre og Romsdal v/fylkesgeologen og NGU*.
18. St. meld. nr. 39 (2000-2001) *Friluftsliv - Ein veg til høgare livskvalitet*
19. Teigland, J. 2000. *Villreinerådet sin rapport "Betydningen for samfunnet av å ha villrein i fjellet"* s. 48-52 Vestlandsforskning
20. Ålesund og Sunnmøre turistforening, *Årsmelding 2007*.
21. "Jakt og fangst i Norddal" og "Setrar i Norddal".

Andre utredningar:

- Naturmiljø, friluftsliv og hytter og buer i fjellet. *Miljøfaglig utredning AS, 01.11.03*
- Motorferdsel i utmark, drift og vedlikehald m.v. av vegar, drift og vedlikehald av kraftverk, Forsvaret sin øvingsaktivitet. *Miljøfaglig utredning AS, 15.07.03*
- Landbruk. *Jordforsk, rapport nr. 39/02, 12.12.02*.
- Kulturminne. Møre og Romsdal fylkeskommune. *Oppland fylkeskommune, desember 2003*.
- Reiseliv og miljøbasert reiselivsutvikling. *Østlandsforskning. 28.01.01*
- Lokal forvaltning og identitet. *Østlandsforskning, 10.06.2001*.
- Forvaltning av Reinheimen og lokal kulturell identitet i Nord-Gudbrandsdalen. *Sæbjørn Forberg, 20.08.01*.



12 Liste over tabellar

Tabell 1. Arealfordelinga (km ² og %) mellom kommunane og verneområda (jf kart nr 1):	6
Tabell 2. Overnattingar i Tafjordfjella. (ÅST 2007/2008)(* p.m. DNT).....	32
Tabell 3. ÅST /DNT Oslo og Omegn sine ruter.(Reinheimen nasjonalpark), jf temakart nr 2 og3.	40
Tabell 4. Turisthytter.....	41
Tabell 5. ÅST /DNT sine ruter.(Tafjorden – Reindalen landskapsvernområde), jf temakart nr 2 og 3	59
Tabell 6. ÅST /DNT sine ruter.(Trollstigen landskapsvernområde), jf kart nr 4 og 10.	73
Tabell 7. ÅST /DNT sine ruter.(Romsdalen landskapsvernområde), jf kart nr 4, 5 og 10.	92
Tabell 8. Oversikt over bygningsmasse på setrar i Finndalen landskapsvernområde	125
Tabell 9. Vatningsanlegg i Skjåk.....	141
Tabell 10. Vatningsanlegg i Lom.	141
Tabell 11. Vatningsanlegg i Vågå.....	142

Vedlegg

1. Verneforskrifter.
2. Delegeringsbrev.
3. Samarbeidsavtale KUR.
4. Utredning frå arbeidsgruppe for rolleavklaringFjelloppsyn/SNO, dagsett 20.10.00.
5. Avtale mellom SNO og Norsk Allmenningforbund om offentlegrettsleg naturoppsyn og andre feltoppgåver SNO har ansvar for, dagsett 30.05.05
6. Oversikt over vatn med utsett fisk
7. Rundskriv frå Direktoratet for naturforvaltning, november 2009
8. Kart

Temakart 1

- ❖ Nedbørsområde som ikkje skal kalkast
- ❖ Masseuttak
- ❖ Oppstillingsplass caravan

Temakart 2

- ❖ Turisthytter
- ❖ Køyrespor barmark
- ❖ Veg med restriksjonar på bruk
- ❖ Lokal råk
- ❖ Merka turistråk, sommar

Temakart3

- ❖ Merka turistløype, vinter
- ❖ Preparert skiløype

Temakart 4

- ❖ Merka turistløype, vinter
- ❖ Preparert skiløype
- ❖ Veg med restriksjonar på bruk









(Steinbu, Muldalen. Foto: KUR)



(Leirungvatnet. Foto: KUR)

(Trykt)	ISBN 978-82-998358-0-0
(PDF)	ISBN 978-82-998358-1-7
(HTML)	ISBN 978-82-998358-2-4